

# MASTEROPPGÅVE

Master i barnehagepedagogikk

Mai 2019

## «Å VEKKE MONSTER TIL LIVE<sup>1</sup>»

*Nomadisk-eksperimenterande-spekulative lesingar av #UFORSVARLIG*

- *Ein post-kvalitativ studie*



*The mask; acrylic on canvas 100 x100 cm Kunstnar; Arjuna Geir Aasehaug*

Elin Førde

**OSLOMET**

**OsloMet – storbyuniversitetet**

Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier

Institutt for Barnehagelærerutdanning

---

<sup>1</sup> Tittelen er inspirert av Eileen Honan, David Bright and Steward Riddle sin artikkel *Bringing Monsters to Life Through Encounters with Writing* frå 2018.

## **VENGJER**

- *Koss fekk fuglen vengjer? Eit segn det meg sagde:  
som byrder dei vart uppå ryggen hans lagde.  
Men tolsamt han bar deim og aldri han klaga;  
då vekste dei fast og til vengjer seg laga.*
  
- *Vil byrdene trugen og tolsamt du bera,  
dei skal, fyrr du varest, til vengjer seg gjera;  
dei lyfter deg upp fra den trykkjande lægdi,  
og syngjande stig du som fuglen i hægdi<sup>2</sup>.*

*Anders Hovden (1860-1943)*

---

<sup>2</sup> Utdrag av diktet «Vengjer» av Anders Hovden frå «Dikt i utval», 1959.

## Innhald

FORORD .....	5
SUMMARY .....	7
SAMANDRAG .....	8
LESARRETTLEIING .....	9
<b>DETTE ER SAKEN!</b> .....	13
<b>1. KAPITTEL - TEORETISKE INNGANGAR MED HINT AV METODOLOGISKE INNSMETT</b> .....	15
Å SY FOLDESKJØRT: DELEUZE & ST. PIERRE OM «THE FOLD» .....	15
Å FABULERE OM MONSTER .....	17
NOMADISK-EKSPERIMENTERANDE-SPEKULATIVE INN -OG UTGANGAR .....	18
THE NOT YET .....	20
Å TENKE PÅ KROPP; KROPPAR MED – OG KROPPAR UTAN ORGAN: BwO .....	20
“ALL WE KNOW ARE ASSEMBLAGES” .....	23
EKSPERIMENTERANDE SKRIVEPRAKSISAR - CAP ETHNOGRAPHY .....	25
METODOLOGISKE SPEKULASJONAR .....	27
«STEMMENE» FRÅ KROPPEN .....	31
DELEUZE OG GUATTARI OM MAPPING .....	32
MAPPING AV HASJTAGG-KAMPANJAR SOM DAGSORDEN .....	33
LINES OF FLIGHT: .....	35
SPEKULARSJONAR OM SPINDEL(-VEV) .....	35
EIN FORSKARPOSISJON ‘IN-THE-MAKING’ .....	36
DELEUZE OG KATTEN MIKIS: IMMANENSFILOSOFI .....	38
NOMADISKE REFLEKSJONAR: .....	39
“THE CRISIS OF REPRESENTATION”: POST-KVALITATIV FORSKING .....	41
HELSE (UHELSE) ASSEMBLAGE .....	45
MICHEL FOUCAULT LEVERER I BARNEHAGEN OG MØTER TANTE KNUT(E) .....	47
<b>2. KAPITTEL METODOLOGI</b> .....	49
EIN NOMADISK INTRODUKSJON TIL LESINGAR AV #UFORSVARLEG .....	49
«LYDEN AV NOEN SOM IKKE PRØVER Å LAGE LYD» .....	49
TO HISTORIER FRÅ #UFORSVARLEG .....	50
DET AFFEKTIVE SOM INNGANG TIL Å LESE MED EMOSJONELLE DATA .....	52
Å LESE MED «TRANSGRESSIVE DATA» AV ELIZABETH ADAMS ST. PIERRE .....	53
“Å VEKKE MONSTER TIL LIVE” .....	55
Å LESE MED MAGGIE MACLURE: .....	59
FORSKINGS-ETISKE DILEMMA OG VURDERINGAR .....	61

-Å-SY-SAMAN-FOLDAR-TIL-FOLDESKJØRT-.....	62
<b>3. KAPITTEL LESINGAR AV #UFORSVARLIG</b> .....	63
KVA SKJER I OG MED KLYNGELESINGAR? .....	75
Å LAGE EI NY HISTORIE VED Å EKPERIMENTERE MED FELLESTREKK.....	76
AVSNITT OG SETNINGAR SOM GJEV RESPONSDATA.....	79
EI NOMADISK FRÅFLYTTING .....	87
<b>4. KAPITTEL Å LESE FRAM YTRINGAR MED BAKHTIN</b> .....	88
<b>-EIT ETISK PERSPEKTIV</b> .....	88
EI KORT MAPPING AV YTRINGAR - BASERT PÅ BAKHTIN .....	88
ETISKE DILEMMA. DISKUSJON OG OPPSUMMERING KNYTT TIL YTRINGAR I #UFORSVARLEG.....	90
ULIKE typerASSEMBLAGEAV YTRINGAR I #UFORSVARLEG .....	93
KONSTRUKSJONAR AV BARN I #UFORSVARLEG .....	95
KONSTRUKSJONAR AV BARNEHAGETILSETTE I #UFORSVARLEG.....	96
KONSTRUKSJON AV BARNEHAGEN I #UFORSVARLEG.....	97
<b>5. KAPITTEL ANALYSE(R) OG DISKUSJONA(R)</b> .....	99
«BRØLET FRÅ NOKON SOM HAR PRØVD Å IKKJE LAGE LYD» .....	99
THEN, WHAT DOES THE MONSTER SAY? .....	109
EPILOG – “THE NORWEGIAN OMELETT” .....	111
POST SKRIPTUM.....	111
LITTERATURLISTE.....	112

## FORORD

Eg har mange å takke for at dette prosjektet no ser ut til å bli #FORSVARLEG landa.

Mest av alt vil eg takke rettleiaren min, dosent i barnehagepedagogikk ved OsloMet Storbyuniversitet, dr. philos. *Ann Merete Otterstad*, som ved å introdusere meg for Deleuze sin forskjellsfilosofi og prosessontologisk tenking, har utvida den måten eg tenker om verda. Eg takkar henne av heile mitt hjarta for den storarta inspirasjonen!

I vår første Skype-rettleiing hugsar eg at Ann Merete sa til meg:

*«Av og til Elin, er forskning nettopp det man ikke tenker på som forskning».*

Ord av gull, og eg vil bere dei med andakt med meg inn i framtida.

Eg må også takke min kjære *Jon-Arve*, for tolmodet dei siste åra. Han har nok meir enn ein gong trudd at sambuaren hans har blitt forvandla til sjølvaste Virginia Woolf<sup>3</sup>. Ikkje reint så sjeldan har lukka meg inn på kontoret med skriving i timesvis, og når eg endeleg kjem ut derifrå er eg nok høveleg småfjern og pratar om diverse som gjerne kan synast litt «luftig».

Eg vil også takke alle som har gjort det mogeleg for meg å gjennomføre denne reisa. Eg meiner ikkje berre då «lesesalen min» Nettbuss, eller «min private jet til OsloMet» Widerøe, men også fleire ved institutt for pedagogikk på Høgskulen i Volda som har fått meg til å ta steget. Det er gjerne ikkje så rart at eg bevegar meg som ein nomade i dette prosjektet.

Eg takkar Torhild Høydalsvik for innføring i End Note, og Ingrid Førde og Geir Lillemark for lesing av korrektur. Ein stor takk må eg også rette til arbeidsplassen min Øyra barnehage, som har lagt så flott til rette for at eg kunne gjennomføre dette i det heile.

Så må eg få takke alle på OsloMet som har gitt meg to fantastiske år. Kanskje dei beste i livet! Å pendle frå Volda til Oslo i to år er enkelt når ein møter denne gjengen på masteren i barnehagepedagogikk. Ein spesiell takk til Jan Sverre Knudsen og Nina Winger som har lese til meg, og til Nina Rossholt og Anne Greve for støtte til å publisere egne tekstar i barnehagefaglege tidsskrift.

Utan tak over hovudet ville dette også blitt kostbart. Eg er evig takksam til systrene mine Stina, Ingrid og Bernard, som har vore vertskap og godt selskap under denne epoken i hovudstaden, og eit djupt bukk til min medstudent Johnny Jaswe Hyuhn som har overført førelesingar på Skype når eg ikkje har

---

<sup>3</sup> Virginia Woolf (1882 -1941) britisk forfattar. Truleg mest kjend for romanen «Mrs. Dalloway» (1925).

hatt høve til å reise. Takk til medstudent Line Ottesen Bjærke som var opponent under måndagsseminaret, og til Hanna Førde for kaffi og koselege slektstreff på Fyrhuset!

Og så må eg for all del ikkje gløyme, min sjølvutnemnde medforfattar; katten min Mikis. Utan deg Mikis...- ja, kven skulle elles fått meg til å sjå opp frå tastaturet, og gnidd seg hoppande inn mot meg når eg kjem heim frå hovudstaden med den gule trillekofferten min.

Til slutt, applaus til aksjonsgruppa Barnehageopprøret som så raust har delt alle historiene med meg, og gjort det mogeleg å gjennomføre dette masterprosjektet.

Tusen takk, alle!

Volda; mai 2019

**Elin Førde**

&

**Mikis**

Masterstudent

«Masterkatt og medforfattar»

ved OsloMet, Storbyuniversitetet.

*Til minne om*

*«Åkrebesten» min Ivar, og svigerforeldra mine*

*Ragnhild og Tor, som har tatt farvel i løpet dette året.*

## SUMMARY

*This Post-quality study is based on the readings of an early childhood campaign “Barnehageopprøret” which appeared in Norway in 2018 as a revolt to the new law on manning. Kindergarten teachers and others with connection to kindergarten have written texts about their experience from their daily life and sent them to Barnehageopprøret, named #uforsvarleg, which may be translated to #unjustifiable. This revolt is in many ways a #campaign. Their voices are frustrated, angry and worried, and many of these sad stories have been published in the Norwegian newspaper called “Dagsavisen”, and in the campaigns group on Facebook.*

*My readings of the material are based on the philosophy of Deleuze & Guattari which have introduced the term “the fold”. The fold is making it possible to read this material with speculative, nomadic experimentation and the readings itself are conducted by using terms from Bettie St. Pierre’s “transgressive data” and Maggie Maclure’s “wonder, glow and silence”.*

*The study will conclude with an analysis by Michel Bakhtin, the Russian linguist scientist, and with his theory of utterance, to look further at ethics in these texts from kindergarten daily life. Deleuze’s term “assemblage” is central in this study. By using assemblages, we can look further into what constellations and network these stories yields.*

## SAMANDRAG

*Denne postkvalitative studien er basert på lesingar av det norske Barnehageopprøret og kampanjen #uforsvarleg sine tekstar publisert i Dagsavisen, og på Facebook. Tekstar sendt inn av profesjonsutøvarar i barnehagane som skildrar sin barnehagekvardag. Studien bygger på filosofien til Deleuze & Guattari, og ved å ta utgangspunkt i omgrepet «the fold», vert det mogeleg å bruke spekulative, eksperimentelle og nomadiske fråflyttingar som tilnærming til lesingane. Det hender forskjellig på ulike nivå og parallelt gjennom studien: Lesingane av #historiene er gjort med meir konkrete reiskapar, mellom anna med «transgressive data» henta frå Elizabeth St. Pierre og «wonder, glow og silence » av Maggie MacLure. Fleire dilemma dukkar opp og lesingane som fører ein til ei etisk analyse av den russiske språkforskaren Michel Bakhtin. Deleuze sitt omgrep «assemblage» er sentralt gjennom studien, og er med på å synleggjere ulike samansetningar som trer fram gjennom lesingane.*



# LESARRETTLEIING

~ å leie inn i retrospekt ~

## I ENTREEN

- *Til deg som står på dørkarmen min. Kom inn! Du er alt ein del av dette forskingsprosjektet, eller assemblaget<sup>4</sup>. Den franske filosofen Gilles Deleuze (1925 -1995) hevdar at alt er «immanent»; samanvevd eller i midten, og slik er du og «alt i midten». Du er alt plugga inn. Du står alt midt i stova mi med begge føtene:*

*I “A Thousand Plateaus” (1987), seier Deleuze & Guattari:*

«A line of becoming has only a middle. The middle is not an average; it is fast motion, it is the absolute speed of movement. A becoming is always in the middle; one can only get it by the middle. A becoming is neither one nor two, nor the relation of the two; it is the in-between, the border or line of flight or descent running perpendicular to both” (Deleuze & Guattari, s. 293).

*Eg vil starte med å spekulere: Må ein skrive ei innleiing?*

*I dette prosjektet har det vore viktig for meg å røre på meg som ein nomade. Nomadar bevegar seg ofte i opne landskap. Lat oss seie at eg no går ut av prosjektet, eg de-territorialiserer meg sjølv. Eg eksperimenterer med å gjere meg framand for å skrive ei innleiing:*

*On not writing an introduction.....<sup>5</sup>*

*“On not writing an introduction...*

*This text is an...*

*In this project we attempt to...*

*The aim of this readings is to....”*

*Fritt etter Honan, E., David Bright and Stewart Riddle (Riddle, 2018).*

---

<sup>4</sup> Assemblage er eit omgrep henta frå Gilles Deleuze, og tyder kort forklart nettverk eller samansetning.

<sup>5</sup> Denne innleiinga inneheld eit frampeik om ein diskusjon om vil komme. Ein diskusjon rundt det Deleuze kallar for ein større og ein mindre litteratur. Diskusjon er ikkje primært avgrensa knytt til analysen.

*Slik ville starten på dette prosjektet stå fram dersom eg let vere å skrive ei innleiing, men eg veit av erfaring at eg sjølv likar å bli leia inn i det ukjende. Ha nokon å halde i handa. Elles kan det fort bli for mykje famling og gjetting. Difor vel eg å returnere til det opphavlege standpunktet eller med Deleuze, det opphavlege assemblaget, der eg skriv ei lesarrettleiing til deg i retrospekt. Berre slik vil du ha føresetnad for å kunne forstå og sjå delar av konstruksjonane av forskings-assemblaget mitt, og forstå kva eg har gjort med tekstmaterialet eg har møtt, kjent og følt på ved å bruke min eigen forskarkropp:*

\*\*\*

Tekstmaterialet i denne studien er henta frå Dagsavisen<sup>6</sup> og direkte frå aksjonsgruppa som kallar seg Barnehageopprøret. Dei har sendt meg 365 historier frå kampanjen #uforsvarleg<sup>7</sup> som starta på nyåret i 2018. Nokre av historiene tilhøyrande kampanjen vart tidleg publisert på Facebook, skrivne og sendt inn av profesjonsutøvarar med tilknytning til barnehageyrket, foreldre og barnehagelærarstudentar.

Det pirra nyfikenheita mi, og det var slik eg oppdaga dei. Eg synest det var noko spanande med desse historiene som hevda at der finns ein «taushetskultur» i barnehagane. Kva ville tre fram dersom eg gjorde lesingar av dei? Slik byrja eg å fabulere:

- Korleis skulle eg møte alle desse spanande og litt kontroversielle historiene, og eg spekulerte på korleis eg kunne bruke kreativiteten min i møte med datamaterialet, på skjerm og papir.

Eg hadde tidlegare lese ein artikkel av forskaren Elizabeth Adams St. Pierre<sup>8</sup> der ho under ein forskingsprosess nytta ein eksperimentell skrivemetode. Langs med forskingsprosjektet skreiv ho fram opplevinga av å vere delaktig i forskingsprosessen. Ho skreiv fram sin eigen skriveprosess.

Denne artikkelen skulle bli mitt første «reiskap» i møte med desse historiene. Artikkelen bygger mellom anna på det emosjonelle, eller «transgressive data», frå forskaren sitt møte med sine informantar i forskingsprosessen. Slik vart det etterkvart klart at eg måtte bruke meg sjølv som profesjonsutøvar som ein del av prosjektet i møte med materialet og historiene eg skulle lese, som kjem frå barnehagefeltet.

Eg brukar spekulasjon (Haraway, 2016) som ein inngang, og i starten spekulerte eg mykje på kva som ville tre fram i lesingane dersom eg bygde prosjektet på *ulike typar lesingar med ulike reiskapar*.

---

<sup>6</sup> Lenkje\_ <https://www.dagsavisen.no/>

<sup>7</sup> Aksjonen sitt opphavsleg (sær-)namn er #uforsvarlig (bokmål). Eg har i dette prosjektet valt å omsetje det til det nynorske #uforsvarleg med nokre få unntak; i direkte sitat; framsidetittel og eit utval kapitteloverskrifter.

<sup>8</sup> (St. Pierre, 1997b). Eg går meir grundig inn i omgrepet transgressive data i kapittelet metodologi.

Eg landa slik på å gjere lesingar med omgrep frå forskarane: Elizabeth A. St. Pierre (St. Pierre, 1997b) og Maggie MacLure (MacLure, 2013b) som begge bygger på Deleuze.

Undervegs byrja eg å spekulere:

- *Kva vil tre fram dersom eg eksperimenterer og les historiene med ulike reiskapar, og:*
- *Korleis vil dei virke på meg, som er barnehagelærer, og som ein BwO (kropp utan organ<sup>9</sup>) i dette assemblaget?*

Slik vart dette til ein postkvalitativ studie, som bygger på ein prosessontologi (Andersen, 2015) og via eit eige kapittel, der eg reint impulsivt innfører ulike omgrep og eksperiment langs med for å sjå korleis dei verkar på meg. Dette er tufta på Deleuze sin «forskjells-filosofi» som er min vitskapsteoretiske ståstad. Gilles Deleuze brukar fleire omgrep i sin filosofi som for meg med mange års erfaring frå feltet, lett kan relaterast og overførast til ein barnehagekvardag.

Inspirert av St. Pierre, brukar eg blant anna med omgrepet «*the fold*» av Deleuze, eksperimenteringar som ei forstyrning inn mot datamaterialet. For å kunne sjå kva emosjonar historiene produserer i meg som barnehagelærer, har det også vore naudsynt for meg å gå inn i omgrepet *affekt*.

Deleuze gjev meg ved omgrepet «*lines of flight*», fluktlinjer, høve til å flytte meg som ein nomade og gå inn og ut av skriveprosessen slik eg lystar. Difor har eg ved bruk av «*livsfasar*» skrive fram progresjonen i skriveprosessen min langs med som ein lineær prosess, der eg deler tankane mine rundt lese og skriveprosessen.

Studien er i stor grad metodologisk. Alt frå første side brukar eg eksperiment og eksperimentelle inngangar til lesingane som skal komme. Deretter utvidar eg stadig og introduserer til dømes ulike omgrep av Deleuze med fleire, *langs med*.

Når ein eksperimenterer kan der oppstå underlege ting, og ved *nomadiske fråflyttingar*<sup>10</sup>, oppdagar eg ulike *kroppar både med og utan organ*<sup>11</sup> som dannar ulike samansetningar eller assemblage. Assemblage-omgrepet har ein sentral posisjon i denne studien. Alt tidleg i prosessen møter eg ein følgjesvenn, eller ein maskot, som følgjer meg gjennom prosjektet.

Når eg gjer lesingar av #uforsvarleg, gjer eg det fleire måtar, og med ulike reiskapar. Eg brukar tekst og utdrag frå historiene, for at det skal bli mest mogeleg transparent, og for at det skal vere mogeleg

---

<sup>9</sup> Omgrepet BwO vil eg gå grundig inn på i kapittelet «Å tenke på kroppar...» side 20.

<sup>10</sup> Sentralt hjå Deleuze er å sjå på subjektet i flyt «flow», eller i bevegelse, slik introduserer han tankar om korleis subjektet kan bevege seg som ein nomade, jf. «A Thousand Plateaus» frå 1987.

<sup>11</sup> Ein kropp utan organ, eit nyord av Deleuze også vist til som BwO. Sjå side 20.

å følgje med på kva eg gjer. Nokre av ytringane som trer fram, skaper nokre dilemma og gjer etter kvart at eg har eit eige kapittel der eg går nærare inn i det etiske aspektet ved #kampanjen. Det gjer eg ved å gå til den russiske språkforskaren *Michel Bakhtin (1895 -1975)*. Bakhtin vert som eit resultat «av dilemma» ikkje introdusert før i kapittel 4.

Avslutningsvis går eg inn i analysen med filosofen *Jaques Derrida (1930 – 2004)* sitt omgrep «*the absent presence*», med diskusjonar rundt det historiene produserer, det som trer fram, og korleis kampanjen kan verke *affirmerande* for barnehagefeltet.

Omgrepet *affirmativt* blir gjerne brukt i ein samanheng der ein ser på om kor vidt noko kan *bidra til noko meir*, kontra verkar reduserande (Otterstad, 2018a, s. 265).

*Kort summert opp, så skjer det mange ting parallelt:*

Først går eg inn i historiene og materialet ved å køyre ulike diskusjonar *på eit overordna teoretisk nivå*. Langs med kjem der som «*lines of flights*», eksperiment. Eksperimenta vil ein møte som til dømes eit dikt, ei forteljing, ulike tekstuttrykk, fargar<sup>12</sup> tanke-eksperiment, innsikt i skriveprosessen og diskusjonar. Eg nyttar også bilete for å sette i gang tankane hos lesaren - eller for å understreke noko.

I metodologikapittelet går eg så *ned på eit mikronivå*, og gjer lesingar av historiene med meir konkrete reiskapar av MacLure og St. Pierre, før eg gjer ei etisk *mapping* ved å bruke Bakhtin, som deretter munnar ut i ein analyse.

---

<sup>12</sup> Det er med fordel at dette avhandlinga vert lese i fargar. Elles vil sentrale moment kunne gå tapt.



DATO: 04.04.2018. TEKST OG FOTO: ELIN FØRDE

## DETTE ER SAKEN!<sup>13</sup>

**SJOKKSAK: Tilsette i barnehagane hevdar dei kan vere åleine med over 20 barn, store deler av dagen. Barn forsvinn, og barn går åleine fleire timar i strekk utan stell i landets barnehagar!**

*Ingress: Den siste tida har det til avisa Dagsavisen komme inn ei lang rekkje historier frå barnehagelærarar og andre sentrale personar med tilknytning til barnehagemiljøet, som skildrar uverdige forhold ved fleire av landets barnehagar. Historiene skildrar eit uforsvarleg og lite barnevenleg miljø der barn går åleine utan tilsyn store delar av dagen. Fleire tilsett seier til avisa at behovet for meir bemanning er skrikande, og artikulasjonen og ytringane i historiene er prega av eit enormt sinne og raseri.*

---

<sup>13</sup> Dette er eit fiktivt avisinnlegg tilbake til 04.04.2018 inspirert av headingar i tablåide aviser basert på mi oppfatning av saka, og skrive av meg. Fotografiet er ein collage av overskriftene til kampanjen i Dagsavisen. Eg brukar «dottar» for å liste opp og markere ulike fakta avisa «har fått kjennskap til».

### Nokre fakta avisa har fått kjennskap til:

- Fleire av desse historiene som ser ut til å strøyme på, skal vere initiert av ei aksjonsgruppe som kallar seg «Barnehageopprøret». Den skal ha blitt stifta som ein reaksjon på innføringa av den nye bemanningslova som er på trappene 1. august 2018. Aksjonsgruppa, som også opererer på Facebook, kritiserer lova som dei meiner er for svak, og ynskjer å legge press på styresmaktene for å kunne ei betre norm enn det som no ligg føre.

- I Barnehagelova § 18 som no er på trappene heiter det:

#### **«§ 18. Grunnbemanning**

*Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.*

*Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.» (Barnehageloven, 2005).*

- Aksjonsgruppa Barnehageopprøret er i harnisk over dette. Dei seier det nye forslaget svarar til den malen som vert bruk i barnehagane i dag, som dei hevdar har store manglar. Den seier blant anna ikkje noko om kor vidt bemanninga skal gjelde heile dagen og tek heller ikkje høgde for kor mange timar barnehagelærarane er på saman med barna gjennom ein barnehagedag. Barnehagelærarane i aksjonsgruppa seier sjølve at store delar av dagen kan gå til møteverksemd. I tillegg har dei ubunden tid til pedagogisk planlegging 45 min pr. dag der dei er borte frå avdeling. Den nye bemanningslova seier heller ikkje noko om kor vidt ein pedagog som går ut av avdeling, skal erstattast av ein annan pedagog.
- «Barnehageopprøret» seier at intensjonen mellom anna er å få inn flest mogeleg historier om den uforsvarlege kvardagen mange barn og barnehagetilsette opplever, for å bryte med den «*taushetskulturen*» som rådar rundt bemanningssituasjonen dei meiner rådar i barnehagesektoren. Deretter vil dei overlevere desse i eit samla eksemplar til den nye kunnskapsministeren Jan Tore Sanner.

Avisa følgjer saka tett.

# 1. KAPITTEL - TEORETISKE INNGANGAR MED HINT AV<sup>14</sup> METODOLOGISKE INNSMETT

*I denne teoridelen vil eg presentere ulike eksperiment og inngangar til lesingane av historiene i #uforsvarleg kampanjen. Dette er eit metodologitungt prosjekt der eg eksperimenterer og følgjer nomadiske speulasjonar, slik vil ein kunne oppdage innsmett av metodologi på veggen.*

## Å SY FOLDESKJØRT: DELEUZE & ST. PIERRE OM «THE FOLD»

Ved å installerer<sup>15</sup> seg med Deleuze sitt omgrep «*the fold*», freistar den amerikanske forskaren *Elizabeth Adams St. Pierre* å problematisere den allmenne oppfatninga av kva som produserer kunnskap og/eller korleis den blir til (St. Pierre, 1997b, s. 175).

*Gilles Deleuze* har eit heilt eige omgrepsapparat i sin filosofi og han brukar omgrepet «the fold» som eit verktøy for å kunne bryte med vande tankemønster (Deleuze & Guattari, 1987, s. 4). «The fold» er meint som ei forstyrning, og hevdar at: «the fold» er som «the inside as the operation of the outside» (Deleuze i St. Pierre, 1997b, s. 178).

Ved å bruke «the fold», seier Deleuze, kan ein som når ein nyttar “*William Burroughs’s cut-up method: the folding of one text in to another(...)*” (Deleuze & Guattari, 1987, s. 4). Denne metoden opnar for å kunne eksperimentere med «å folde ein tekst inn i ein annan». Slik meiner Deleuze det kan førekome at ein opplever at det skjer noko eller ein ser noko (nytt), som ein elles kanskje ikkje ville sett.

St. Pierre (1997) hevdar i artikkelen «*Methodology in the fold and the irruption of transgressive data*», at ho under intervjuprosessen brått kjende seg som ein del av informantane i forskingsprosjektet sitt. Det var slik ho oppdaga kor viktig det var å skrive fram den totale opplevinga, - for all skiving som ho uttrykkjer det «*er ei kontinuerleg pågåande datainnsamling*» (s. 408).

St. Pierre viser i denne samanheng til Deleuze, som seier: «What always matters is *folding, unfolding, refolding*” (St. Pierre, 1997b, s. 178) noko som peikar tilbake på hennar eigen subjektivitet og forskarposisjon, som ho ser på som eitt, eller immanent i si forskning.

---

<sup>14</sup> «Med hint av» er eit uttrykk eller ein terminologi mykje brukt i vinsmaking, for å seie noko kva smakar ein kan finne innslag av i ulike typar vinsortar. Til dømes, tobakk, eple, eller lakris. Kva aroma denne studien har med hint av, vert opp til din gane som lesar å smake deg fram til.

<sup>15</sup> Eg brukar uttrykket «å installer meg med» då Deleuze hevdar at alt er immanent. Eg er ein del av omgrepet.

Liselott Mariett Olsson fortel i «*Movement and Experimentation in Young Children's Learning*» (2009) ei historie knytt til Deleuze då han under prosessen med å skrive «*The Fold, Leibniz and the Baroque*» opplevde å få tilsendt ei mengde brev frå folk som heldt på med papir-bretting og som hevda at det han skreiv om, var akkurat det dei heldt på med. Og ikkje nok med det, han fekk også brev frå surfarar som skreiv til han at når dei var ute på bølgene så opplevde å vere på innsida av bølgjene samstundes med at dei også var på utsida (Olsson, 2009, s. 212).

Deleuze har og eit omgrep som kan knytast til dette og det har han har gitt namnet *haecceity*. Det definerer han som eit assemblage der subjektet ikkje er skilt (ut frå), men er ein del av til dømes objekt, tid eller rom (Deleuze & Guattari, 1987; St. Pierre, 1997a, s. 412). Dette omgrepet er igjen nær knytt opp til Deleuze sin immanensontologi<sup>16</sup>.

Ein kan gjerne tenke seg eit foldeskjørt, som med sine foldar, lag på lag har ei innsida og ei utsida som er bretta inn og ut, der alle laga kan verke som «forstyrningar» eller som her, eksperimenteringar med ulike lag ein kan brette inn og ut igjen og om ein annan. Når ein så får sydd det saman vil det til slutt vil dette utgjere eit ferdigsydd skjørt ein kan svinge seg med, der innsida og utsida av foldane er ein del av det same skjørtet.

---

<sup>16</sup> Om immanensontologi, side 38.



## Å FABULERE OM MONSTER

Eg trur at alle stundom kan vere litt redde for monster. For monster kan vere så mangt. Eg har ofte sett både begeistring og ærefrykt i barn sin omgang med monsterleik i barnehagen. Når eg tenke på monster, kjenner eg at omgrepet produserer spenning. Monster kan vise seg på seg på ulike måtar. For meg er dei store og farlege. Monster triggjar meg, og får meg til å undre. Undre på noko stort. Som dette prosjektet<sup>17</sup>. Monster får meg først till å bli litt engsteleg, og deretter produserer det undring. Det som skjer i dette mellomrommet er affektivt.<sup>18</sup> I dette mellomrommet spekulerer eg stort på kva som vil møte meg i lesingane. Eg spekulerer stort på kva historiene vil produsere i meg. For å kunne gå inn i lesingane med spekulasjon, vil eg som Deleuze og Guattari *eksperimentere*:

*Experimentation. Where psychoanalysis says, "Stop, find your self again," we should say instead, "Let's go further still, we haven't found our BwO yet, we haven't sufficiently dismantled our self." Substitute forgetting for anamnesis, experimentation for interpretation. Find your body without organs. Find out how to make it. It's a question of life and death, youth and old age, sadness and joy. It is where everything is played out (Deleuze & Guattari, 1987, s. 175).*

Framfor meg har eg ein stor bunke med historier frå barnehagekvardagen. Det som set i gang denne fabuleringa om monster, er det harmen, sinnet og raseriet eg har observert i desse historiene som ligg ute på Facebook. Så ved bruk av Donna Haraway sine tankar om *monsterløfter* (1992) og *spekulative fabuleringar eller SF* (2016, s. 10-12) har eg slik ein inngang til å eksperimentere med lesingane.

Formålet med lesingane er ikkje på noko vis meint å skrive fram «ei sanning» med to strekar under rett svar. Formålet med dei spekulative fabuleringane er derimot meint som ein metode for å få fram korleis historiene *verkar på meg som lesar*<sup>19</sup>. Forskarposisjonen min som profesjonsutøvar vert til «in-the-making», eller til undervegs, som ein del av prosjektet i barnehagefeltet (Manning, 2009, s. 5).

Når eg undersøker historiene ved bruk av spekulative fabuleringar og eksperimentierende metodar, kan eg vere med på å re-konstruere eller fortelje desse historiene på nytt (Lafton, 2018, s. 100).

<sup>17</sup> Eg referer gjerne til masteroppgåva som prosjektet, studien eller avhandlinga.

<sup>18</sup> Eg kjem tilbake til omgrepet *affekt*.

<sup>19</sup> Erin Manning brukar uttrykket «in – the – making». Sjå eige avsnitt om forskarposisjon.

Å fabulere gjev meg ei sitrande kjensle av spenning, for ein kan aldri vite kva som vil tre fram i eit prosjekt, eller: «korleis fuglen fekk vengjer».

## NOMADISK-EKSPERIMENTERANDE-SPEKULATIVE INN -OG UTGANGAR



*The mask; acrylic on canvas. Copyright: Arjuna Geir Aasehaug<sup>20</sup>.*

Bilete over har tittelen «*The mask*», og er måla av kunstnaren *Arjuna Geir Aasehaug*. For meg er ikkje dette berre eit bilete – for meg er «*The mask*» sjølve designet i dette prosjektet. Ein av dei tre inuittane nede til venstre er meg. Landskapet er ope og sjevande. Landskapet er det Deleuze kallar «smooth places» (St. Pierre, 1997c).

Saman med dei andre inuittane bevegar eg meg i det kjende og ut i det ukjende. Eg går akkurat der eg vil, fram og tilbake, der er ingen hindringar. Ved å bruke Deleuze kan eg lett gjere *nomadiske fråflyttingar* under arbeidet (Deleuze & Guattari, 1987). Eg kan installere meg ulike nomadiske posisjonar og gå inn og ut slik eg lystar. Eg kan bli ein kommentator på sidelinja og eg kan posisjonere meg midt i – saman med dei andre inuittane.

Inuittane løfter andletet oppover mot den store kvalen som svevar over dei. Kva dei *eigentleg* ser kan vi berre spekulere på. Ein av dei har på seg maske. Når eg ser på maska ser eg at det det er noko der

---

<sup>20</sup> Publisert med løyve frå kunstnar. Dette biletet i sitt opphavlege form, er seinare endra av kunstnaren.

eg ikkje kan vite. For meg symboliserer denne maska det ukjende. Der er enno noko ein ikkje veit. Inuitten med maska har eit skremmande uttrykk som kan skape frykt.

Kven veit kva som kan møte meg. Det kan vi berre spekulere på. Kan kvalen vere eit monster? Redsla får meg til å legge inn *spekulative fabuleringar* langs med lesingane.

*Langs med*, vert slik eit mellomrom eg kan spele med/i/på. Spekulative fabuleringar er for å sitere Tove Lafton «ikke fri fantasi, men oppstår som en kraft ut frå allereie kjent kunnskap og handling når fokuset legges på hva som aktiverer noe nytt hos andre» (Lafton, 2018, s. 102).

Deleuze og psykoanalytikaren Felix Guattari, er mi vitskapsteoretiske forankring, og Deleuze brukar begrepet «the fold» som eit reiskap for å kunne bryte med vande tankemønster (Deleuze & Guattari, 1987, s. 4). «*The fold*» er meint som ei forstyrring ein kan legge inn for å kunne sjå noko ein elles ikkje ville sett, og i lesingane av #uforsvarleg vil eg komme til å legge inn ulike former for *eksperimenteringar* som ei slags forstyrring.

Eksperimentering vil seie å «prøve ut nye handlinger, metoder, teknikker, og kombinasjoner utan et spesifikt mål» (Andersen, 2015, s. 312). Slik vil eksperimentering komme til å henge tett saman med mi spekulative fabulering på veg inn i dette ukjende landskapet.

Ulike tekstuttrykk er til dømes ei form for eksperimentering som vil prege denne avhandlinga. Det ynskjer eg å gjere med det formål at eg er av dei som fryktar at språket kan bli for trongt om ein stadig reproduserer tekst på det same viset som ein alltid har gjort, som ein slags overordna korrektur. Særleg ser eg med otte på ein slik trend innan forskning. Eg er av dei som tenker at språket er i konstant utvikling og at det også må gjelde det akademiske språket. Det akademiske språket må vere med i tida. Til samanlikning er andre som eksperimenterer med ulike tekstuttrykk i akademisk skrivning mellom anna finske Riikka Hohti i si doktoravhandling «*Classroom matters: Research with children as entanglement*» frå 2016 (Hohti, 2016).

## THE NOT YET<sup>21</sup> ....

«What a body might become, how a body is received, already, ‘involves the nature of the human body’. In other words, our understanding of the constitution of the body impacts how we relate to, and ‘deal with’, the body. Consciousness shapes the possibilities we afford the body»  
(Spinoza in Hickey-Moody, 2013, s. 83)

Å TENKE<sup>22</sup> PÅ KROPP; KROPPAR MED – OG KROPPAR UTAN ORGAN: BwO.

- *Eg har tenkt det med min tanke: Gilles Deleuze og Felix Guattari. Kontra: Den humanistiske kroppen. Vidare tenker eg: Postmodernistisk kropp. Kva er/gjer/blir ein postmodernistisk kropp? BWO = Body without Organs. Kva er det? Kroppen min, hendene mine, hovudet mitt, tanken min vil gje lesaren ei forklaring<sup>23</sup>, skrive inn ei kjeldetilvising, men må ein eigentleg det? Kva med å eksperimentere litt med kropp først? Kva kan skje når ein bryt med og utfordrar logiske strukturar? (Otterstad, 2015, s. 29). Vakre kroppar, usynlege kroppar, kroppar som er opp ned, store kroppar, kropp medium, small. «Tante Knute»<sup>24</sup>: Kroppar som viklar seg inn i kvarandre.*
  
- *Eg likar å tenke at alt i dette eit prosjektet er ein kropp, eller mange kroppar. Som viklar seg saman, slik som i leiken «Tante Knute»<sup>25</sup> der ei gruppe barn viklar kroppane sine saman, for så å bli løyst opp av eit anna barn, som skal finne den logiske måten å løyse floken utan å*

<sup>21</sup> St. Pierre nyttar i artikkelen «Post Qualitative Inquiry in an Ontology of Immanence» omgrepet «the not-yet» for det som peikar framover, noko som skal eller kan skje. Not-yet er ein del av det Deleuze sin immanensfilosofi (St. Pierre, 2019, s. 2, 7).

<sup>22</sup> Dette er eit tanke-eksperiment. Difor nyttar eg «tankestrek» ved kvart avsnitt. Eg nyttar mange spørsmål, det er ikkje forskingsspørsmål som skal svarast på, det er affektive spørsmål som dukkar opp langs med som tankane mine nomadisk driv meg framover i prosjektet.

<sup>23</sup> Ei forklaring slik ein vanlegvis gjer i årsakssamanheng, årsak er lik verknad, med to strekar under rett svar.

<sup>24</sup> Tanke- eksperimentet gjer med eitt at Tante-Knute som er ein barneleik dukkar opp i mitt medvit.

<sup>25</sup> Dramaleiken Tante-Knute er også kalla Knutemor.

lage fleire knutar. Eg vil at prosjektet mitt skal vere ein slik KROPP<sup>26</sup>. Gjennom prosjektet mitt håpar eg å møte mange kroppar, mange kroppar med og utan knutar, som eg må eller kan løyse opp. Kanskje er eg nettopp det barnet som må vikle opp «Tante Knute»? Spinoza seier: “The idea of each way in which the human body is affected by an external body involves the nature of the human body” (Hickey-Moody, 2013, s. 83).

- Difor byrjar eg å spinne vidare på ordet tante: «Tante». Eit ord fylt av dikotomi, ei tante kan vere så kjær og heiderleg, men i barnehagesamanheng diverre eit ord knytt til skam. Eit ord som stigmatiserer mi yrkesgruppe: «Tante, tante, barnehagetante». Eg blir så sint av desse assosiasjonane. Sinnet fyller meg med affekt. Men aha, ja no tenker du at, er ikkje affekt og sinne akkurat det same? Då må eg spørje: Kor mange gongar har du ikkje høyrte uttrykket: «Det var gjort i affekt»? - Kva var gjort i affekt? Ofte kan ein relatere det til kriminelle lovbrøt, der den tiltalte gjerne hevdar han eller ho handla i affekt.

#### AFFEKT:

Spinoza (2001, p. 58) seier at affekt er: «an idea by which the mind affirms of its body, or any part of it, a greater, or less power of existence than before; and this increase if power being given, the mind itself is determined to one particular thought” (Hickey-Moody, 2013, s. 79).

- Slik kan ein forstå tankane mitt som ei kjensle, og sinnet<sup>27</sup> det som utvidar dette tankeprosjektet i affekt. Tankane mine driv vidare som nomadar i eit ope landskap<sup>28</sup>...  
Eg undrar meg:
- Kan tante vere ein kropp? Dei fleste vil nok tenke at ja, «tante» er/har ein kropp. Ein kropp med organ. Det er råd å forstå. Ein vanleg kropp. Vanleg kropp. Kva er det, og kvifor ikkje uvanleg kropp? Ofte assosierer ein uvanlege kroppar med ubehag, ein likar helst å tenke at kroppar skal vere normale og vanlege<sup>29</sup>.

<sup>26</sup> Brukar store bokstavar for å utheve/understreke poenget. Dette er eit trekk ved min skrivemåte du også vil finne igjen seinare i studien.

<sup>27</sup> Sinnet peikar tilbake på harmen i avsnittet over. Kan lett misstolkast som det mentale sinnet.

<sup>28</sup> Deleuze omtalar dette som «smooth places». Ein kan sjå føre seg eit ope landskap.

<sup>29</sup> Jamfør artikkelen til Hillevi Lenz-Taguchi og Anna Palmer 2015: «Flickors (o)helsa i skolans materielle-diskursiva miljøer -en agentisk realistisk analys».

- Deleuze og Guattari kan hjelpe til med å forstå at ein kropp kan vere så mangt. Kanskje tante kan vere det Deleuze og Guattari har kalla for *Body without Organs*, eller ein kropp utan organ?

BwO:

I «A thousand plateaus», seier Deleuze og Guattari:

*“People ask, So what is this BwO? -But your already on it, scurrying like a vermin, groping like a blind person, or running like a lunatic: desert traveler and nomad of the steppes. On it we sleep, live our waking lives, fight - fight and fought - seek our place, experience untold happiness and fabulous defeats; on it we penetrate and are penetrated; on it we love.” (Deleuze & Guattari, 1987, s. 174).*

Deleuze seier meg gjennom dette sitatet at «ei tante», som i dette tilfelle, alt er ein kropp utan organ, eller blir det og har alltid vore det; ein kropp utan organ.

I artikkelen «Å tenke med Deleuze og Guattari; Hva kan en posthuman kropp bli og gjøre i barnehagen?» poengterer Nina Rossholt (2015) ved bruk av Coffey (2012):

*«Deleuze og Guattari konseptualiserer kroppen utenfor en binær opposisjon, nettopp gjennom fokuset på tilblivelse (becoming), flyt og prosesser (...) Kropp er i denne konteksten ikke innskrevet som et humanistisk subjekt, men som en posthuman kropp som eksisterer i komplekse nettverk av menneskelige og ikke-menneskelige relasjoner og krefter (Mazzei, 2013)» (Rossholt, 2015, s. 214).*

Mazzei (2013) som vist til i sitatet over, utdjuar korleis Deleuze og Guattari nyttar konseptet BwO til å «describe an organism that is an assemblage of forces, desires, and intensities» (s. 734). Ut frå ei slik forståing kan det tyde på at «tante» som ein kropp utan organ, kan vere ei kraft, begjær eller faktisk rett og slett eit samansvevde nettverk (assemblage) nettopp av intensitetar. Det er eit omgrep som peikar fram mot noko som trer fram eller blir til, becoming, og tilblivelse som er heilt sentralt i Deleuze & Guattari sitt begreps-apparat (Deleuze & Guattari, 1987, s. 271).

Men kva vert så meint med eit assemblage, «an organism, that is an assemblage»?

## “ALL WE KNOW ARE ASSEMBLAGES”

*Eit assemblage* er eit omgrep henta frå Deleuze & Guattari og kan gjerne vere lettast å forstå som «ei samansetning» (Andersen, 2015, s. 25; Deleuze & Guattari, 1987).

Nic Fox (2011) gjev i artikkelen «The ill-health assemblage: «Beyond *the body-with-organs*» fleire døme på korleis ein kan forstå kva ein kropp utan organ kan vere. Fox hevdar at ein kropp utan organ alltid, med utgangspunkt i Deleuze og Guattari si ontologiske tolking, vil vere ein del av eit assemblage. Eit assemblage er å sjå på som *alle krefter som verkar inn på kroppen utan organ*, «pushing or pulling the body (more properly, the BwO) in one direction or another» (Fox, 2011, s. 363).

For å gjere konseptet assemblage meir forståeleg tek Fox utgangspunkt i den fysiske kroppen der eit kjent nettverk eller eit assemblage kan vere samansett av: *Organ-virus-immunsystem-symptom*, eller: *Organ-sjukdom-doktor-biomedisin-helseteknologi-dagleg ansvar og frykt* (s. 364). Det å bli sjuk, kan altså vere eit døme på eit assemblage der det opererer mange ulike krefter, kroppar med og utan organ og intensitetar. Der kan vere mykje som spelar inn når ein vert sjuk, noko av det har ein kontroll på, medan anna kan vere overlate til tilfeldigheter ein ikkje rår over. Til dømes kva behandling ein må ha, og kor langt den medisinske utviklinga er komen på dette feltet.

Deleuze & Guattari hevdar at «*all we know are assemblages*» (Deleuze & Guattari, 1987, s. 24). Det er ein mektig påstand. Eg har i kronikken *Mjuka verdjar finns ikkje berre hjå kvinner* (Førde, 2018b) i fagbladet Utdanningsnytt<sup>30</sup> problematisert det daglegdagse uttrykket «*dei mjuka verdiane*», som kan kaste lys over kva dei meiner. Uttrykket «mjuka verdjar» har eg i min yrkespraksis ofte høyrte omtalt som noko som er forbeholdt det kvinnelege kjønn. Barnehagane treng sårt fleire mannlege tilsette, difor finn eg slike kjønna framstillingar er problematiske. Barnehagen er ein kvinnedominert arbeidsplass og barn treng også mannlege førebilete. Eg brukar ikkje omgrepet assemblage, men eg gjer med denne kronikken eit forsøk på å synleggjere assemblaget som har skapt desse framstillingane og projisert dei over i barnehagen som institusjon.

Eg freistar å vise korleis ein i fellesskap, skaper det Deleuze kallar «den kollektive kroppen, eller BwO» ved å hevde at visse eigenskapar er forbeholdt kvinner, og set er lik teikn mellom desse eigenskapane og barnehage som institusjon.

Dette kan gjerne stå som eit døme på utsegna til Deleuze & Guattari og synleggjere korleis eit assemblage vert til: *Kvinne-mor-barn-omsorg-heim-mjuka verdjar-barn-barnehage-kvinnedominert*

*arbeid*. Formålet med kronikken er å gjere barnehagetilsette medvitne om at slike framstillingar *kan vere* til hinder i rekrutteringsprosessen av fleire menn til barnehagane.

Difor er det naturleg for meg at mine tankar under min skriveprosess bør komme fram som ein del av assemblaget i denne studien, som ein del av feltet og som ein del av assemblaget, ein kropp utan organ.



## EKSPERIMENTERANDE SKRIVEPRAKSISAR - CAP ETHNOGRAPHY

Å skrive fram den metodologiske prosessen, som St. Pierre mfl. praktiserer, kallar Laurel Richardson for *CAP ethnography*. CAP er ei forkorting for «creative analytic prosess» (Richardson & St. Pierre, 2005, s. 962). Når ein brukar denne metoden, opnar ein opp for å gje lesaren innsikt i skriveprosessen. Richardson (2005) er av den oppfatning at ein ikkje kan utelate skriveprosessen, slik det er meir vanleg i dagens praksis innanfor forskning og etnografiske studiar. Richardson meiner at; «the product can not be separated from the producer» (Richardson & St. Pierre, 2005, s. 962).

Eg tolkar Richardson dit hen at sjølve skriveprosessen alltid bør vere ein del av metodologien, nettopp fordi der undervegs i ein skriveprosess kan skje mykje som ein må ta omsyn til når ein held på med eit forskingsprosjekt. Særleg viktig blir dette i post-kvalitative studiar som gjerne blir sett på som «metodefrie» (St. Pierre, 2019, s. 1).

Richardson seier at «ho skriv for å finne (ut) noko, og for å lære noko som ho ikkje visste før ho hadde skrive det» (St. Pierre, 1997a, s. 408). Ho samanliknar det med lyset som fell på ein krystall. Når ein snur på krystallen kan ein sjå ulike brytningar, som skaper ulike fargar og mønster og avstøypingar som kontinuerleg går i ulike retningar (Richardson & St. Pierre, 2005, s. 963).

Jeanette Rhedding-Jones (2007) seier det slik: «It's very easy to have your research shaped by methodological norms, or have it distorted by normalized discourses because you are afraid of the consequences of doing research in "different" ways» (Rhedding-Jones, s. 213).

Med dette i botn, har eg *langs med lesingane* av historiene, valt å ta skrive fram min eigen skriveprosess. Eg kjem til å gå inn og ut av forteljingane, som ei form for fluktlinjjer, og med deleuziansk tankegang «lines of flight» (Deleuze & Guattari, 1987, s. 187).

Liselott Borgnon (2007) bygger på Deleuze & Guattari og skriv at fluktlinjjer oppstår når ein torer å bevege seg utanfor det territoriet ein vanlegvis oppheld seg i. Når ein «de-territorialiserer» seg; endrar ein på rutinar ein vanlegvis har, skiftar jobb, tek vidareutdanning, og liknande vil ein også re-territorialisere seg og vinne nytt territorium (Borgnon, s. 265).

Sidan min forskarposisjon gjer meg til ein del av prosjektet, kan ein kanskje sjå føre seg at eg er med som ein del av Tante Knut(e), i ulike *livsfasar*. Fluktlinjene speglar livsfasane til prosjektet gjennom kroppen til Tante Knut(e). Desse livsfasane har ei dobbelheit, livsfasane speglar også sjølve progresjonen undervegs i skriveprosessen. Slik er det med assemblage og BwO -dei glir umerkeleg over i kvarandre.

Når ein i eit prosjekt til dømes har ein kropp utan organ, seier Deleuze og Guattari at det som blir viktig, er at ein må eksperimentere for å i det heile ha mogelegheit til å finne/oppdage nytt land:

*«This is how it should be done: Lodge yourself on a stratum, experiment with the opportunities it offers, find an advantageous place on it, find potential movements of deterritorialization, possible lines of flight, experience them, produce flow conjunctions here and there, try out continuums, of intensities segment by segment, have a small plot of new land, at all times»* (Deleuze & Guattari, 1987, s. 187).

Akkurat slik vil eg følgje lyset og brytningane i krystallen. Brytningane og fargane som dukkar opp vil etter kvart kaste meg hit og dit, som bølger, eller som nomadar; på stadig vandring frå eitt land til eit anna. Etterkvart som eg går (her: skriv), vil eg som ein nomade bevege meg mot nytt «land»<sup>31</sup>.

St. Pierre brukar Deleuze & Guattari for å vise at nomadiske skrivemetodar liknar ei reise utan avgang og åtkomst (St. Pierre, 1997c, s. 370). Det omtalar Deleuze & Guattari som det å bevege seg i «smooth places». *Smooth places* kan ein gjerne best samanlikne med opne rom, som til dømes ein ørken, steppe, på sjøen eller i lufta. I slike opne rom er det lettare å de-territoralisere seg, enn i det dei kallar «striated», tverrstripa eller koda rom, der det alt er langt føringar for korleis ein skal te seg/bevege seg, og då her i overført tyding; korleis ein skal skrive. Koda rom eksempelvis vise til eit kvantitativt prosjekt, der mykje av det ein undersøker gjerne blir omgjort til tal, lagt inn under matematiske formlar og mange gonger presentert som statistikk (s. 369).

Ved å bringe inn mogelegheit til å røre på meg som ein nomade, gjer eg det og mogeleg for meg sjølv å sette meg på sida av prosjektet, eller gå inn og ut. Til dømes sette meg på skuldra, eller sjå lesingane frå eit fugleperspektiv. Lufta eller himmelen er eit «ope rom» det er lett å bevege seg i og kanskje sjå noko eg ikkje kunne sett «ved skrivebordet». Samstundes vil eg også lettare kunne oppdage forhold som er særdeles koda. Ein oppheld seg ofte i slike koda rom. Koda eller striadiske rom finn ein overalt. I denne avhandlinga er der mykje som skjer parallelt. Mange historier som skal lesast og skrivast, og på ulike nivå «folding, unfolding and refolding»<sup>32</sup>. Her er mange lag i dette foldeskjørtet. Det er ein føresetnad at «eg er ein nomade» og lett for å flytte på meg.

Eg skal i kapittel 2 gå inn i Deleuze si tolking av *eit større og eit mindre språk*, der til dømes ein måte å snakke på, ein sjargong, eller ei kutyme vere eit klassisk døme på koding. Før eg startar lesingane vil

---

<sup>31</sup> Likevel vil dette nye alltid vere underlagt premisser for korleis eg som forskar kan røre på meg. For å bruke eit bilete: Eg vil ikkje kunne klatre i havet, eg har alt valt nokre rammer for korleis eg skal bevege meg. Eg har alt valt fokus, og ein metodologi. Som forskar kan eg ikkje brått skifte tema i eit prosjekt når det gitt føringar for dette, men eg kan likevel følgje brytningar og boltre meg, eller med deleuzianske tankegang eksperimentere undervegs.

<sup>32</sup> Jamfør Deleuze, side 15 og side 26.

eg sjå nærare på om sjangeren historiene føyer seg inn under og språket som blir brukt, kan avspegle ei form for koding.

## METODOLOGISKE SPEKULASJONAR

*Eg legg her inn ei forstyrning ved å bringe inn metodologi knytt til skriveprosessen min. Denne prosessen har eg delt inn i livsfasar. Livsfasar er på mange måtar eit stort omgrep, men reflekterer her livsfasen min i progresjon parallelt med prosjektet sin framdrift.*

*Dette er på nytt eit brot, eller ei forstyrning, då ein i rein utviklingspsykologisk tenking ser på livsfasar og stadium som noko linjert noko som i det store og det heile eigentleg bryt med min eigen filosofiske ståstad. Innimellom skrivninga vil eg difor komme til å bevege meg til livsfasane med nomadiske fluktlinjer. Deleuze seier at alt er immanent<sup>33</sup> eller A LIFE, og det linjere vert slik ein del av dette immanente assemblaget.*

LIVSFASE<sup>34</sup> Korleis gjere eit utval.

Eg veit der ligg 365 historier eller narrativ frå barnehagekvardagen som ventar på å bli sett i system. Av nokon. Og nokon er denne gongen meg. Det gjev meg ei god forskarkjensle. Historiene ligg der alt, rett framføre meg. Eg kan boltre meg innanfor eigne premissar, men forstår også straks at eg umogeleg kan bruke alle. Og korleis skal eg då kunne gjere eit godt utval som ber preg av god systematikk? Det vil gjerne vere naturleg å tenke at ein plukkar ut «dei beste»; mest velskrivne eller kanskje i så måte, dei mest sjokkerande. Men kva er så dei beste? Kven skal definere kva som er dei beste? Eg som forskar? Nei, det går eg straks bort frå, då eg ser det som heller lite reieleg at eg som forskar skal sitte å vurdere og rangere dei som gode, middels, eller dårlege. Eg landar på ein mellomting. Eg startar difor med å gjere eit tilfeldig utval der eg tek ut ei historie for kvar tiande som er lagt ut. Slik får eg det best med meg sjølv, med forskarmedvit. Eg har laga meg eit slags tilfeldig system utan å ha definert kor vidt noko er av god eller dårleg kvalitet. Det som blir spanande vil uansett vere å sjå korleis dei kan verke på meg.

<sup>33</sup> Sjå meir utfyllande om immanens-sjå side 38.

<sup>34</sup> Skriveprosessen er delt inn i livsfasar med det utgangspunktet at alle kroppar har gått gjennom ulike stadium i livet. Eg brukar heilt bevisst utviklingspsykologisk stadietenking når eg skildrar skriveprosessen som livsfasar. Skrivefasen går frå fødselen eller oppstarten av prosjektet til død, eller her, der eg vel å avslutte prosjektet.

LIVSFASE Eg går i gang.

Eg startar med å søke opp forteljingane på nettsida til Dagsavisen. Der ser eg etter ei stund at også her ligg historiene usystematisert. Det fører til at eg må klikke meg inn på ei for å finne ein tilfeldig link til neste som gjerne ligg ute i høgre margen. Det gjer at dette tek litt tid. Eg trudde eg ville få opp alle linjert dersom eg søkte opp #uforsvarleg. Og kvifor skriv eg ut sidene? Kan eg ikkje berre lagre dei og lese dei på skjermen? Det hadde gjerne vore det mest fornuftige og eg ville spare både tid, papir og blekk, men eg føler behov for å halde historiene i handa. Kroppen min vil ta på dei. Eg opplever det som ei form for begjær. Når eg har dei i handa vert dei meir konkrete for meg. Dei vert nære, og eg kan halde dei inntil meg og skrive på dei med min eigen penn, styrt av min eigen kropp. Historiene vert meir taktile og sanslege og eg får betre oversyn. Difor skriv eg dei ut. Først dummar eg meg ut og skriv ut med farge. Det skjer eit par tre gonger, til eg har lært. Eg må også passe på at eg ikkje skriv ut for mange sider, då vert det fort tomt for blekk. Men eg beheld skriftstørrelsen. Det vel eg å gjere då eg opplever dette som viktige dokument.

LIVSFASE Forskarposisjon – grunnlaget for lesinga.

Ved å gå for eit litt mindre systematisert utval, så har eg indirekte tatt stilling til min eigen forskarposisjon i prosjektet. Vidare har eg tatt stilling til å lese med MacLure(2013b) sine omgrep «wonder» eller undring, som eg omset det med, for å sjå om det kan vere med på å opne opp for glødedata. Kva er så dette glødedata? Eg vil definere glødedata som det som kjem til, eller trer fram som nytt for meg. Eg vil og definere det som eit overraskande moment eller raude trådar som brått vert synlege.

Ved å bruke MacLure opnar ein for at glødedata kan vere affektive og emosjonelle data, det som rører meg under lesingane (MacLure, 2013b). Det kan og skje at eg vil komme til eit vendepunkt. Kan hende må eg byrje på nytt og/eller lese annleis? Bruke nye verktøy. Eg held meg til planen og startar med å lese med emosjonelle data skissert av St. Pierre (St. Pierre, 1997b).

LIVSFASE Eg les.

Eg les og vert overraska. Eg noterer analysen og tankane mine medan les og brukar pennen for å streke under viktige moment i tekstane, og for å notere i margen. Eg opplever lesinga som interessant og kjenner meg igjen heldig som sit på alt dette materialet som eg til no har fått forståing av at er upløgde mark. Eg avsluttar rett nok med å skrive ut fleire forteljingar, no ganske usystematisk. Eg fann det lett å lese og merka fort at eg hadde kapasitet til å ta ut fleire.

#### LIVSFASE EG LAGAR SYSTEM, TRUR EG

Eg lagar meg eit system i skivinga for å komme i gang. Startar med å skrive noko eg trur skal vere sjølve analysen, men som endar opp med å bli ein rein metodisk gjennomgang av skriveprosessen i fasar.

#### LIVSFASE NEI DET GJER EG IKKJE

Her kunne eg starta innskriving av analysen<sup>35</sup>, men eg er i tvil. Eg har mange tankar om dette prosjektet, og eg oppdagar at eg har ein god del å avklare før eg kan fokusere på innhaldet.

Eg må til dømes tenke meir over kven eg skriv til, kven som er mottakar eller lesar av denne teksten. Eit anna moment som gjev næring til tvilen er utvalet av tekstar i dokumentanalysen. Eg har 365 historier #uforsvarleg, og eg innser at eg må vere tydelegare på korleis eg gjer utval og avgrensingar. Eg spør meg sjølv. Kva er føremålet med dette prosjektet. Eg spør meg sjølv og svaret mitt overraskar. Føremålet mitt med denne studien er ikkje å fortolke tekstane og innhaldet i #uforsvarleg. Føremålet er heller å finne moment eller noko som overraskar, og som tidlegare nemnt, freiste å gjere lesingar, og kanskje måtte gjere dei på ulike måtar. Kva vil tre fram når eg gjer det?

Eg har lese artikkelen «*Methodology in the fold and the irruption of transgressive data*» av St. Pierre (1997b) i samband med ein draum eg hadde i vår. St. Pierre skriv om drøymedata i denne artikkelen, og eg bestemmer meg slik for å starte med å lese tekstane med hennar emosjonelle data. Det er ein start.

Blir det med dette føremålet rett å gjere eit utval ut frå stikkord? Eg tvilar, sjølv om det hadde vore freistande. Blir det rett å rett å gjere eit tilfeldig utval ut frå til dømes nummerering av tekstar, sjølv om eg då kanskje finn dei beste tekstane? Tja, det kjennes meir riktig, og fører meg gjerne til ei direkte avgrensing. For det seier seg nesten sjølv at det kan bli umogeleg å handtere 365 tekstar. Eg går tilbake til fase 1 og sjekkar ut kva eg tenkte med omsyn til utval. Eg oppdagar at eg alt har tatt stilling til det og gjort eit stratifisert utval. Det vil seie at skal jobbe med 27 av #uforsvarleg tekstane, og det betyr også at utvalet ikkje er så tilfeldig som eg først tenkte. Sidan tekstane er nummererte

---

<sup>35</sup> Det eg i denne tidlege skrivefasen kallar analyse, er eigentleg sjølve lesingane eller metodologien.

kan eg stå inne for at dette kan etterprøvast. Ergo, eg er samd med meg sjølv. Det er ein start, endring kan komme.

#### LIVSFASE TANTE KNUT(E) OG LIVSFASAR

Det har slått meg at desse fasane eg skriv om rett og slett er «livsfasar». Alle kroppar har livsfasar ut frå ei utviklingspsykologisk tenking, slik som dette prosjektet. Det har også fasar. Eg har starta arbeidet med å skrive inn det teoretiske fundamentet for dette prosjektet, og gjer fleire oppdagingar.

Når eg skriv om BwO, body without organs, og kroppar med organ, oppdagar eg kven det er dette prosjektet sirklar rundt. Det er sjølvast Tante Knut(e). Tante Knut eller tante Knute, difor tante Knut(e). Kropp utan kjønn. Kropp med og kropp utan organ. Med fleire oppdagingar kan eg utdjupe at eg no har funne tilbake til den eg bygde denne skissa på; Nic Fox og «ill-health assemblage». Eg innser at eg vil gjere ei analyse med Nic Fox sitt (u)helse-assemblage. Det var med lenge som eit fundament, men forsvann, og eg veit ikkje kvar han tok vegen. Han og den franske filosofen Michel Foucault. Foucault skal også vere med på vegen vidare.

Kanskje føretok dei ei nomadisk fråflytting?...

## «STEMMENE» FRÅ KROPPEN

Eg skal om litt ta dykk med inn i denne verda fylt med «stemmer» frå internett, Dagsavisen og Facebook. Desse historiene er for meg eit døme på kroppar utan organ. «Stemmene» kjem, for igjen å sitere Lisa Mazzei, «frå ein organisme som er eit nettverk av krefter, begjær og intensitet<sup>36</sup>». Slik vert internett, som representerer eller gjev liv til desse «stemmene», ein kropp utan organ i dette prosjektet. Det betyr at eg alt har fleire kroppar utan organ som kan vikle seg saman. Eg har eit tema, eit internett, og eg har forteljingar. Alle desse kroppane utan organ har her vikla seg saman, som kroppane i Tante Knut(e).

Kreftene, har no blitt til kroppar utan organ, BwO. Og det stoppar ikkje der. Her er mange kroppar som vevar seg inn i kvarandre. Det er eit assemblage av krefter som dreg denne kroppen i ulike retningar. Donna Haraway (2016, p. 29) brukar uttrykket «non-innocent-knottings» (Springgay & Truman, 2018, s. 210).

Ved å bruke Deleuze & Guattari si forståing av at ein kropp gjerne er noko meir enn nødvendigvis ein fysisk kropp, vil ein ved bruk av *affekt* kunne seie noko om kva som skjer i assemblaget. Hickey-Moody seier at for Deleuze og Guattari er affekt «endingar i den kroppsleg kapasiteten»:

«It is a degree of power held within any given assemblage or 'mixture'. Affects extend or decrease the limit of what a 'body' -or a given assemblage or mixture can do (...) that articulates an increase or decrease in a body's capacity to act.» (Hickey-Moody, 2013, s. 80).

Desse historiene eller «stemmene», som no i første halvdel av 2018 har blitt publisert i Dagsavisen, ville truleg aldri fått liv om det ikkje var for «Barnehageopprøret».<sup>37</sup> Det er Barnehageopprøret som har oppmoda barnehagefolk til å sende inn forteljingar frå barnehagekvardagen, for å få bukt med det ein omtalar som «*taushetskulturen*», som kan vere eit frampeik på at kanskje ikkje alt som trer fram, er som Haraway poengterer: «innocent».

---

<sup>36</sup> Mi omsetjing til nynorsk.

<sup>37</sup> Barnehageopprøret på Facebook:

[https://www.facebook.com/groups/234742090226848/?multi\\_permaLinks=733422640358788&notif\\_id=1540399511485710&notif\\_t=group\\_activity](https://www.facebook.com/groups/234742090226848/?multi_permaLinks=733422640358788&notif_id=1540399511485710&notif_t=group_activity)

## DELEUZE OG GUATTARI OM MAPPING

Her vil eg med Deleuze og Guattari og bruk av mapping, gje eit snarleg overblikk i samanhengar mellom #uforsvarleg og ulike #kampanjar. Eg vil bruke mapping som metode for å kunne hente ned opplysingar eg vurderer som relevante.

Dette er kort og godt eit overblikk over #kampanjar<sup>38</sup> som har vore sentrale i mediebilete for å kunne forstå samanhengen #uforsvarleg kampanjen står i. Det finnes ingen fasit eller ein konkret oversikt over #kampanjar som ein kan kopiere eller skrive av. #kampanjar vil komme og gå, dei vil halde fram med å leve sitt eige liv i ulike assemblage.

Deleuze & Guattari seier:

“Make a map, not a tracing (...) What distinguishes the map from the tracing is that it is entirely oriented toward an experimentation in contact with the real. The map does not reproduce an unconscious closed in upon itself; it constructs the unconscious. It fosters connections between fields, the removal of blockages on bodies without organs, the maximum opening of bodies without organs onto a plane of consistency.

It is itself a part of the rhizome. The map is open and connectable in all of its dimensions; it is detachable, reversible, susceptible to constant modification. It can be torn, reversed, adapted to any kind of mounting, reworked by an individual, group, or social formation. It can be drawn on a wall, conceived of as a work of art, constructed as a political action or as a meditation” (Deleuze & Guattari, 1987, s. 12)

I dette sitatet oppmodar Deleuze om at ein i staden for å lage eit spor så kan vi lage eit kart. Når ein lagar eit kart kan ein i større grad eksperimentere enn når ein må følgje eit gitt spor, og likevel vere i kontakt med røyndomen. Det kan, som han seier: “The map does not reproduce an unconscious closed in upon itself; it constructs the unconscious.”

Hashtagkampanjen #uforsvarleg er berre ein av mange #kampanjar vi har sett i medielyset siste tida. I avsnittet under, vil eg ved å vise til ulike avisartiklar, lagt inn i fotnotar, freiste å gje ei kort mapping av #kampanjar som har prega mediebilete.

---

<sup>38</sup> Teiknet for hashtag er dette#, vert også kalla emneknagg.



## MAPPING AV HASJTAGG-KAMPANJAR SOM DAGSORDEN

**#uforsvarleg-kampanjen** føyer seg inn i ei lang rekke av andre #kampanjar. Det starta med **#metoo** kampanjen i USA i 2017, og med den inngåande kritikken mot Harvey Weinstein som over lengre tid hadde utnytta si rolle som regissør, og trakassert og valdteke kvinnelege skodespelarar i filmbransjen i Hollywood. Dette utløyste eit ras av #-kampanjar og varslingsaker som omhandla trakassering og påstandar om valdtekt, - ikkje berre i USA, men i heile den vestlege verda<sup>39</sup>. Det har ført til at Weinstein og ei rekke andre profilerte leiarar i ulike verv, har måtte fråtre stillingane sine, og i tur blitt domfelte etter klagene<sup>40</sup>.

I Arbeiderpartiet vart der mellom anna opna ei varslings sak mot nestleiar Trond Giske som måtte gå frå vervet sitt som nestleiar, då han i posisjon av å vere politiskar vart skulda for utnytta si stilling til å mellom anna til å forføre yngre kvinner<sup>41</sup>. Liknande og alvorlege saker finn ei frå det svenske akademia der den som vert omtalt som ein «kulturprofil» i svensk akademia, Jean-Claude Arnault, i ei årrekke hadde forgripe seg på kvinnelege kollegaer. Som ein konsekvens av den alvorlege situasjonen som ramma svensk akademia valde Sverige i 2018 å stå over utdelinga av Nobels Litteraturpris<sup>42</sup>.

Sverige har også tidlegare hatt ein pågåande kampanje mot seksualisert vald mot kvinner under emneknaggen **#prataomdet**. Det som er litt spesielt med denne kampanjen er at den starta på Twitter alt i 2010<sup>43</sup>.

Der er derimot ikkje alle #kampanjar og varslingsaker som omhandlar seksualiserte overgrep og vald, nokre handlar også om knebling, og kampen for ytringsfridom. Det fekk den fritalande læraren Simon Malkenes erfare då han uttala seg om uetiske forhold ved Ulsrud vidaregåande skole i NRK Dagsnytt 18, i mars 2018. Oslo kommune ville opprette personalsak mot han for krenking av enkelt-

---

<sup>39</sup> Dagbladet 30.10.18:

<https://www.dagbladet.no/kjendis/emneknagg-far-millioner-til-a-sta-fram-med-overgrepshistorier-med-hollywood-stjerner-i-spissen/68794774>

<sup>40</sup> Aftenposten 30.10.2018

<https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/5VnbXO/Det-er-ikke-metoo-kampanjen-som-feller-lederne-De-feller-seg-selv--Sarah-Sorheim->

<sup>41</sup> VG 30.10.18

<https://www.vg.no/spesial/2018/giske-saken/>

<sup>42</sup> Dagsavisen 30.10.2018

<https://www.dagsavisen.no/kultur/bakgrunn-dette-er-krisen-i-svenska-akademien-1.1128930>

<sup>43</sup> Jamfør artikkelen: “Excuse Me, But Are You Raping Me Now?” Discourse and Experience in (the Grey Areas of) Sexual Violence, (Gunnarsson, 2018)

elvar, men måtte seinare trekke den etter massiv kritikk frå Utdanningsforbundet og Profesjonsetisk råd<sup>44</sup>.

Det som no skjer i barnehagane har heilt klart trekk som minner om saka til Malkenes. Media refererte til ein «tausheits-kultur» i den norske skulen. Kampanjen #uforsvarleg som no omhandlar barnehagane, bygger på prinsippet om at der rår ein tausheits-kultur i barnehagane, men for barnehagane sin del er dette ein kamp for å forbetre bemanningssituasjonen.

Leiar i aksjonsgruppa, hadde seinast 24. oktober ein kronikk i Dagsavisen, der han peikar på at ei årsaksforklaring til at dette har oppstått handlar om kampen for å profilere seg grunna sterk konkurranse barnehagane i mellom<sup>45</sup>. Ein konsekvens ein kan halde rimeleg vart endå meir tydeleg i kjølvatnet av full barnehagedekning etter barnehageforliket i 2003. Barnehagane vart store «fabrikkar», kommersielle aktørar fekk sitt inntog på marknaden, og mangelen på barnehagelærarar vart prekær (Greve, Jansen & Solheim, 2014, s. 149-152).

Det ser ut for at aksjonsgruppa har klart å stikke hol på ein stor byll. For i løpet av første halvår 2018, har barnehagefolk sendt inn over 365 anonyme historier som ledd i denne kampanjen, der dei skriv fram den uforsvarlege bemanningssituasjonen som pregar feltet. Og historiene strøymar framleis inn – til no har der komme inn 500 historier. Barnehagefeltet ser ut til å vere sterkt prega av ein form for lojalitet til arbeidsgjevar<sup>46</sup>, difor har det truleg vore avgjerande å la barnehagelærarar og andre bidragsytarar få vere anonyme. Diverre kan det sjå ut til denne lojaliteteten ut til å ha skapt det ein viser til som ein «tausheits-kultur» i barnehagane.

Aksjonsgruppa som starta #kampanjen overleverte alle desse historiene i eit samla hefte til politikarane og kunnskapsminister Jan Tore Sanner på forsommaren 2018, for å synleggjere behovet for betre bemanning ut over den nye lova som nyleg vart vedteken i Stortinget.

---

<sup>44</sup> <https://www.dagsavisen.no/innenriks/lerer-malkenes-tatt-inn-i-varmen-men-fikk-ingen-gratulasjon-av-skoledirektor-sognen-1.1144106>

<sup>45</sup> Henta frå Dagsavisen 25.10.18, [https://www.dagsavisen.no/nyemeninger/foreldreunders%C3%B8kelsen-i-barnehagen-til-beste-for-hvem-1.1222880?fbclid=IwAR2Vt\\_TGYDojRbBIQyPwm37m4Tdko-y3UCsWQc0I96ZqVwlbkEs8asO3xZU](https://www.dagsavisen.no/nyemeninger/foreldreunders%C3%B8kelsen-i-barnehagen-til-beste-for-hvem-1.1222880?fbclid=IwAR2Vt_TGYDojRbBIQyPwm37m4Tdko-y3UCsWQc0I96ZqVwlbkEs8asO3xZU)

<sup>46</sup> (Otterstad, 2018a, s. 249)

LINES OF FLIGHT:

Eg eksperimenterer her ved å legge inn eit frampeik, for å vise korleis ein med å bruke teksten over kan skape eit assemblage av #kampanjar, ved hjelp av ei rask mapping:

### EIT METODISK FRAMPEIK OG NOMADISK MAPPING<sup>47</sup>

Alt her kan ein sjå konturane av eit assemblage i form av ulike #-kampanjar:

#MEETOO

#PRATAOMDET

#UFORSVARLEG

### SPEKULARSJONAR OM SPINDEL(-VEV)

Ser ein meir inngående på det som skjedde i det svenske akademien kan assemblaget som trer fram likne eit spindelvev med mange uskuldelege personar eller byte vevd fast i nettet. Ein kan samanlikne det med Donna Haraway og «non-innocent-knottings» og vevde møster, der «edderkoppen» hadde vevd eit mønster med sine trådar som til slutt gjorde at; den svenske «kulturprofilen» vart fanga i sitt eige nett (Haraway, 2016, s. 29,31). Det same skjedde med Harvey Weinstein i #metoo kampanjen. #uforsvarleg-kampanjen ligg der som eit ulese<sup>48</sup> blad. I desse konkrete tilfella var det nok media som gjorde til at nettet og trådane snøra seg saman rundt edderkoppane.

Kanskje vil ein også, i #uforsvarleg finne konturar av vevde mønster og trådar etter edderkoppar.

---

<sup>47</sup> Mapping vil også bli brukt som metode i eit komande avsnitt.

<sup>48</sup> Min definisjon: Synonymt med uttrykket «uskrive blad».

## EIN FORSKARPOSISJON 'IN-THE-MAKING'

Erin Manning (2009) brukar omgrepet «relation-scapes». Det handlar om bevegelsen (the movement) eller det «mellomrommet» der noko blir til (taking form). Det kan vere passasjen frå tanken til kjensla, og frå kjensla til det artikulerte. Ein snakkar om «concepts eller events i-the-making» (s. 5).

Gjennom dette prosjektet er min eigen kropp med, både med og utan organ og på ulike måtar, som ein del av *immanenstanken* til Deleuze, der alt heng saman med alt. Det går eg djupare inn i i neste kapittel.

Med den fysiske kroppen vil eg måtte lese, tenke og skrive fram prosjektet. På ei annan side vil eg og vere ein kropp utan organ, for du som lesar<sup>49</sup> vil ikkje kunne sjå meg, sjølv om du les orda. Eg har bakgrunn som barnehagelærer der institusjonen barnehagen har vore min arbeidsplass og fylt ulike roller over mange år. Desse elementa/kompetansen viklar seg inn i denne kroppen som no har fått namnet «Tante Knut(e)». Min forskarposisjon vil stadig vere «in the making» eller becoming som Deleuze seier, i stadig endring. Det er verd å ta høgde for at når eg går inn i ulike teoriar og brukar ulike reiskapar i lesingane, så blir eg kanskje heilt umedvite til ein del av dei.

Etter kvart vil du nok oppdage ein heil del andre kroppar både med og utan organ som følgjer dette prosjektet, som kan vere uklare for meg. Som lesar, vert du også ein kropp, men for meg ein imaginær kropp, eg kan verken sjå tankane dine eller den fysiske kroppen din. Du er eit slags usynleg assemblage som svevar langt der ute, om lag som i biletet *The Mask*, der kvalen svevar over inuittane.

Med bakgrunn frå arbeid i Reggio Emilia-inspirert barnehage, der det nymaterielle står sentralt, relaterer eg det til min eigen forskarposisjon som ei *kyborg*, ein konstruksjon av Donna Haraway, der ideen til Haraway er å sjå samansmeltinga og samspelet mellom det menneskelege og det som er ikkje-menneskeleg (Lafton, 2018, s. 88).

Tove Lafton seier: «Cyborggen bygger på en ontologisk tilgang til verden som muliggjør agentstenkning<sup>50</sup> hvor ingen elementer er overordnet andre i analyser og undersøkelser av et felt. Agentskap og mulighet til endring knyttes her til hvilke handlinger de ulike deltakerne aktiverer hos andre» (Lafton, 2018, s. 90).

---

<sup>49</sup> Eg skriv direkte til lesaren som «du» fordi eg tenker at lesaren er med meg som ein del av dette prosjektet, ein BwO i dette assemblaget.

<sup>50</sup> Agentstenking viser her tilbake til Karen Barad (2007).

Anne Marit Varpen<sup>51</sup> synleggjer med denne collagen av foto og måleri eit visuelt uttrykk for «a cyborg» og samansmeltinga og samspelet mellom det menneskelege og det som er ikkje-menneskeleg:



«Det urbane» foto/maleri på lerret 50 x 50 cm. Copyright: Anne Marit Varpen<sup>52</sup>.

I Reggio-Emilia-pedagogikken ser ein på rommet som «den tredje pedagog. «Rommet» vert til ein pedagog i agentskap med barn og personale. Karen Barad definerer det som «agentisk materialisme». Det betyr at kropp og materialet intra-agerer med kvarandre (2007). Dette er med på å forme min forskarposisjon. Min kropp med eller utan organ, intra-agerer med lesingane, og (operer)er «in-the-making» i det same assemblaget.

I denne passasjen der noko blir til er det mange mogelegheiter. Når eg oppheld meg i assemblaget, veit eg ikkje korleis min forskarkropp vil te seg. For å sitere Erin Manning: «*The dynamic form of a movement is its incipient potential. Bodies are dynamic expressions of movement in its incipiency. They have not yet converged in to a final form*»(Manning, 2009, s. 6).

Frå sitatet til Manning er der spesielt eit omgrep eg som forskar synes er så vesentleg at eg vil ta det med vidare. Dette finn ein i første setninga, der ho seier at bevegelse i si dynamiske er eit byrjande (-eg vil kalle det gryande) potensial. Å kunne sjå etter *gryande potensiale* vil vere med meg i lesingane av #uforsvarleg. Dette peikar tilbake på det som eg var inne på innleiingsvis om affirmative lesingar.

<sup>51</sup> Anne Marit Varpen er ein kunstnar frå Volda som arbeider mykje med ulike typar collage.

<sup>52</sup> Publisert med løyve frå kunstnar.

Ved å sjå på det som har potensiale og bidreg til noko meir, kan ein bevege seg vidare. For å kunne vere i ein forskarposisjon «in-the-making» der eg kan flyte saman med omgjevnadane, vil eg no ta deg med inn i Deleuze si verd:

## DELEUZE OG KATTEN MIKIS: IMMANENSILOSOFI


Å forstå *immanence* eller livsverdsontologien til Deleuze kan synast kompleks. Spindler seier at immanenesplanet til Deleuze har eit dobbelt formål. Ein kan forstå det både som ontologi og som ei posisjonering (Spindler, 2013, s. 37). Deleuze seier:

“The plane of immanence is not a concept that is or can be thought but rather the image of thought, the image thought gives itself of what it means to think, to make use of thought, to find one's bearings in thought”(Deleuze & Guattari, 1994b, s. 37).

And, and, and...:

«We will say of pure immanens that it is A LIFE, and nothing else. It is not immanence to life, but the immanent that is nothing in itself a life” (Deleuze, 2001, s. 27).

Katten min som gjerne tek aktivt del rundt og oppå PC 'n, er trøytt og syner meg med ein smule affekt kva han synast. Om det gjeld formuleringane til Deleuze, eller eit signal om lite merksemd kan gjerne diskuteras, men -derimot er vi; katten og eg, samde om at der er dei som utdjupar Deleuze sin immanensfilosofi meir forståeleg enn han sjølv. Nina Rossholt (2015) seier:



«Mennesket er uløselig sammenvevd i tid, rom gjenstander, natur, osv. Kropp som hendelser og som en del av en kollektiv kropp må tenkes som en strøm av bevegelser der det er vanskelig å si hvor noe starter og slutter. Den individuelle kroppen blir ikke borte i fysisk forstand, men det er alltid noe mer enn den individuelle kroppen» (Rossholt, s. 218).

## NOMADISKE REFLEKSJONAR:

*Sjølv om eg først ville hevda at katten min ikkje på nokon måte er ein del av dette prosjektet, skal eg med Deleuze sin argumentasjon erkjenne at eg tek feil. Det er han i aller høgste grad. Det er eg som er eigar av katten. Eller han eigar av meg, vil gjerne andre hevde. Katten, ja han er den som alltid er heime med meg når eg skriv. Han er faktisk den som oftast set meg i bevegelse, og stundom er det og han som skaper brot i skrivinga. Sit eg for lenge om gangen, vert han ofte sjuk etter merksemd eller han vert sjalu på skjermen og tastaturet. Eg og katten « contingently shape our becomings together» i «our multispecies life» (..) our multisppecies rhythms”(...) and “multisppecies communication” (Nordstrom, Nordstrom & Nordstrom, 2018, s. 3, 2)<sup>53</sup>.*

*Katten har si eiga katteluke, men vil han ut ei anna dør, bed han meg late opp. Han er den som kan lage liv i den stille heimen og bykse opp når han ser ei fluge. Han er den som får meg til å le høgt, og som deler raust av sin kjærleik og energi. Katten er på same måte som eg er skrivaren knytt saman med meg i tid og rom. Han er ein del av den kollektive kroppen i dette prosjektet. Går han ut av huset er han framleis til stades. For det er her han høyrer til. Han er uløyseleg knytt saman med meg og dette prosjektet i tid og rom. Susan Nordstrom et al, skriv:*

*«Our communications are not just filled with humans. Humans become with so many other nonhumans complex ecosystems. These are our communities. Our narratives, then, must engage a becoming with humans and nonhumans in complex ecosystems to stay with the trouble of living and dying together”(s. 7-8).*

*Undervegs har katten vist meg at han har ei heilt eksepsjonell nyfikenheit, som ein forskar kan ta lærdom av. Katten undersøker og snusar på alt som om det var alt var for første gang, og ser for meg ut til å ha ei heilt eiga evne til å nullstille seg. Når han leikar med halen sin er det som om den aldri har vore der før. Det må kanskje seiast å vere sjølve idealet for alle forskarar: Ein ideell forskarposisjon.*

Denne nomadiske tilnærminga gjer det kanskje meir lettfatteleg å forstå kva *immanens* er. At det er «A LIFE» kan ein forstå med det til utgangspunkt at alt er rørt saman i tid, stad og rom der; «de involverte subjektene ses som ustoppelige tilblivelser, gjennom forhandlinger mellom styrken i deres, miljøets og tidens handlingskrefter» (Sandvik, 2013, s. 49).

---

<sup>53</sup> Artikkelen eg refererer her er ført som Nordstrom, Nordstrom & Nordstrom i kjeldetilvisinga for å få fram det særigne ved at Susan Nordstrom har skrive denne saman med kattane sine.

Susan Nordstrom gav i samarbeid med fleire av kattane sine Amaile og Coonan Nordstrom i 2018 ut artikkelen: «*Guilty of Loving You: A Multispecies Narrative*».

Spindler meiner ein må sjå *immanens* på fleire plan. Det tvingar fram ontologiske endringar.

Karen Barad (2007) er den som får ein til å forstå at i immanensfilosofi må ontologi og epistemologi verke saman. Ein kan ikkje skilje dei frå kvarandre, - dei er gjensidig avhengig av kvarandre, og dette definerer Barad som *onto-epistem-ology*.

Ifølgje Barad, er dette skilje mellom ontologi og epistemologi eigentleg er ei vidareføring frå metafysikken der ein set tydelege skilje mellom subjekt/objekt, kropp og sinn og så bort etter (2007, s. 185). Barad seier at ein må bort frå dette skilje, då menneske ikkje tileignar seg kunnskapar ved å stå utanfor verda, menneske tileignar seg kunnskap som ein del av den:

*«Barad's critique, and that of other material feminist, is that the separation of epistemology from ontology is a carry-over from metaphysics, that assumes "an inherent difference between human and non-human, subject and object, mind and body, matter and discourse.*

*An ontoepistemological stance asserts that practices of knowing and being cannot be isolated from one another, but rather are mutually implicated. In words of Barad, "We don't obtain knowledge by standing outside the world; we know because we are the world." (Jackson & Mazzei, 2012, s. 116-117).*

Immanensontologien til Deleuze har av mange blitt definert med ulike namn, til dømes begjærstilosofi eller forskjellsfilosofi, eit anna er *prosessontologi*. Dette fordi den har ei affirmerande innstilling til røydomen i «*dens konstante tilblivelse*» (Andersen, 2015, s. 313-315).

Lesingane av #uforsvarleg kan ein definere som *prosessontologi*. Eg kastar fram ein ide som eg vel å eksperimentere med for å sjå kva som trer fram. Eg har ein forskarposisjon «in the making» som blir med i mine nomadiske bevegelsar. Her finnes ingen eigentleg struktur med ein start, slutt og klare avgrensingar, alt handlar om positive ulikskapar og skaping (Andersen, 2015, s. 315). Prosessontologi er gjerne, som eg vil komme inn på neste avsnitt, nær knytt opp til det ein kan kalle «post-kvalitativ forskning».



## “THE CRISIS OF REPRESENTATION”: POST-KVALITATIV FORSKING

*“Post-qualitative inquiry never is. It has no substance, no essence, no existence, no presence, no stability, no structure. It is the time of Aeon -the not-yet, the yet-to-come. It presumes an ontology of immanence and is always becoming”* (St. Pierre, 2019, s. 7).

I denne ferske artikkelen går St. Pierre ut og hevdar at post-kvalitativ forskning er «methodology-free»<sup>54</sup> (St. Pierre, 2019, s. 1). Mange doktorgradsstipendiatar og nye forskarar som er interesserte i postkvalitativ-forskning vert gjerne nervøse og usikre av dette, skriv St. Pierre; dei forstår ikkje heilt korleis dei skal gå fram. Til dette skal Foucault (sitert i Miller, 1993) ha svara: «but my project is precisely to bring it about that they “no longer know what to do” (St. Pierre, 2019, s. 9).

St. Pierre seier: “The work of post qualitative inquiry is not to find, describe, interpret, and represent what is but “to bring into being that which does not yet exist” (Deleuze, 1968/1994 p. 147), the new (St. Pierre, 2019, s. 7). Det betyr ikkje at krava til post-kvalitativ forskning er mindre på nokon måte. Sitatet til St. Pierre, slik eg ser det, handlar meir om korleis ein tenker om forskning.<sup>55</sup>

I artikkelen «*Posthumanisme/nymaterialisme og nomadisme -affektive brytningar av barnehagens observasjonspraksis*» skriv Otterstad og Nordbrønd:

«Forskarar i ei årrekke har utfordra kva og korleis (data)materiale og metodologiske analyseinngangar i pedagogisk forskning kan gjere det mogeleg å tenke ulikt om kva og når (data)materiale får betydning.

Postmetodologi utfordrar empiriske studiar basert på kantisk dualisme, der subjekt/objekt impliserer ei forståing om at det eksisterer eit separat humanistisk subjekt som finnes (Jf. Stern, Manning, 2009, (St.Pierre & Jackson, s. 716)»<sup>56</sup> (Otterstad & Nordbrønd, 2015, s. 5).

Patti Lather omtalar post-kvalitativ forskning som «*the crisis of representation*» (Lather, 2007, s. 119). Ho løftar her fram sentrale spørsmål rundt den tradisjonelle representasjonstenkinga ein finn i

---

<sup>54</sup> Det er viktig å merke seg at det her kan vere ulike oppfatningar blant forskarar som gjer post-kvalitativ forskning. Ikkje alle er samde om at den post-kvalitative forskinga er metodefri. Andre vil heller kalle det «metodefest» jf. Otterstad og Reinsertsen si utgjeving frå 2015 «Metodefestival og øyeblikksrealisme». (Otterstad & Reinertsen, 2015). Det er ikkje sikkert at dette står som motsetningar -men at ein ganske enkelt nyttar ulike omgrep for å opne opp for ein eksperimenterande metodologi.

<sup>55</sup> Mi oppfatning av dette er heller at der kan førekome større krav til forskning om ein opererer innanfor eit mindre paradigme. Ein må gjerne argumentere meir og gå meir grundig inn i det ein gjer som forskar for at det skal bli forstått.

<sup>56</sup> Mi omsetjing til nynorsk. Eg ville *eksperimentere* med å omsetje dette sitatet til mitt eige språk. Til no har eg funne lite og inkje av post-kvalitative studiar på nynorsk. Det ser ut til å vere framand i mitt språk. Eg tenker difor at eg har ein viktig jobb med å skrive fram dette til nynorsk, som her ved å eksperimentere.

kvalitativ forskning, og problematikken rundt statusen denne tenkinga har fått, då *representasjonar av røyndommen* i etterkant lett kan bli ståande som definisjonar eller valide sanningar.

Overført til praksis betyr det at ein i tradisjonell forskning til dømes kan gå ut å observere og skildre eit barnehagebarn eller ein profesjonsutøvar, med dei følgjer at fortolkingane *kan bli* ståande som eit bilete på røyndomen. Otterstad (2015) skriv i artikkelen *Tvil, ubehag og gjenstridige forskningsmaterialar*:

*«Representasjoner er ut fra en feministisk ny-materialismetenkning problematisk fordi representasjon ikke kan kobles til en fast og lineær subjektposisjon, som avspeiler virkeligheten. Subjektet er ut fra Deleuze og Guattari usikkert, motsetningsfylt, i flyt (flow), nomadisk og i stadige nye tilblivelsesprosesser (1987)»* (Otterstad, 2015, s. 29).

Slik eg oppfattar dette, så handlar dette når alt kjem til alt, om etikk. Det er sjølve essensen som gjer at ein har denne diskusjonen rundt subjektet. For meg vert det problematisk når ei fortolking av eit barn (i ein gitt situasjon), vert ståande som ein representasjon for evig og alltid. Som barnehagelærer ser eg gjerne etter *potensialet* i eit barn. Om representasjonen av ein gitt observasjon skulle stå som ei sanning livet ut, ville det då vere naudsynt å ha lærarar i barnehagen og skule? Utan eit flytande subjekt, eit subjekt i «flow», vil pedagogar kanskje aldri ha behov for å sjå *potensialet* i dei barna ein er der for, vert min påstand. Innanfor tradisjonell forskning er der *ein viss fare for* at barnet aldri vil kunne bli framstilt som noko anna enn konstant, aldri bli noko anna, vere i rørsle, eller *become(ing)* som er sentralt innanfor post-kvalitativ forskning.

Lenz Taguchi (2010) seier at pedagogen i en immanent etikk ikkje kan betrakte studentar, innhald og metodologi som faste størrelsar, uavhengig av alt anna. «Pedagogikk(er) som tar utgangspunkt i en immanent etikk, vektlegger intraaksjoner<sup>57</sup> (Barad 2003, 2007) mellom både menneskelige og ikke-menneskelige organismer, fenomener og teorier som i gjensidige omdanningsprosesser utløser potensialer og muligheter i undervisningsrommene» (Myrvold & Myhre, 2018, s. 138).

Tradisjonell kvalitativ forskning er sterkt forankra i barnehagefeltet, og ut frå eit post-kvalitativt standpunkt vil eg meine at det ikkje berre er problematisk, det er og til del uetisk. Undervegs i dette prosjektet fann eg det naturleg å gå til Østrem og Pettersvold som i si bok «Profesjonell uro» gjev ei stemme til barnehagelærarar som opponerer eller ytrar seg kritisk til forhold på arbeidsplassen dei opplever som «uforenelige med barnehagens formål» (Pettersvold & Østrem, 2018). I alle høve eit

---

<sup>57</sup> Omgrepet intraaksjon er henta frå fysikken og spelar på relasjonar mellom alle typar organismar og materialar, der alt har jevnbyrdig og likeverdige agentskap (Barad, 2003, 2007) og (Myrvold & Myhre, 2018, s. 138).

særs samfunnsaktuelt og viktig tema; som har ein klar link til historiene i #uforsvarleg. All honnør til forfattarane som løftar dette fram.

Dilemmaet og vonbrotet kom for meg, då eg opplevde at metodologien som blir brukt for å løfte «stemmene» til barnehagelærarane er tufta kring ei tradisjonell analyse. Eg opplever den som lite nytenkande. Om intensjonen er at det skal stå som ei representasjon av røyndomen i barnehagane, skulle så gjerne ynskje meg at fleire av desse 15 barnehagelærarane som har teke del i dette prosjektet hadde sitt eige kapittel.

Det er viktig å få løfta fram «stemmene» til barnehagelærarane, og her skulle fleire av dei fått ein sjanse til å glitre. Det kunne gjerne gitt nokre av dei ein «flying start» på ein vidare karriereveg. For kven er eigar av historiene? Viss historiene i #uforsvarleg var «namna» som vi seier i barnehagen, kunne eg løfta fram dei enkelte innsendarane. Det trur eg i det store og det heile ville styrka saka og gitt den fleire ansikt.

Det eg skildrar som eit metodologisk *dilemma* handlar om at når ein til dømes nyttar seg av tradisjonelle analyser, så brukar ein eit verkøy som har blitt brukt eit uttal gonger tidlegare, og når ein tenker at det vert gjort innanfor same feltet, og her barnehagefeltet, gang på gang, står ein i fare for å reprodusere det same, eller «the same» om og om igjen. St. Pierre skriv det fram som «*the doxa of the dogmatic image of thought in which the only experience that counts is that which can be recognized, judged, and qualified -closed off into concept -experience that conforms to what already is* (St. Pierre, 2019, s. 5).

Ved å tillate meg å legge til litt affekt, -det kan blir keisamt, ikkje berre for lesaren, men det kan blir keisamt for forskinga og heile feltet, og i verste fall lite nyproduserande. “To create concepts is, at the very least to make something” (p.7), something new that is not like anything that exists.” (Deleuze i St. Pierre 2019, p. 5). Den post-kvalitative forskinga stiller seg kritisk nettopp til den ordinære dualisme-tenkinga som stadig vekk, om og om igjen, ser på forhold som er anten eller/ like eller ulike, som har tydlege skilje mellom subjekt og objekt.

Lather og St. Pierre (2013) opnar artikkelen «*Post-qualitative research*» innleiingsvis med å stille kritiske spørsmål knytt til det å bevege seg bort frå det ein kan kalle tradisjonelle forskingsmetodar. Der drøftar dei blant anna dilemmaet til representasjonar, forholdet til subjektet som vanlegvis har ein sentral posisjon i kvalitativ forskning, og kva som kan oppstå om ein bevegar seg bort frå det;

« (...) - *research problems, research questions, literature review, methods of data collection, data analysis, and representation -assume depth in which the human is superior to and*

*separate from the material – Self/Other, subject/object, and human/non-human” (Lather & St. Pierre, 2013, s. 630).*

Ved å trekke fram heilt konkrete og ulike døme på nyare post-kvalitativ forskning eksemplifiserer dei korleis ein kan «overleve» overgangen til å tenke nytt. Lather og St. Pierre dreg mellom anna fram Adrian D. Martin og George Kamberelis si forskning, der dei syner korleis Deleuze og Guattari sitt konsept «mapping» kan vere eit verktøy til å komme bort frå den logosentrisk tenking og representasjonar; og ein motsetnad til ordinær deskriptiv fortolking, der «A simple tracking in representation(...), assumes the world is static and resistant to change, not becoming» (Lather & St. Pierre, 2013, s. 631).

I ein artikkel frå 2016 tek Lather dette vidare, og lagar ei ti på topp liste «*over lessons learned from the ontological turn*», som det heiter i *ingressen (abstract)*. Jf: (Lather, 2016).

## HELSE (UHELSE) ASSEMBLAGE

I artikkelen «*Kritiske perspektiver og barnehagepedagogikk(er)*» skriv Ann Merete Otterstad at det i dag kan verke som «*et krav at offentlige og private fagfolk er lojale ovenfor sine arbeidsgivere, noe som kan øke faren for en taushetskultur i feltet, det vil si at fagfolk utsettes for en form for taushetsplikt som de forventes å følge*» og viser til #uforsvarlig-aksjonen på Facebook (Otterstad, 2018a, s. 249).

Dette kan gje ein snarleg indikasjon på at det her finnes «usunne forhold» i barnehagen som institusjon. Så dersom ein med Deleuze og Nic Fox i tankane, greier å tenke seg barnehagen eller feltet som ein kropp utan organ, så vil/kan dette vere usunne krefter som påverkar denne kroppen.

Aksjonsgruppa har valt å kalle aksjonen for #uforsvarleg, og kva er så grunnen til det? Søkjer ein opp

The ill-health assemblage			
	Physical and biological	Psychological and emotional	Socio-cultural and philosophical
<b>Disease</b>	Genetic diseases Pathogens Time, ageing and degenerative diseases Pollutants and environmental hazards Impaired immunity Therapeutics, physical therapies and prostheses	Environmental stressors Health behaviours Psychological and neurological diseases	Biomedicine professionals Social deprivation Cultural practices 'Life events' Social isolation Public health and epidemiology Health technology providers
<b>Illness</b>	Pain Placebos	Health, illness and risk behaviour Health beliefs Psychological therapies Trust and compliance	Culturally-specific explanatory models Lay networks and folk remedies Popular culture health representations
<b>Sickness</b>	Pain Stigmatising symptoms or impairments	Fear and other emotional responses to ill-health Dependency and independence	Biomedical model of health and illness Cultural expectations of health and illness Social organisation and management of disease Economics and politics of health care and technology Social attitudes to health and illness

FIGURE 1: A TYPOLOGY OF ILL-HEALTH RELATIONS

ordet i Språkrådet si digitale ordbok, kan ein sjå at uforsvarleg ganske enkelt betyr *noko som ikkje kan forsvarast eller er forkasteleg, uansvarleg eller uttilrådeleg*.<sup>58</sup>

Innanfor medisin snakkar ein om at det fysiske kroppen har ei helse, og ei u-helse. Fox viser med ein illustrasjon korleis eit slikt (u)helse-assemblage kan bli i ei noko systematisert form:

Figur 1. Fox N., 2014, The Ill-health assemblage (<https://doi.org/10.5172/hesr.2011.20.4.359>)

Figur 1 gjev ein peikepinn på kva interaksjon av krefter og faktorar

<sup>58</sup> [Lenkje til søk i Språkrådet si digitale ordbok:](#)

[https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?startpos=1531&startpos\\_ao=1621&ant\\_bokmaal=5&ant\\_nynorsk=5&antall\\_vise=5&OPP=k%C3%A1n&ordbok=nynorsk&begge=%2B&spraak=nynorsk](https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?startpos=1531&startpos_ao=1621&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&antall_vise=5&OPP=k%C3%A1n&ordbok=nynorsk&begge=%2B&spraak=nynorsk)

som kan verke inn på helsa eller u-helsa til ein kropp. Dersom ein overfører dette til barnehagen som BwO, ein kropp utan organ, kan det bli interessant å sjå kva kropp og kva assemblage som trer fram når eg les historiene frå #uforsvarleg-kampanjen. Kva er det som er meint med uforsvarleg i barnehagesamanheng?

Vil assemblaget som trer fram vere like ryddig og like lett å systematisere som det Fox har illustrert i figur 1, eller vil ein heller måtte sjå føre seg eit mylder av kroppar og krefter som er vikla inn i kvarandre meir som i Tante Knut(e-r)? Ved å lage eit assemblage kan ein truleg få ein peikepinn på korleis det står til med den kollektive barnehagekroppen.

For å eksemplifisere (u)helsa i dette assemblaget, viser Fox til den franske filosofen Michel Foucault (1926 -1984). På same måte som ein i medisinen må forstå korleis bakteriar og virus oppfører seg og verkar på kroppen i ulike kroppsdelar og i alle moglege konstallasjonar innvendig i kroppen, kan eg ved å bruke Foucault sine teoriar om kunnskap/makt og diskursar gjere eit forsøk på å forklare korleis bakteriar og virus i overført tyding fungerer i ein institusjon som ein barnehage.

*Kan ein gjennom #-historiene sjå korleis relasjonen eller forholdet mellom makt og kunnskap rører på seg i barnehagen, og i assemblaget rundt denne kroppen utan organ? Seier kunnskap og makt noko om helsa til den fysiske kroppen til dei barnehagetilsette?*

Før eg kan gjere ei vurdering av, eller ta temperaturen på kroppen, blir eg nøydd til å eksperimentere litt. Eg vil bringe den franske filosofen Michel Foucault til live igjen.

Her kjem ei kort og eigenprodusert forteljing om Foucault som småbarnsfar i vår samtid 2018:

## MICHEL FOUCAULT LEVERER I BARNEHAGEN<sup>59</sup> OG MØTER TANTE KNUT(E)

Filosofen Michel Foucault er mellom anna kjend fordi han er oppteken *diskursar*, eller ulike måtar å tale på. Med dette som ein inngang til lesingane byrja eg å spekulere på kor interessant det måtte ha vore for Foucault å ta del i lesingane av #uforsvarleg om han til dømes var ein småbarnsfar i vår tid...

*«Det er måndag morgon og den franske filosofen Michel Foucault er på veg til barnehagen med sitt første barn<sup>60</sup>. For Michel er dette ein litt spesiell morgon, for han som nettopp har fortært ein god frukost med familien, rakk i hu og hast å få bladd gjennom Dagsavisen før han måtte spurte av garde. I avisa var det noko som for han, som far i barnehage, med det same tiltrekte seg merksemd. Gjennom dei siste vekene hadde han lagt merke til at barnehagetilsette sende inn historier til Dagsavisen under tittelen #uforsvarleg.*

*Foucault hadde skumma gjennom nokre av desse, og no hadde dei for alvor byrja å pirre noko i han. For Foucault hadde bite seg merke i at det desse barnehagetilsette no freista å skrive fram, låg under paraplyomgrepet «taushetskulturen<sup>61</sup>».*

*Dette trefte Foucault på to måtar. For det første var han forelder i ein barnehage sjølv, og for det andre, så var Foucault filosof oppteken av diskursar. Diskurs viser til ein måte å tale eller å føre ein tale på, og kjem opphavleg frå fransk. Foucault er av den oppfatning at alle menneske er aktørar fanga av ein diskurs som ein del av eit sosialt spel (Foucault, 1999, s. 7).*

*For det andre var Foucault besett av tankar om korleis forholdet mellom kunnskap og makt verkar i institusjonar (Foucault, 1980), så det var med stor spenning Foucault gjekk over dørstokken til barnehagen i dag. Der vart han møtt av ein/ei smilande Tante Knut(e). I det han hengde frå seg dei nyvaska regnkleda, tenkte han at han skulle gitt mykje for å vere der ein heil dag, for å sjå om det stemde det alt dette som dei skreiv i desse historiene. For han som far var det vanskeleg å legge merke til noko uforsvarleg. Dei var jo alltid så blide desse «barnehage-tantene<sup>62</sup>».*

---

<sup>59</sup> Eg har her laga ei fiktiv forteljing inspirert av Svein Hammer si bok frå 2017, «Foucault og den norske barnehagen».

<sup>60</sup> Eg kjenner ikkje til om Foucault hadde barn. Dette er rein dikting!

<sup>61</sup> Dette nasjonale opprøret starta på austlandet i 2018, det finnes per i dag ingen god nynorsk omsetting for omgrepet «taushetskultur». Difor skriv eg det hovudsakleg i hermeteikn.

<sup>62</sup> Eg brukar her ein stereotyp representasjon eller skildring av kvinnelege barnehagelærarar i ein hente og bringesituasjon.

*For Foucault var det ikkje noko mål i seg sjølv å finne ut kven som eventuelt utøvde makt over kven, om det var tilfelle, det dei skildra i desse historiene om tynn bemanning, kaotiske tilstandar og høgt sjukefråvær.*

*Foucault var meir interessert i å sjå kva kunnskap ein kan hente ut frå desse (makt-) relasjonane, sjølve «effekten» av den, og kva subjekt dei skaper (Jackson & Mazzei, 2012, s. 60).*

*Diverre måtte han halde ei viktig førelesing frå «Diskursens orden» (Foucault, 1999) i dag, så det måtte bli ein anna dag. Men ein ting var sikkert. Han kom til å følgje med på historiene i avisa, og på den ny-oppretta Facebooksida han hadde blitt invitert til med namnet Foreldreopprøret<sup>63</sup>» som hadde ein klar link til Barnehageopprøret og #uforsvarleg-historiene.*

---

<sup>63</sup> Foreldreopprøret på Facebook <https://www.facebook.com/groups/609801786030925/>



## 2. KAPITTEL METODOLOGI

### EIN NOMADISK INTRODUKSJON TIL LESINGAR AV #UFORSVARLEG

«LYDEN AV NOEN SOM IKKE PRØVER Å LAGE LYD»

\*\*\*

I ein roman av John Irving, «*Enke for ett år*», møter vi den suksessrike romanfiguren og barnebokforfattaren Tom. Tom er ein småforfylla og notorisk utru ektemann med eit noko haltande ekteskap. Han var eigentleg ikkje nokon stor forfattar, skal ein tru Irving, om ein då ser bort frå gjennombrotet hans med barneboka «*Lyden av noen som ikke prøver å lage lyd*». Ein internasjonal storseljar som han flyt på heile resten av sitt liv (Irving, 1998).

Då eg først vart merksam på kampanjen #UFORSVARLEG og historiene om uforsvarlege hendingar frå barnehagekvardagen, slo det meg at det var akkurat dette den imaginære barnebokforfattaren Tom hadde meint med «*lyden av noen som ikke prøver å lage lyd*». Dei 365 historiene er nettopp LYDEN<sup>64</sup> av NOEN<sup>65</sup> som har gjort sitt beste for å unngå å lage lyd. Dette er forteljingar frå den fysiske barnehagekroppen.

\*\*\*

---

<sup>64</sup> Eg brukar store bokstavar for å understreke at det her er snakk om noko meir enn berre eit lite musepip, for her er det mykje affekt. Vi snakkar her om det vi kan skildre som eit gigantisk brøl.

<sup>65</sup> Når eg brukar store bokstavar på NOEN, er det for å understreke at det her ikkje er snakk om litt surring frå 2-3 mygg. Dette er eit brøl frå 500 opprørte barnehagelærarar.

## TO HISTORIER FRÅ #UFORSVARLEG

Før eg startar lesinga, ynskjer eg å ta ut to utdrag for å gje deg eit bilete på korleis historiene fortonar seg. Desse skal få skine for seg sjølv:

### #UFORSVARLEG 90

*Kjære Sanner- og alle andre som er opptatt av Norges nåtid og fremtid.*

*Jeg sitter i bilen med høy puls og kokende topplokk. Den betalte delen av vakta mi var over for 20 minutter siden og jeg "tvinges" til å forlate arbeidsplassen. Jeg har gitt beskjed til de som er på møte at jeg reiser, og minner de om at det i praksis betyr at assistenten nå er alene igjen på avdeling med 17 barn, hvor minst fem skal skiftes bleie på nå, hvis de skal være klare til neste måltid. Med andre ord vil nå 16 barn ikke har oppsyn en stund. Assistenten vil heller ikke ha mulighet til å tilkalle naboavdelingen, da de straks også blir en assistent på 18 barn, mens pedagogen er i møte og den tredje i likhet med meg avslutter vakta. Jeg får beskjed om å reise, å betale meg for det kvarteret ekstra (som jeg likevel velger å bli) er nok ikke i budsjettet. Slik kan virkeligheten se ut når man bruker en norm fra en tid med totalt ulike åpningstider i bhg, mye mindre barnegrupper og mindre personale med plantid. Jeg hopper noen måneder tilbake. Tenk, endelig ferdig utdannet! Endelig skulle jeg få muligheten til å få bli kjent med og følge opp en strålende gjeng med barn hvor jeg skulle få utgjøre en forskjell! Teori skulle bli til god pedagogisk praksis av høy kvalitet og de intense diskusjonene og sterke følelsene skulle få reelle konsekvenser i form av en forbedring for de barna der ute! Topp motivert, topp karakterer og topp engasjert!*

*Puh..for et slag i magen det ble. Hva var egentlig vitsen med alt vi lærte om smågrupper? Hva hadde skjedd med visjonene mine? Hvorfor fikk jeg ikke praktisert faget mitt? Enda en ettermiddag slukner jeg på sofaen i utmattelse, jeg gav alt. Jeg trøstet, løp, tok ut av vaskemaskiner, oppvaskmaskiner, tok telefoner, tørket neseblod, kasta søppel, lette, satte igang en lek, avbrøt lek, satt på plaster, ryddet, fikk et smil, støttet, lagde mat, vurdere å legge tilrette for noe men viste at min vakt snart var over og at det ikke ville være noe tid til å spørre senvakt om det var greit. Jeg forsøkte å jobbe med språket til 11 stk 3-4 åringer fordelt på to bord mens jeg delte ut varmmat alene, jeg sa nei til å lese en bok, så forventningsfulle blick bli til sorgfulle, skuffede blick, avbrøt en viktig historie fordi det dukket opp noe "mer akutt"..osv.*

*Ikke i dag heller strakk jeg til. Jeg kjenner det stikke i hjertet når jeg kommer på lille Mattias (3 år) som hadde falt ned fra en stol og lå under bordet. Jeg kom fra plikter på kjøkkenet og fikk trøstet han. Så skjedde det noe annet og på vei hjem kommer jeg på at jeg sa "Mattias nå skal jeg bare gå å ta hånd om dette, også kommer jeg tilbake til deg" ... "dette" ble distraheret av noe annet akutt som*

*endte opp med at vakta var over og ikke før jeg var på god vei hjem husket jeg hva jeg hadde lovet Mattias.*

*Dette går ikke, jeg holder det ikke ut. Tre måneder ut i arbeidslivet med ny utdanning tar jeg meg selv i å søke på nettet. I fanene står det: "Søknad Butikkansatt", "Søknad spesialpedagog" og "Utbrent"...(sic.)*

#UFORSVARLIG 116

*#uforsvarlig Hei.*

*Barnet ditt blir slått hver dag i barnehagen. Vi får ikke hjelp fra kommunen. Vi har tre gutter med store utfordringer på avdelingen. Voldsom og utagerende adferd. Det eneste jeg gjør dagen lang er å slukke brann, forsøker å minimere antall barn som blir slått. Ansatt etter ansatt blir sykemeldt. Vi river oss i håret på hvert møte i barnehagen. Jeg leser at det ønskes å utdanne barnehagepersonell til å oppfatte mobbing i barnehagen, at spesielt jenter lider under dette. Er det noen som tror at jeg ikke vet at jenta fra Somalia blir mobbet i barnehagen? Hver dag. Jeg vet det, jeg ser det. Men jeg kan ikke gjøre noe med det, fordi jeg må forhindre tre voldsomme, utagerende gutter fra å slå de andre barna.*

*Også, ja, glemte å nevne de to guttene på tre år, da, som ser denne volden hver dag, og som begynner å ta opp i seg denne oppførselen. De og begynner å kreve mye av min tid. Nevnte jeg at vi ikke får hjelp av kommunen? Jeg skulle selvfølgelig gått ut med historien min, til foreldrene, til media, men taushetsplikten og lojaliteten til arbeidsgiver gjør at dette forblir innenfor barnehagens fire vegger. Du skulle bare ha visst... (sic.)*

## DET AFFEKTIVE SOM INNGANG TIL Å LESE MED EMOSJONELLE DATA

For å skrive fram nettopp det som skjer når eg les historiene i #uforsvarleg bygger eg på Deleuze si tilnærming til affekt. Eg var tidlegare inne på korleis Deleuze og Spinoza hevdar affekt skil seg frå emosjonar<sup>66</sup> Historiene er praksisforteljingar frå røyndomen som eg ventar vil få fram ein del emosjonar eller kjensler. Det som er interessant i desse lesingane vil vere nettopp det som skjer i mellomrommet mellom kjensler og affekt. Dette kallar Hickey-Moody for ein «ein estetisk forskingsmetodologi» (2013, s. 79).

Deleuze seier: «*The affectus* refers to the passage (or movement) from one state to another” (s. 81). Denne overgangen eller passasjen frå kjensle til affekt kallar Deleuze for “the affectus”. Det peikar tilbake på det som materialiserer seg eller kanskje ein kan seie hender i dette mellomrommet, og korleis verkar det på ein, - eller på meg no når eg les historiene. Kva skaper det eller kva skjer inne i meg? Camilla Andersen som bygger på Deleuze skriv at «Affekt er noe som er mellom. Det er noe pre-perseptuelt som oppstår på terskelen mellom tenkning og ikke-tenkning, noe som skjer utenfor vår (subjekters) kontroll (...)» (Andersen, 2015, s. 318).

For å forstå dette betre fortel Hickey-Moody om ei dame som er nær ved å bli påkøyrd i eit vegkryss, og korleis denne hendinga for all ettertid framkallar ei ukontrollert kjensle av angst. Angsten fører reint affektivt til at kvinna byrjar å unngå dette krysset (s. 84). Som ei kort oppsummering før lesingane kan ein med Deleuze forstå at affekt er noko, kanskje ei kraft, som oppstår brått og ukontrollert.

Pedwell og Whitehead (2012, s. 116) forstår affekt som *ait potensiale*. Dei siterer Greco og Stenner (2008 s. 11) som kallar denne tilnærminga eit produktivt konsept og rammes «for grasping transformations, potentialities and «unpredictable connections between bodies».

Å bære med seg at affekt kan vere eit utmerka konsept for å sjå eller oppdage eventuelle *potensialetar*, vil vere eit særdeles interessant utgangspunkt for lesingane av #uforsvarleg.

---

<sup>66</sup> Meir utfyllande om affekt side 21.

## Å LESE MED «TRANSGRESSIVE DATA» AV ELIZABETH ADAMS ST. PIERRE

Transgressive data er resultat av St. Pierre si uventa oppdaging av *emosjonelle data* under eit forskingsprosjekt i heimbyen Piedmont i USA. Eller kanskje ein kan seie; dei er eit resultat av affekt. Intensjonen til St. Pierre var å intervju kvite middelaldrande kvinner. Undervegs i prosjektet byrja ho å kjenne på *dilemmaet* med å skulle definere desse kvinnene som ho sjølv hadde vakse opp med. Etterkvart som ho skreiv fram kjenslene sine med tankar rundt sine etiske dilemma, hadde ho med eitt skrive fram det ho seinare kalla *transgressive data*.

Transgressive data vart til det ho skildra som emosjonelle data; drøyme data, trøbledata, sensuelle data, og respons data (St. Pierre, 1997a, s. 411).

Årsaka til at eg i det heile har valt å lese med St. Pierre skuldast ein draum eg hadde. Og St. Pierre stiller sjølv spørsmålet: - Korleis kan ein la vere å ta omsyn til draumar? Var det nettopp noko intervju hennar bar preg av, så var det mange gongar nettopp draumane til desse kvinnene, og mange av dei hadde så intrikate liv og sterke historier å komme med at St. Pierre var nær ved å avslutte heile prosjektet fordi ho var så emosjonelt prega. Ho innsåg til slutt at de-konstruksjonen av desse emosjonane gjorde at ho forstod intervjuobjekta sine betre, og at emosjonar difor var heilt sentralt å halde fokus på.

Under lesingane som vert forklart i dei ulike 'livsfasane' i dette prosjektet, skriv eg som forskar fram mine eigne tankar og emosjonelle data når eg les. Som barnehagelærer/profesjonskjennar og forskar i prosjektet, vil dei kjenslene eg får når eg les dette samla sett, kunne bli til eit eige datamateriale som eg må finne ein måte handtere på.

Når det derimot kjem til trøbledata, så tenker St. Pierre om dette på eit overordna nivå med omsyn til at kva som er data og korleis vi forstår data, og kva som må ligge til grunn for at vi kan kalle det data. I lesingane mine har eg brukar eg trøbledata meir konkret på linje med emosjonelle data, altså eg kan poengtere det i lesingane der som eg opplever trøbbel i teksten, men på eit meir overordna nivå vil dette i all hovudsak vere den diskusjonen eg no vil komme til om det Deleuze omtalar som eit større og eit mindre språk, om prosessontologi og post-kvalitative studiar.

Eg legg ikkje stor vekt på sensuelle data i lesingane, men sensuelle data opererer i assemblaga og viser tilbake til min forskarposisjon. Lesaren kan sjå sensuelle data i lesingane gjennom korleis eg tenker, føler og mine resonnement som er ein del av den eg er.

No har eg ikkje eit direkte publikum å invitere inn i lesingane som spontant kan gje meg noko form for respons. Dei som kunne vore mitt publikum er anonyme og står meir på utsida, men responsdata

*kan og* tolkast som det eg ser, og som kjem til syne når ein jobbar med Deleuze og «the fold»: folding one text in to another, sjå under.

Responsdata må eg hente inn eller leite fram, ved å gå inn i tekstane å sjå nærare på ytringane i historiene. Det gjer eg ved å bruke den russiske språkforskaren, Michel Bakhtin. Responsedata vil ein også kunne sjå som sjølve analysen av lesingane, og det som trer fram.

Gjennom lesingane vil ein gjerne møte mange assemblage og kroppar både med og utan organ, og dette emosjonelle datamaterialet kan bli til den nøkkelen som avspeglar den psykiske helsa og kjenslene til både dei som har sendt inn historiene; og assemblaget til alle desse kroppane, eller Tante Knut(ene), om ein vil.

## “Å VEKKE MONSTER TIL LIVE”

“One’s always writing to bring things to life, to free life from where it’s trapped, to trace line of flight” (Deleuze sitert i Riddle, 2018, s. 3).

Når ein gjer lesingar og ser ulike kroppar røre på seg i ulike assemblage kan det vere at ein framkallar monster (Riddle, 2018). Å vekke monster til live kan førekome på ulike måtar. Som eg har spekulert på tidlegare: Kanskje vil eg finne sinte monster i lesingane, og kanskje vil dei vise seg under skriveprosessen. Kan det vere at Tante Knut(e) eigentleg er eit monster forkledd med knutar. Eller kan det vere at Tante Knut(e) held fast monsteret med knutane sine? Eller kan det vere som Honan, Bright og Riddle (2018) problematiserer, at monsteret kanskje alt er gøymd i skrivemetoden og i akademia?

Det er ingen tvil, skriv dei, om at ein har blitt «*academicwritingmachines* (Henderson, Honan & Loch, 2016), plugging into the *universitymachine* and *the publishingmachine*» (Riddle, 2018 s. 5). Sett frå dette perspektivet kan ein, sett på spissen, spørje seg om ein som tekstforfattar i akademia har blitt forvandla til eit «skrivemonster» som ukritisk føyer seg inn under ein atypisk akademisk tradisjon for korleis akademisk tekst skal skrivast. Det kan vere grunn til å spørje seg om det er ein konstruktiv måte å framkalle ny kunnskap på i uoverskodelig framtid. Som eg var inne på tidlegare: - *Kva nytt kjem det ut av å alltid skulle halde på å repetere det gamle?*

I materialet eg har framfor meg ligg der 365 historier frå praksisfeltet. Eg tek eit steg til side for å finne ut. Kva slags historier er dette, og er det ei historier som er sjangeren her, og korleis passar dei inn i «the academicwritingmachine»? Kva slags språk er brukt? Kan det brukast i «the university machine»?

Eg kan med det same kjenne att sjangeren og språket i historiene som er sendt inn til #uforsvarleg. Som barnehagelærer treng eg ikkje legge skjul på det. Eg har spekulert på kva som gjer at aksjonsgruppa har fått inn denne mengda av historier, og min teori er at delar av svaret finn ein ved å gå til Louise Birkeland (1998). I god barnehagetradisjon har ikkje berre barnehagelærarar, men og assistentar i barnehagane lært å bruke praksisforteljing som metode. Den vert gjerne brukt i samband med evalueringar og rettleiing.

Men kva vil det seie å skrive ei praksisforteljing, og kva inneheld den?

Birkeland seier:

*“Fortellingen er både et allment og faglig begrep. Vi kaller dem praksisfortellinger for å skille historien fra litterære fortellinger. Praksisfortellinger er selvlagede fortellinger av voksne om barn i barnehagen. Praksisfortellingene handler om avgrensede situasjoner, der samspillet mellom deltakerne er framstilt detaljert og personlig, slik det arter seg for fortelleren. Fortellingen vokser ut av erfaringen.» (Birkeland, 1998, s. 15).*

Deleuze og Guattari introduserer i «*Kafka -for en mindre litteratur*» termen *ein større og ein mindre litteratur* (Deleuze & Guattari, 1987; Deleuze & Guattari, 1994a). Som nynorskbrukar er dette noko eg lett kan relatere meg til. Langs med å både skrive fram, og lese langs med dette prosjektet ser eg kor uendeleg lite av litteraturen<sup>67</sup> eg treng som er omsett til nynorsk, og særleg gjeld dette paradigme eg skriv i/med/under no. Slik vert språket mitt er definert som eit lite språk - eller med Deleuze *eit mindre språk* -og her: *eit mindre fagspråk*.

Det på trass av at det er nynorsken som opphavleg er det norske språket, og bokmål ei avleiring frå dansk, og frå perioden Noreg låg under Danmark. På ei anna side er dette også grunnen til at eg så ihuga vel å klamre meg til det, med god støtte i at det tek meg om lag to minutt å køyre til Ivar Aasen-tunet frå heimen min. Majoriteten av dei eg omgåst til dagleg nyttar dette «mindre» språket. For brukarar blir det slik forvandla til «*eit større språk*».

Når eg så nyttar Deleuze sin forskjellsfilosofi, vert språket og mitt eige masterprosjekt særdeles, det eg vil kalle smalt, og det Deleuze og Guattari kallar *mindre*. Forskjellsfilosofi er i seg sjølv eit mindre språk. Ser ein det frå eit fugleperspektiv så er det norske språket også smalt nok i verdsmålestokk. Det er eit lite språk og sett i ein større målestokk, kan det «å flyge der oppe», gje ei forståing av kor lite eller «*mindre*» dette prosjektet eigentleg er. Eg er glad for at nokon har pløya vegen før meg, vekt monster til live og skremt dei bort, slik at eg har høve til å halde på morsmålet mitt. Om språket og litteraturen min er mindre, er den større for meg, og det handlar om subjektivitet.

Glad er eg og for at nokre få, kanskje eg bør kalle dei akademiske eldsjeler har pløya veg for at eg kan bruke min translatørkompetanse og omsette/nytte meg av Deleuze sin forskjellsfilosofi til nynorsk. Og ikkje minst er eg takksam for at mange før meg har pløya vegen for at nynorsk no er sett på som ok/greitt og stovereint i academia. Ein skal ikkje så mange tiår tilbake før det var problematisk, universiteta ligg i storbyane og språket passa ikkje inn ei «*academicwriting -og universitymachine*».

---

<sup>67</sup> Gjeld både primær og sekundærlitteratur.



Eg har sjølv i dette herrrens år 2018, fått spørsmål om kor vidt dei forstår kva eg skriv på OsloMet<sup>68</sup>. Når eg svarar at eg er registrert som nynorskbrukar, og at OsloMet svarar på mitt målføre ved formelle førespurnader, er der enno dei som vert overraska! Det har nok blitt lettare å vere bondestudent trass alt.

Kva så med praksisforteljingane frå #uforsvarleg. Er dei delar av eit større eller eit mindre språk, og korleis passar dei inn i «the universitymachine»?

Bjelkerud, Halmras, Sjøby og Østerås (2018) set i artikkelen «Å rive og røske i begrepene -sporinger og avsporinger av fagspråk i barnehagen» språket til barnehagelæraren inn i begrepsapparatet til Deleuze & Guattari og *den større og den mindre litteraturen*. Det er hevda at barnehagelærarane manglar eit fagspråk, eller meir konkretisert; at dei ikkje brukar det, eller at det sakte men sikkert forsvinn når dei trer inn i yrket.

Det som etter kvart kjem fram når artikkelforfattarane «riv og røskar i begrep» er at fagspråket til barnehagelæraren ser ut til å vere eit språk som høyrer til i *den mindre litteraturen* -eit mindre fagspråk. Blant anna påpeikar barnehagelærarane sjølve at det som skjer med til dømes teoretiske omgrep som er internalisert frå bachelorutdanninga, er at dei blir valt vekk og erstatta av andre ord mellom anna for å kunne gjere seg lettare forstått i foreldresamarbeid, eller i samtalar med barna. Denne forenklinga eller metoden barnehagelærarane her brukar eller tileignar seg, kan slik fortone seg som *eit mindre språk* (Bjelkerud, Halmrast, Sjøby & Østerås, 2018).

Mange barnehagelærarar bevegar seg altså i sin praksis frå eit større til eit mindre språk. Eg har lyst å seie at det ser ut til at dei bevegar seg frå «a universitymachine» til «a kindergardenmachine<sup>69</sup>». Det kan ved bruk av begrepsapparatet til Deleuze & Guattari sjå ut til at barnehagelæraren som først definert som ein profesjonsutøvar *utan*, eller med *manglande fagspråk*, etterkvart internaliserer to sett språk: *Eit mindre* til bruk i barnehagekvardagen, og *eit større* til ein meir overordna bruk i planlegging, dokumentasjon, som praksislærer og saman med fagfellar.

Kva så med praksisforteljingane? Kvar sånn omtrent finn ein desse i landskapet? Omgrepet praksisforteljingar er til dels sjølvforklarande. Dei er forteljingar eller *narrativ* frå kvardagen i barnehagen. Narrativ er gode verktøy for forskarar, og sentrale til bruk i ulike analysar, då dei har med element som avspeglar det ein ser på som livsverda eller røyndomen. Slik kan ein plassere praksisforteljingane inn i/under «the universitymachine».

---

<sup>68</sup> Omsett til eit større språk: Oslo Metropolitan University, (int.); på eit mindre språk: Oslo Storbyuniversitet (norsk).

<sup>69</sup> Mitt uttrykk (def.)

Når det derimot kjem til sjargongen eller dei språklege formuleringane og framstillingane, vil ei forteljing ha ein mindre streng struktur enn det ein finn i akademia. I ei kvardagsforteljing treng ein ganske enkelt ikkje vise til kjelder eller definere forskarposisjon innanfor eit gitt paradigme. Ein vil heller ikkje treng ei problemstilling, det held å skrive ut frå eit konkret tema som her i #uforsvarleg.

Slik kan ein forstå kva Birkeland meiner når ho seier at ein kan sjå forteljingar som både eit allment og fagleg omgrep, og med det kan ein kanskje tillate seg på same måte som med fagspråket til barnehagelæraren, å sjå praksisforteljingar som begge delar; *både eit mindre og eit større språk*.

Sidan (praksis-)forteljingane frå kvardagen som er sendt inn til #uforsvarleg er definert og tittelert som *historier*, vil eg langs med lesingane komme til å omtale dei både som forteljingar og som historier, somme gonger vil eg nok også komme til å definere dei som tekstar.

## Å LESE MED MAGGIE MACLURE:

*Maggie MacLure* nyttar i fleire av sine artiklar fleire spanande omgrep som eg på mange måtar finn heilt naudsynt å ta med seg inn i, ikkje berre metodologiske lesingar som her, men gjerne i all forskning. Eg har valt ut tre av hennar omgrep som eg vil komme nærare inn på, og det er for det første omgrepet «wonder», deretter «glow» eller glødedata, og tilslutt «silence». Alle desse tre er reiskapar som er gode å lese langs med, og kople på St. Pierre sine emosjonelle data, for å få fram kva historiene kan produsere, samstundes som dei i seg sjølve opnar opp for ein ny måte å reflektere rundt kva data kan vere.

- WONDER

For å kunne lese #-historiene med det utgangspunktet at ein er på jakt etter noko, botnar i ei grunnleggande nyfikenheit, noko som gjerne er universelt for all forskning. MacLure brukar i ei av sine publikasjonar omgrepet «wonder». Dette omgrepet vil følgje meg parallelt med lesingane, og i teksten vil eg somme gongar nytte omgrepet slik det står, som wonder, andre gongar på norsk, som *undring* (MacLure, 2013b). MacLure seier at wonder eller undring er relasjonelt og subjektivt og noko som finnes i alle:

*“When I feel wonder, I have chosen something that has chosen me, and it is that mutual “affection” that constitutes “us” as, respectively, data and researcher. In contemporary materialist terminology, wonder can be thought of as entanglement or “intra-action” (e.g., Barad, 2007), or the movements of desire and intensity that connect bodies— human and nonhuman, animate or inanimate, virtual and actual, including bodies of knowledge—in/as an assemblage (Deleuze & Guattari, 2004). We, and the data, do not preexist one another» (MacLure, 2013b s. 229).*

- GLOW

MacLure nyttar omgrepet “glow” eller det ein på norsk kallar for glødedata eller data som gløder. Glødedata er eit uttrykk som ein lett kan oppfatast som det ein elles i forskning gjerne vil kalle for funn, men MacLure set dette i ein samanheng med Deleuze sitt omgrep «sense» då ho ved å nytte dette omgrepet har meint at det ikkje berre er ein konkret representasjon, men også noko som skaper kjensler og affekt i møte med ulike delar av forskingsfasane (MacLure, 2013a, s. 660-662). Jamfør til dømes det affektive møtet St. Pierre hadde med informantane sine. Det vil i

MacLure sitt perspektiv kunne vere data som gløder. Og St. Pierre skreiv langs med denne opplevinga fram sine transgressive data.

- SILENCE

I artikkelen «*Silence as resistance to analysis: Or, on not opening one's mounth properly*» (2010) viser MacLure ulike dømer på stillheit og dei utfordringane dette skaper i kvardagen og ikkje minst i forskning. Korleis analyserer ein stillheit; når ingenting blir sagt, kva betyr det, kvifor er det stille, kva signaliserer det, kvifor oppstår det, og kva kjensler skaper, og kva fører det til. Dette er eit sentralt spørsmål eg vil ta med langs med.

For å løfte fram MacLure sine tankar om stillheit møter ein i artikkelen Hannah som er ei 5 år gamal britisk skulejente. Når læraren hennar tek oppropet i alfabetisk rekkefølge på morgonen, gjev ho aldri nokon form for respons. *Alle* dei andre barna svarar «Good morning Mrs. Edison» med *singsongvoice*, men Hannah gjev ingen respons, på trass av at dei andre borna støttar og oppmuntrar henne til å svare.

Då dette held fram over lang tid, kan det sjå ut som om Hannah har gjort det til ein regel å ikkje svare. Deretter får ein eit lite innblikk i kva dette fører til. Kjenslene til læraren, reaksjonane frå medelevane, ytterlegare tiltak som foreldresamtalar, diskusjonar blant lærarane osv. (MacLure, Holmes, Jones & Macrae, 2010).

## FORSKINGS-ETISKE DILEMMA OG VURDERINGAR

Forsking handlar gjerne om å gjere noko på vegne av *andre*, ved bruk av eit ulike metodar. Det betyr igjen at ein handlar på vegne av *andre*. Ein siterer *andre* med setningar og skriv kva dei på ulike måtar formidlar. I dette ligg der eit stort ansvar, for som forskar har ein også makt. Dette maktforholdet er ofte ujamnt og asymmetrisk. Dette er særleg viktig når ein forskar på/med/hjå barn. Barn kan til dømes ikkje lese det forskaren skriv om dei (Farrell, 2005). Ein må vise respekt og behandle dei ein forskar på med verdigheit (Rhedding-Jones, 2005, s. 86).

Kva skjer så når eg overfører til lesingane av historiene til #uforsvarleg? Dei som har skrive inn historiene er rett nok anonyme og har fått dei publisert i all offentlegheit, difor står eg rimeleg fritt til å bruke dei. Det fekk eg tidleg avklara gjennom ein samtale med Norsk Senter for Dataforskning<sup>70</sup>. Lesinga av historiene er ikkje meldepliktige grunna anonymiteten. Men på trass av anonymiteten har dei ikkje høve til å verne seg mot kva eg og andre forskarar i framtida les og forstår ut av det dei skriv. Det som kanskje er særleg interessant, er at historiene som er sendt inn uansett vil vere data, og adressaten skaper her ein del bilete, nokre vel vitande om det medan andre gjerne ikkje reflekterer rundt det i det heile. Om det ein forskar gjer ut av det vert ståande som ei sanning, er eit tungtvegande etisk dilemma (Rhedding-Jones, 2005, s. 86).

Som forskar i dette er det mi etiske plikt (Jf. NESH, 2006) å vere medviten om dette og handle ut frå dei forskningsetiske retningslinjene, men eg kjenner det er også som mi «plikt» å vere kritisk og problematisere det bilete desse historiene konstruerer. Per dags dato har der ikkje kome inn motsvar, og ein kan gjerne seie at «den som teier samtykkjer». Historiene vert ståande fullstendig ukritisk som representasjonar heilt utan eksterne vurderingar.

Gjennom lesingane vil eg kontinuerleg måtte vurdere kva som er etisk å skrive fram og ikkje (Rhedding-Jones, 2005, s. 86). Somme gongar kan det som står fram som klart uetisk og vere uetisk å la vere å skriv om, av så enkle grunnar at dersom ein ikkje skriv om det uetiske, så forsvinn ein del av det totale bilete. Eller som her, nokre vil då risikerer å miste si stemme om budskapen vert fjerna eller sensurert bort.

Eit anna sentralt moment er at som forskar har eg fått historiene hjå aksjonsgruppa til Barnehageopprøret. Eg har fått dei, og det kan vel vere at aksjonsgruppa forventar ein slags støtte og lojalitet frå meg av den grunn. Diverre er det ikkje slik forskning fungerer. Som forskar veit eg ikkje kva som vil tre fram gjennom arbeidet med ulike metodar. Det ville vere ureieleg å posisjonere meg som

---

<sup>70</sup> <http://www.nsd.uib.no/>

ein del av aksjonen eller for den del imot aksjonen. Med bakgrunn frå profesjonen går eg inn i materialet med eit blikket til ein barnehagelærer.

### -Å-SY-SAMAN-FOLDAR-TIL-FOLDESKJØRT-<sup>71</sup>

Som ein inngang er historiene i kampanjen #uforsvarleg lik eit tøyestykke eg no har studert,



vridd, venda på, bretta inn og ut, med eksperimentelle stunt. For å kunne sy dette saman til eit foldeskjørt, treng eg meir konkrete reiskapar. Eg må leite i syskrinet mitt etter ei nål og litt tråd for å kunne gå meir inn i detaljane, og eg flyttar meg no som ein nomade frå eit makro og ned til eit mikronivå.

I dei komande lesingane går eg frå å jobbe med dette store tøyestykket og dei store linjene (makronivå), og over til MacLure og St. Pierre for å låne meg nål og tråd, slik at eg kan gå meir detaljert inn i saumane og foldane som er dei enkelte historiene i #uforsvarleg kampanjen, før eg til slutt freistar å tråkle det heile saman.

Foto: Privat

---

<sup>71</sup> Bindestrek i denne overskrifta symboliserer saumen som skal halde foldane saman.

### 3. KAPITTEL LESINGAR AV #UFORSVARLIG<sup>72</sup>



#### #UFORSVARLEG HISTORIE 5

Historie 5 handlar om ein barnehagelærer som både er mor og pedagog. Det passar fint å starte med denne teksten, for det ho skildrar i denne teksten er nettopp sine kjensler i denne skvisen av ei dobbeltrolle. Ho møter seg sjølv i døra og fortel kor vanskeleg det er å skulle trygge andre foreldre samstundes som ho sjølv kjenner på manglande tryggleik med omsyn til bemanninga i barnehagen der ho jobbar. Ho skildrar ein kvardag der foreldre har lite innsikt i barna sin barnehagekvardag. I teksten brukar ho verb som: *gråter, gruer, knalltøft, savner og svik* (sic), for å skildre korleis ho har det. Emosjonelle data for meg som lesar, er skildringane av korleis ho kjenner på redsla av å ikkje strekke til ovanfor eigne barn når ho ikkje strekk til på jobb.

Utdrag:

*«Når venner har uttrykt bekymring over at deres barn snart skal begynne i barnehage har jeg vært den pedagogen som har sagt «Du trenger overhodet ikke å være bekymret, de har det SÅ fint i barnehagen! Det er alltid verre for foreldrene enn barnet». Men er det virkelig sånn da? Jeg er usikker. Jo mer innsikt jeg får i barnehagesektoren, desto mer skeptisk blir jeg. Det er ikke alltid slik at kunnskap er makt, i hvert fall ikke når man står på begge sider av saken.» (sic).*

Deretter støter eg på det Maclure kallar for «glow» eller GLØDEDATA (Maclure, 2013a). Ho fortel i denne teksten korleis ho opplever at barna i barnehagen etter kvart justerer seg ut i frå at «her» nyttar det ikkje å rope/be om hjelp. Dei blir berre ein i mengda. Ein kan sjå at barna endrar åtferd.

---

<sup>72</sup> Foto henta frå Barnehageopprøret sine sider på Facebook

Langs med lesingane skriv eg kort «glødedata» når eg oppdagar data som gløder for meg.

Kjensla eg får som lesar av denne historia er *fortviling* og *uvisse*. Emosjonelle data (St. Pierre, 1997b) vert i lesingane gjerne notert i kursiv og notert som «kjensler».

### #UFORSVARLEG HISTORIE 17

Historie 17 har ein annan avsendar som poengterer at ho ikkje klagar, - berre informerer. Denne setninga gjev meg grunn til å tru at ho fryktar noko. Kan det vere at ho er *redd for trøbbel*<sup>73</sup>?

Utdrag:

*«Jeg vil presisere at jeg ikke klager om min arbeidssituasjon eller min barnehage...»*

Teksten gjev meg som lesar lite rom eller opning for emosjonar i den skrivne teksten. Sakleg og informativt påpeikar ho fem endringar i barnehagestruktur og drift som ho utdjuar punktvis. Ho er innom endringar knytt til opningstider, krav om kartlegging, overføring av funksjonar frå heim til barnehage og ein tilvenningsproblematikk som no strekker seg ut over heile året. Det er noko ved dette som gjev meg kjensla av stress og deretter *frykt*.

Eg må med MacLure «wonder», undre meg (MacLure, 2013b). Avsendar gjev meg inntrykk av å vere redd. Eg blir litt stiv i kroppen av å lese dette. Teksten er så lukka at den opnar for *spekulasjon*, og det gjev grunn til å tru at det her ligg implisitte forteljingar som ikkje kjem fram frå barnehagekvardagen. For som ho skriv det er erfaringar frå praksis teksten hennar bygger på.

### #UFORSVALEG HISTORIE 24

Historie 24 gjev meg tusen spørsmål. Avsendar fortel om ei arbeidsveke med 2 tilsette på 9 barn under 3 år.

Utdrag:

*«Det er 16 minusgrader ute, så vi har ikke kunnet gå ut. Vi skiftet på alle barna før kollegaen min gikk hjem, men nå begynner 14-maten å fordøyes hos de små. Så på under en time får jeg 7 bæsjebleier. Jeg vet at naboavdelingen har 2 voksne på 32 barn, så da er det dessverre ingen hjelp å få derfra, og styrelsen har feriedag.»*

---

<sup>73</sup> Jamfør trøbledata (St. Pierre, 1997b).



Det er nok til å gje meg som barnehagelærer og forskar ein kald dusj. Emosjonar som kjem opp kan skildrast som *lamming* og *hjartesor*. Dette er nok glødedata for meg. Eg trur ikkje det eg les, og får fysisk vondt i magen. Dette assemblaget av emosjonar gjer at eg får vondt i den fysiske kroppen; eit tenkt *mageknip*. Eg forstår poenget til MacLure som hevdar at glødande data er nær knytt saman med Deleuze sitt omgrep *sense*, glødedata vert for meg særdeles sanslege etter å ha lese denne historien (Maclure, 2013a). Samstundes tenker eg at kanskje eg har hatt det godt og at eg hadde rom for fleksibilitet i eigen praksis, både som styrar og pedagogisk leiar. Eg er nok av dei som har overskride vikarbudsjettt for å dekke opp dagen med nok bemanning for å kunne gje alle ein god kvardag. Det gjev meg gode kjensler. Takk tenker eg, og er brått glad for kvar ein vikar eg har fått tildelt og har leigt inn. Tilbake til denne historia sit eg med tusen spørsmål.

UNDRING:

- 1 *Kvifor jobbar ikkje første vakta litt overtid?*
- 2 *Kvifor har det vore slik ei veke?*
- 3 *Kvifor har styrar organisert det slik, og kjenner eigentleg styrar til alt som kjem fram her? (I teksten står det at styrar er på ein ferie).*
- 4 *Er dette ein såkalla profittbarnehage?*
- 5 *Eg gjer meg tankar om fysisk og psykisk helse til både barn og tilsette.*
- 6 *Eg merkar meg rollebyte/karakterbyte til barnehagelæraren når «mor kjem for å hente».*
- 7 *Vidare spør eg meg sjølv om kor vidt personalet torer å skrive avviksmeldingar på manglande bemanning....*
- 8 *Og, kor vidt personalet torer å dokumentere TID utan vikar.*

GLØDEDATA: Denne historia fortel meg mykje om ei form for det eg vil kalle ei feilaktig forståing av profesjonalitet. Ei mistyding. Avsendar skildrar ei karakterending i det ei mor kjem for å hente barnet sitt. Ho blir brått den barnehagelæraren som freistar å dekke over korleis dagen eigentleg har vore. Og det får meg til å undre: Kven gagnar det?

Utdrag:

*«Noen kommer. Jeg tar på meg det falske smilet mitt som jeg har blitt veldig god til å bruke og forteller om en bra dag».*

Eg får sterke assosiasjonar til John Irving og *«lyden frå einkvan som prøvar å ikkje lage lyd»*.

## #UFORSVARLEG HISTORIE 35

Historie 35 er ei kort historie. Berre innleiinga er med på å gje meg *frysingar og ubehag*. Ein får her servert ei forteljing om korleis barn i barnehagen byrjar å ta vare på kvarandre fordi dei ser/opplever at dei personalet ikkje strekk til.

Utdrag:

*«Så går jeg tilbake til gutten, for å vende min oppmerksomhet mot han igjen. Jeg finner han i den ytterste garderoben, sammen med en like gammel jente. Hun holder armene sine rundt gutten, og stryker han over ryggen. Han har sine armer godt rundt jenta. Gutten gråter fremdeles, men litt mer stille. Jenta møter blikket mitt, og hver fiber i min kropp forteller meg hva som egentlig var min oppgave».*

Dette minner meg om forteljingar ein får servert frå barnevernstenesta. Om sysken som tek vare på kvarandre, fordi foreldra av ulike årsaker ikkje evnar det. Eg får eit syn på netthinna frå slutten av 80-talet; Ceausescu-regimet i Romania og tv-bileta frå barneheimane der. Eg har alltid tenkt at dette er noko som høyrer til nettopp der, men byrjar tvile.

Dette får meg til å kjenne på eit stille raseri. Emosjonane veltar meg over ende. Eg bit saman tennene, vert tung for brystet og kjenner på noko som minner om pustevanskar.

Profesjonsutøvaren fortel at ho gjennom heile arbeidsdagen føler at ho gjer alt feil. Og det er ikkje vanskeleg å forstå at når ein er så stressa, så vert det gjerne summen av opplevinga av eigen innsats. Men eg kan derimot i mi lesing også sjå at ho gjer mykje av det eg tolkar som profesjonskunnskap, ho berre maktar ikkje sjå det sjølv. Ho ser på handlingane sine som «brannsløkking», men mange av dei kan ein også seie er førebygging. Ho har ein profesjonalitet. Ho kan faget sitt og ho viser også at ho kan å vere i forkant.

### LIVSFASE: TANKAR KRING METODOLOGI

Eg har no starta innføringa av analysen. Det gjev meg nye tankar. Eg tenker på strukturen i analysen. Bør den vere lik? Eg går for nei. Kvifor? Fordi, kvar enkelt historie er unik.

Eg gjer ei oppsummering under resultat. Ulike moment kjem fram i dei ulike historiene. Det byrjar å gå opp for meg at her er fleire glødedata enn eg hadde forventa å finne. Det i seg sjølv er eit funn.

Eg gjer meg mange personlege refleksjonar, det er heilt klart ein del av min forskarposisjon, men kan det etterprøvast? Truleg nei, men det må likevel vere med fordi eg er utdanna barnehagelærer. Det i seg sjølv kan vere med på å kaste lys over element som kan opne opp for lesaren på ulike måtar.

Når det gjeld lesinga med emosjonelle data så kan det vere vanskeleg å etterprøve, men kvar historie er ei ny oppdaging og ei ny kjensle for meg. Historiene verkar på meg. Det er uklart for meg kva eg vil kjenne på, så kvar notis av mine kjensle er difor notert for å kunne gjere dette mest mogeleg transparent.

Det er ein studie i seg sjølv å oppdage korleis teksten verkar på meg. Det er også svært interessant å sjå kva verb dei anonymiserte skribentane av historiene brukar når dei skriv fram forteljingane sine. Ein kan ikkje unngå å sjå/nekte på at dette er ytringar og ein måte å tale på for å sitere Foucault, som dannar sin eigen diskurs (Foucault, 1999). Dei som skriv inn historiene skaper på sett og vis sitt eige språk, sin eigen sjanger.

Eg vert *var* ei uvisse når det kjem til bruken av emosjonelle data. For kva status har eigentleg emosjonelle data i forskning? Alle menneske reagerer ulikt på ulike former for stimuli, det gjer det vanskeleg å validere emosjonar. Kan ein med det utgangspunktet seie at emosjonar er noko som ikkje eksisterer? For meg er det uråd å svare nei på dette. Eg er av dei som trur at alle menneske har eit innebygd register av kjensler.

Carolyn Pedwell og Anne Whitehead (2012) kastar i artikkelen «*Affecting feminism: Questions of feeling in feminist theory*» lys over denne problematikken. Dei omtalar det som har skjedd i forskning dei siste tjue åra som eit slags skifte frå ein «*textual turn*» til ein «*affective turn*», der dei kan vise til ei lang rekke forskarar og teoretikarar som i aukande grad tek høgde for, og som inkluderer affekt og emosjonar som ein sentral del i si forskning. Pedwell og Whitehead skriv:

«*This increasing engagement with the political, cultural, economic and psychoanalytic implications of affect and emotions both reflects and engages with a wider “emotionalization of society” in which “emotions are imagined to provide a privileged source of truth about the self and its relations with others” and there is a “perceived growth in the range and intensity of emotions and emotional expression in the public sphere”* (Swan 2008:89 i Pedwell & Whitehead, 2012, s. 116).

Med mi forståing av emosjonar som noko immanent, er eg glad for endringane etter «the affective turn», eller *den affektive vendinga* som Ninni Sandvik seier i si doktoravhandling frå 2013. Sandvik skriv at denne affektive vendinga ser ut til «å ha blåst liv i subjektet igjen» slik at det på nytt vert aktuelt å snakke om kjensler og affekt (Sandvik, 2013, s. 41). I denne fasen av prosjektet mitt er det

ikkje så lett å sjå korleis desse emosjonane i subjektet mitt kan løftast fram, det må bli ein del av spaninga.

LIVSFASE: ANALYSE BLIR TIL LESING.

Eg har no skrive åtte sider. Å skrive åtte sider utan å vise til ei einaste kjelde kjennes rart, på trass av at mykje teori ligg til grunn. Det får meg til å revurdere analysen min. For det eg til no har omtalt som ei *analyse*, er eigentleg ein metodisk gjennomgang, eller ei lesing av tekstar. Det går opp for meg at analysen er det som kjem innimellom eller i etterkant av lesinga. Eg går her tilbake til det eg har kalla analysen og endrar overskrifta til «Lesingar av #uforsvarleg».

### #UFORSVARLEG HISTORIE 45

Ein kort tekst som seier mykje. Ei mor fortel openhartig om sitt møte med ein stor basebarnehage. Etter kort tid i denne barnehagen opplevde ho at barnet hennar vart gløymd på tur, og at det ikkje vart sakna før gruppa tok til på måltidet. Under ein foreldresamtale litt seinare fekk ho feilaktige opplysningar om barnet, og det var så tydeleg, at barnehagelæraren til slutt måtte erkjenne at ho snakka om feil barn: GLØDEDATA.

Mor fortel at organiseringa i barnehagen var så open og svevande at verken barn eller tilsette hadde nokon base. Dei var organisert i soner der talet på barn i kvar sone var frå 27 og på vårparten 30. Dette førde til at der var ein enorm gjennomtrekk av vikarar. Etter desse merkelege opplevingane valde denne mora å ta barnet ut frå barnehagen.

Utdrag:

*«Jeg kan bare tenke meg til hvordan det er å jobbe under slike forhold. Men eg kan fortelle litt om hvordan det er å ha barnet sitt på eit slikt sted: Ofte måtte jeg levere barnet mitt til villt fremmede som sto og krysset han inn. De var de gangene de faktisk hadde vikar.. (sic).*

Som lesar av denne teksten kjenner eg først på *håpløyse*. Når eg kjem til den delen der mor skriv at ho vurderte forholda som så dårlege at ho valde å ta ut barnet sitt blir eg svært *letta*. Og eg vert *glad* for at nokon faktisk ser, og faktisk torer å ta grep når dei forstår kva som går føre seg. Eg vert uendeleg både glad og letta på barnet sine vegner.

## LIVSFASE: EI NY OPPDAGING

Eg har brukt litt tid på å ta stilling til utval av tekster. Då skjer det noko. Det at der berre er 75 av dei 365 historiene som er publisert i Dagsavisen innhentar meg. Først tvilar eg på at dette kan stemme og eg brukar litt tid på å gjere søk i avisa. Men nei, der er berre 75. Det er færre enn eg først var klar over.

I all hast sender eg ein førespurnad til aksjonsgruppa gjennom Facebook, for å få ei oppklaring, som kjapt stadfestar dette. På nett ligg der førebels berre 75 historier. Dei vurderer å publisere fleire, dei er akkurat i ferd med å ta stilling til dette. Vidare vil dei diskutere kor vidt dei skal sende meg alle, utan at eg faktisk har spurt, noko eg vert svært takksam for.

Etter nokre dagar får eg ei melding på Messenger om at dei vil gje meg tilgang til alle, - og vips, så ligg dei i innboks mi, saman med mange andre aktuelle avisinnlegg og informasjon eg kan ha god nytte av. Eg får også eit namn på alle som sit i aksjonsgruppa.

Eg høyrer akkurat no til ei lita og eksklusiv gruppe som har tilgang til alt materialet. Med dette følgjer der også med eit ansvar, for aksjonsgruppa vil ut frå kvar enkelt førespurnad ta stilling til kven som får lese alt. Dette gjev meg både gneist og ærefrykt for arbeidet som ligg framfor meg.

## #UFORSVALEG HISTORIE 53

Ei lang historie om konsekvensar av manglande bemanning. Her er det mykje *trøbbel* (St. Pierre, 1997b): Forteljingar om barn som går for lenge med bleier, til rein oppbevaring og hyppig utsett møteverksemd.

Utdrag:

*«Noen dager får man ikke tatt pausen sin. Og det er ikke fordi ledelsen nekter noen å ta pause, men samvittigheten stopper deg i det du er på vei ut døra og du VET at den voksne som blir igjen der mest sannsynligvis kommer til å løpe beina av seg for å hjelpe de 7 minste barna under måltidet. Passe på at de ikke setter noe i halsen og kveles, se til at de får smekke på før de begynner å spise, klare å smøre 7 skiver på under ett minutt så ikke alle begynner å hyle (...) Hvis denne ene voksne som er igjen med barna i tillegg er en ukjent vikar, så sier det seg selv at det ikke er forsvarlig å ta den pausen. Samvittigheten spiser deg til lunsj» (sic).*

Litt av årsaka til underbemanninga skuldast at den femte, som skal vere på avdelinga, her er det ein kallar for «teamleiar» og vedkommande sit på kontoret heile veka: Glødedata.

Eg må undre meg: Er dette rett prioritering?

Dersom eg som barnehagelærer skal gjere eit forsøk på å svare på dette så vil eg seie at det er viktig å ha ein teamleiar på avdelinga, men det ser ut for at dei har komme inn i ein vond sirkel. Og ein kan spørje seg kva som kom først. Var det høna eller var det egget?

Er det fråværet av denne femte på avdeling, som gjer at dei alltid kjem bakpå, eller er det generell manglande bemanning som gjer at møteverksemda stadig vert utsett og gjev meirarbeid til «teamleiar»? Av erfaring veit eg at vaktlister og planar lagar seg ikkje sjølv. Det ein ser her kan også skuldast manglande eller misoppfatta rolleavklaring for denne teamleiareren.

## #UFORSVARLEG HISTORIE 60

Meir trøbledata. Ein tidlegare barnehagelærarar i feltarbeid fortel at under eit måltid, så er ho og ein barnehagelærer åleine med 19 barn der av to har psykisk utviklingshemming. Ho skal gå for dagen, men tilbyd seg å vere igjen då ho ser at barnehagelæraren *strevar* og det er *kaotiske tilstandar -ingen av barna får den hjelpa og omsorga dei treng*. Barnehagelæraren seier at ho berre må gå, for ho har gjort dette åleine fleire gonger tidlegare. Feltarbeidaren går ikkje, - ho ser at alle har det ille. Når måltidet er slutt sender ho barna ut. Altså, ho kler åleine på 19 barn i garderoben og sender dei ut, for ute er der er fleire tilsette som kan «passe på dei», eller GJETE<sup>74</sup> dei, som heilt konkret vil seie at ein går rundt med ei liste der dei kryssar av for om alle barna er innan synsrand.

Som forskar kjenner eg meg berre *makteslaus og oppgidd* når eg les dette. Det er klart at ein slik kvardag er ille for alle involverte, og det er nesten så ein kan undre seg over om her finns ei leiing i denne barnehagen.

Eg vil spole tida litt tilbake. Sett at denne feltarbeidaren ikkje var der. Det har skjedd at denne barnehagelæraren har vore heilt åleine med alle desse barna under fleire måltid tidlegare. Eg kan sjå både sjå og høyre larmen frå barn som ikkje får hjelpa dei treng. Eg kan sjå barnehagelæraren springe rundt. Men kven andre ville sett eller oppdaga denne situasjonen? Sjølv om desse måltida langt ifrå kan ha vore stille, kjenner eg på «silence» her (Maclure et al., 2010). Det er nokon som ikkje blir høyrte her, og det er ikkje berre dei barna som sit rundt bordet.

---

<sup>74</sup> Å gjete er vanlegvis eit uttrykk knytt til pass og stell av dyr. Her i overført tyding brukt om å sjå etter barna på ein tilsvarande måte under uteleik.

## #UFORSVARLEG HISTORIE 74

Eg får kjensla av å ikkje strekke til. Ein får ei forteljing frå ein bringesituasjon som opplevast som særdeles *ukomfortabel og pinleg* for den barnehagelæraren som står i det. Ho er åleine med 15 barn då nr. 16 blir levert. Det oppstår ei hending og barnet spring ut av barnehagen.

Når eg les dette får eg den ekle kjensla av *å vere ei ein skvis*. Kva skal ho gjere? Femten barn er åleine inne. Skal ho springe ut? For sikkerheita til det barnet som sprang ut sin del, vel ho då å springe etter. Mor er att inne i garderoben. Slike situasjonar oppstår gjerne fort, ein har mest ikkje tid til å gjere ei fornuftig vurdering, og ein kan lett kjenne seg uprofesjonell. I dette tilfellet vurderte vedkommande det slik at det var mest fornuftig at ho sprang etter. Ideelt sett burde ho kanskje sagt til denne mora at ho var åleine med 15 og om ho då likevel sprang etter, burde ho gjerne bedt å mor ha eit auge med dei som var att inne. Det er lett å vere etterpåkløkt, og dette er eit fint døme på ein situasjon som bør evaluerast i etterkant. Ei glitrande døme på mangel på bemanning og kvalitet i ein bringesituasjon.

### LIVSFASE: UVENTA FORDELAR

Sidan eg no «slepp» å gå inn på Dagsavisen for å leite fram fleire forteljingar, og no berre kan klikke meg inn i PDF-dokumentet til #uforsvarleg, så vert det enklare for meg å plukke ut narrativ eg synes har noko interessant ved seg, men eg held meg framleis til planen som å velje ut ei historie pr. tiande vilkårleg ut frå nummerering.

### LIVSFASE: TVIL og FORTVIL

Eg har alt tatt stilling til min forskarposisjon, men står no i fleire dilemma. Det er mange val ein må ta. Eg har lese #uforsvarleg historiene med St. Pierre. Eg er i tvil om kor vidt eg bør halde fram med det. Det kan bli monotont for både meg og for lesaren i lengda. Eg har alt avklara min eigen forskarposisjon, men gjerne ikkje tenkt så nøye gjennom det etiske i det eg held på med, som eg eigentleg synes er ein særdeles både viktig og sentral del av denne tematikken. Eg er også eit steg tilbake med omsyn til utval. Eg må truleg gjere ei ny vurdering.

LIVSFASE: HISTORIENE EG HAR FÅTT TILSENT FRÅ AKSJONSGRUPPA STEMMER IKKJE MED NUMMERERINGA I DOKUMENTET.

-og eg kan forstå årsaka til det. Fleire av historiene som har kome inn er korte og generelle. Dei kan ikkje publiserast i avisa, for det gjev lite meining. Nokre har berre skrive «#uforsvarleg» som om det var eit kommentarfelt - og andre har til dømes avgrensa seg til å skrive: «Låg bemanning».

Eg skal no lese to historier til før eg gjer ei nomadisk fråflytting. For å unngå å lage så mykje rot med tanke på system og utval, held eg fram med same taktikk, men nyttar då nummereringa frå det tilsendte dokumentet.

#### **#UFORSVARLEG HISTORIE 80** (frå PDF-dokumentet)

*«Jeg har lært utrolig mye gjennom årene på høgskolen, og jeg ser frem til å få brukt all kunnskapen studiet har lært meg når jeg starter i jobb. Samtidig så skremmer det meg at den nå eksisterende bemanningsnormen som ikke fungerer vil gjøre det slik at jeg ikke får brukt utdannelsen min slik jeg ønsker. Jeg ønsker å være en barnehagelærer som ser de barna som trenger ekstra oppfølging, fange opp de barna som av ulike årsaker ikke har det så lett og jeg vil være der for barna slik at tiden i barnehagen blir fylt med lek, glede og mye omsorg. Jeg ønsker ikke å være en barenehagelærer som føler at jeg ikke får gjort jobben min godt nok fordi vi er for få voksne på jobb. Derfor har jeg et ønske om ny bemanningsnorm slik at barna i barnehagen får det de trenger.» (sic).*

Dette er ei historie som skil seg ein del frå dei andre lesingane. Dette er ei historie med ein budskap som *gjer ein varm* innvendig. Det er ei historie frå ein barnehagelærarstudent som handlar om det å håpe på ei betre framtid for barnehagebarn, slik at ein får lengre sekvensar 1:1, vaksne og barn. Eit håp om ei framtid *utan STRESS og SAMLEBANDSSTRATEGIAR* for å greie å komme gjennom dagen. Ho poengterer at ho freistar å nyte studentperioden, då ho veit at realitetane ikkje fortonar seg slik som når ho som er student har praksis, der ein gjerne får nokre ekstra hender til å ta seg av barna.

Studenten har begynt å innsjå realitetane og skriv fram *sine draumar for framtida*. Etter å ha kava seg gjennom fleire skrekkhistorier gjer det godt å lese denne. Det kunne vore fint om #uforsvarleg hadde fleire av denne typen historier som skisserer framtidshåp, der ein kan sjå konturar av kva barnehagen med fleire midlar potensielt kan bli til i framtida.



## #UFORSVARLEG 99

Eg har kalla denne historia for UFF! Dette er ein opprørande tekst:

*«(...) Du tør ikke være syk. Du tør ikke være borte fra jobben. Du vet hva som skjer? Du vet hva som skjedde sist? Du vet at de to ufaglærte med lite arbeidserfaring blir stående igjen. Du vet at en av dem antakelig også er syk i dag. Du vet det ikke finnes midler til vikar og at dagen vil bli løst med å flytte barn og voksne rundt på huset. Selv om driften til tider er godt over grensen for det som er forsvarlig i forhold til både barnas og de voksnes fysiske og psykososiale arbeidsmiljø stenger vi aldri. Du husker hva som skjedde de forrige gangene du var syk? Du husker det brukne kragebeinet? Du husker de brukne tennene? Bittskaden som måtte til legevakta? Barnet med spesielle behov som rømte? Du husker de ville barna som ble møtt med bømmer med kjeft i stedet for avtalte pedagogiske strategier? Du husker de stille barna som ble oversett? Bleiene som ble glemt? Rutinene som ikke ble gjennomført? Voksne som gav opp og kjørte video i innetiden som passiviserende aktivitet daglig? Voksne som tok i bruk «timeout» fordi de manglet verktøy til å takle situasjoner på en profesjonell måte. Foreldrene som stod i kø for å melde fra om større eller mindre hendelser som kunne vært unngått hvis det var en voksen tilstede som kunne taklet situasjonen? Garderoben du selv måtte spyle utenom egen arbeidstid? Overtidstimene det tok å få ting i orden som du aldri vil få betalt for da det ikke fantes hjemmel for denne typen overtid? Tid som strengt tatt din egen familie skal ha. Du vet at det er tynt med folk på naboavdelingen også. Riktignok styrket opp med en fersk vikar da en voksen endelig har sprengt 16 dagers grensen slik at vikarmidler fra staten utløses.*

*(...)*

*Men det blir **verre** hvis du også er syk. Det blir **verre** for de ville barna. Det blir **verre** for de stille barna. Det blir **verre** for barna med spesielle behov. Det blir **verre** for gråsonebarna. Det blir **verre** for de helt vanlige gjennomsnittlige barna (om noe slikt overhodet eksisterer). Det blir **verre** for de som står igjen uten verktøy eller mannskap til å lage god barnehage. Det blir **verre** for foreldrene. Og det blir mye **verre** for deg når du kommer tilbake. Bare å kaste innpå en neve til med paracet og få ned feberen. Den er under 39c så det går. Eller knaske sin voltaren og bestille en ny akutt time hos en behandler som rister på hodet over at du nekter å la deg sykemelde og ikke forstår at om du ikke går på jobb kommer det ingen istedet for deg. At det går ut over barna. At alle skader skjer når du er syk. At det er ditt ansvar og bemanningen så presset at det ikke går (sic).*

Barnehagelæraren i meg får *panikk* når eg les dette. Den fysiske kroppen min har panikk, skapt av ein kropp utan organ, BwO. Denne kroppen utan organ snakkar til meg på ein spesiell måte. Historia har sitt eige språk og sin eigen diskurs som gjev min fysiske kropp litt panikk. Det manglar ikkje på syting og klaging her, og legg merke til kor mange gongar den som formidlar brukar ordet: VERRE i det siste avsnittet. Det blir verre og verre, verre og verre.

Det er sjølvsagt mykje ein kan kjenne att i denne teksten, og nok ein gong ser eg dilemmaet og forundringa over manglande forståing frå andre profesjonar når vedkommande skulle hatt ei pause. Kvifor er det slik at legar og andre sjukmeldarar ikkje heilt ser den skvisen ein er i? Skuldast dette ganske enkelt at ein i barnehagane aldri har hatt tradisjon for å løfte fram situasjonen?

Kan dette vere ein konsekvens av det MaLure løftar fram som dilemmaet med *silence*, eller stillheit i forskning? (Maclure et al., 2010). Eg må også undre meg: - Er dette rett og slett dobbel ris til eigen bak, eller skuldast dette represaliar og knebling?

## KVA SKJER I OG MED KLYNGELESINGAR?

### HISTORIER FRÅ 100-200

I det eg les historiene noterer eg meg kva som er interessant ved dei. Då eg har lese den siste nr. 199, ser eg at eg har laga meg eit slags system utan at det var intensjonen. Bak nummereringa av historiene, har eg med nokre korte setningar eller titlar, løfta fram essensen til kvar enkelt.

Bak kvar av dei 22 historiene sine nummer står det til dømes:

*«Foreldreperspektiv; Om å komme og gå; Mennesket som maskin; sosial angst og utmelding; Eg driv rovdrift på mine tilsette; 3 tilsette på 27 eittåringar; Å forlate mange barn; Ukjend vikar; Vaksentettleik versus formelle krav; Gjennomtrekk; Barn som forsvinn; Du skulle berre visst.; Tempo og arbeidsoppgåver; Pedagog SKAL; Fråflyttingar; Å velje mellom barn – kunnskapar om forskning og utdanning; Påføring av skuld frå leiinga; Åleine ute med 70 sovande barn; Legge vekk studentrolla pga. mangel på bemanning ; Frå små til store einingar; Fordeling/plassering av barn; og Ukjend vikar på småbarn».*

Reint metodologisk er kanskje dette eit døme på det Deleuze kallar «the inside as the operation of the outside». Kor vidt denne operasjonen fungerer som ei forstyrring slik han tenker at «the fold» er meint, kan gjerne diskuterast, men dersom ein studerer dei nyskapte overskriftene så ser vi at der blir skapt ein sjargong her. Utan å gå inn i tekstane får ein eit ganske breitt innblikk eller eit inntrykk av innhaldet, og ein kunne kanskje klare å skrive si eiga #uforsvarleg historie ut frå desse stikkorda.

## Å LAGE EI NY HISTORIE VED Å EKPERIMENTERE MED FELLESTREKK

Eg har notert meg nokre fraser som går att i fleire av historiene, som til dømes; «sykdom hos personalet» og vi må «greie oss utan vikar»/det blir ikke satt inn vikar».

Etter å ha gått gjennom eit uvisst tal på historier, eller med Deleuze; «unfold(ing)<sup>75</sup>» (St. Pierre, 1997b)- byrjar eg å sjå at mange av dei har same mønsteret, og er bygd på same lesten. Ved «refolding» av tekstane finn eg at ei typisk oppbygging er:


*Eg har tidlegvakt -er åleine med svært mange barn -tidlegvakt nr. 2 ringer og melder seg sjuk – eg får ikkje vikar før arbeidsgjevarperioda har gått ut eller får ikkje tak i fleire vikarar – morgonen haltar - mykje brannsløkking, eg får ikkje tatt hand om barna på ein god måte, bleier må vente – ingen frå den andre avdelinga kan hjelpe for der er det også mangel på personale grunna sjukdom – dagane haltar – pedagogiske opplegg må leggest vekk - barns skadar seg -barn forsvinn – personalet som er att på jobb er så uttynnte at dei til slutt møter veggen etter lengre tid utan vikar- dei som er sjuke har konstant dårleg samvit -nokre prøvar å få sjukmeldar til å forstå at dei ikkje kan vere sjukmelde for då er der ingen att på jobb – eg får represaliar frå leiinga dersom dei er borte frå jobb, og vert gjort ansvarlege om barn blir forulykka når dei er borte.*

*Mange av historiene endar slik: Eg går heim og gret, legg vekk alt sosialt liv på ettermiddag for å klare å karre meg på jobb neste dag.*

Ved hjelp av eit *haecceity*<sup>76</sup> av gjentakande fraser og (setnings)-oppbygningar i tekstane har ein med Deleuze fått fletta tekstane inn i kvarandre, «folding of one text into another», og sydd dei saman til eit assemblage som skaper ein slags «essens» av alle historiene i #uforsvarleg. Ved å folde tekstane ut og bretta dei inn, over kvarandre og inni kvarande, uavhengig av tid, tekst og tekstforfattar, har ein skapt ei «ny» historie.

<sup>75</sup> Sjå Deleuze om folding, unfolding og refolding side 15.

<sup>76</sup> Sjå Deleuze om haecceity, side 16.



#### LIVSFASE: PÅ MÅFÅ

No rotar eg med mykje forskjellig på ein gong.

Etter samtale med rettleiar, pløyer eg meg gjennom diverse litteratur som kan vere aktuell for denne prosjektet. Eg får trong til å teikne prosjektskissa og finn fram noko gammalt julepapir og ein sprittusj.

Eg endar opp med å teikne omrisset av ein barnehagekropp der eg systematiserer bruken av teori og dei ulike delane av oppgåva mi, for å sjå

om eg har ein raud tråd eg kan følgje. I tidleg fase ser det mest ut til at eg jobbar med ei sak i mordkommissjonen med denne skissa liggande på stovegolvet.

Utpå ettermiddagen vert eg fornøgd nok til å henge den opp på heimekontoret mitt. Når eg ser den må eg le, og eg tenker at eg ikkje bør sleppe nokon inn der utan ei solid åtvaring først.

Eg får latterkrampe når eg ser den henge der på veggen.

## LIVSFASE: Å LESE I KLYNGE

Då eg starta å lese i klynge ville eg først halde meg til same utvalet som tidlegare, plukke ut ei historie for kvar tiande mellom historie 100 og 200. Det endra seg raskt. Eg oppdaga at det var lettare å lese historiene frå PDF-dokumentet, så eg hadde brått lese alle og merka meg 22 stk. som eg synest var interessante. Etter kvart som eg noterte meg nummereringa laga eg også ei kort overskrift på kva som understreka essensen<sup>77</sup> i kvar enkelt. Eg gjorde også to andre interessante oppdagingar etter å ha lese over hundre historier. Mange av dei, men ikkje alle, er bygd på same lesten. På ei halv side kunne eg skissere ei fiktiv oppbygging av desse, frå morgon til ettermiddag.

Essensen viser slik, at her er mykje som går att og er bygd på same lesten. Dette vil seie at her er ein heil del gjentakningar og representasjonar av «det same». Det er eit funn. Her er eit majoritetsmaskineri som reproduserer same innhaldet om og om igjen eller det Lather kallar «the crisis of representation» (Lather, 2007). Å sjå eit mønster eller ein representasjon kan vere ei stadfesting av eit funn, men ein må ikkje gløyme å sjå rundt seg. Kva med å tenke litt annleis, kva med å leite etter ulikskapane, tendensane og potensiale i staden?

Etter å ha brukt timar på dette byrjar eg med noko som eg lenge har vore nyfiken på. Kan einskildord fortelje noko? Eg går på nytt inn i dokumentet og søker på ord eg no har eit bestemt inntrykk av går att. Eg har til dømes eit ganske bestemt inntrykk av at omgrepet «småbarnsavdeling» går att, og ja tendensen er ei markant overvekt av forteljingar frå småbarnsavdelingar framfor storbarnsavdelingar. Det er ein glødedata eg må sjå nærare på.

Eg held fram med same metode og søker på omgrep knytt til institusjonen, og får opp og skriv ned talet på treff på kvart enkelt. Det kan vere eg får glede av dei seinare.

Dette fører meg vidare, men og litt i revers. Eg bestemmer meg for å gjere det same med *setningar* og *avsnitt* eg kan finne som produserer eller set noko i gang i meg.

Eg byrjar på «200» denne gongen og les meg nedover til 215».

---

<sup>77</sup> *Essens* kan vere ein form for representasjon eller kategorisering ( Jf. (Lather, 2007; Maclure, 2013a; Otterstad & Nordbrønd, 2015; Steinnes, 2011m.fl).

## AVSNITT OG SETNINGAR SOM GJEV RESPONSDATA

Eg går her vidare med å eksperimentere ved nokre av utsegnene. Det gjer eg ved å ta utgangspunkt i avsnitt og setningar i forteljingane som gjer inntrykk, og for å sjå kva det kan utløyse «sette i gang» eller produsere. Kva trer fram? Her kan ein finne glødedata, eller det Deleuze vil seie er *affektive data*. For St. Pierre vil desse reaksjonane vere responsdata, og eg spør: Kva respons produserer desse emosjonelle inntrykka og affektive uttrykka i meg?

Historie 202

«...har ikke tid til å sitte med et halvvåkent barn» (sic).

Kva produserer/set i gang/utløyser denne historia?

Denne historia rører barnehagelæraren i meg. Eg har mange gongar hatt eit halvvakent barn på fanget og høyrte og sett barn som treng rettleiing eller hjelp i nær radius utan at andre har høve til å trå til. Min praktiske yrkesteori seier meg viss eg set frå meg det halvvakne barnet, så vil det skape mykje unødig uro. Barnet blir gjerne uroleg.

Historie 204

«Dyktige folk gidder ikke å jobbe i barnehage fordi det blir for tungt uten nok voksne» (sic).

Kva produserer denne historia?

Denne gjer inntrykk fordi mange barnehagelærarar kjenner nettopp denne dyktige som slutta fordi rammene er knappe. Dei dyktige som ein treng, har ein tendens til å forsvinne og leite opp andre beite der dei har betre kår, og også gjerne betre løn, vert min påstand.

Historie 205

«...innenfor de magiske dagene som utgjør arbeidsgiverperioden (...) UB-tid har jeg gitt avkall på - tilstedeværelsen trumfer pedagogiske planer» (sic).

Kva produserer denne historia?

Eg ser no at dette er ein gjengangar i #uforsvarleg historiene. Det blir fortalt om arbeidsgjevarar som konsekvent utelet å setje inn vikar før arbeidsgjevarperioden er over, altså etter 16 dagar. Dette opplevast mange gongar som uforståeleg for personalet for ein veit at dette som regel fører med seg langtidssjukmeldingar for fleire på same avdeling/base. Ein kjem inn i ein vond sirkel. Arbeidsgjevar

ser gjerne det same, men meiner mange gongar at dei ikkje har noko anna val. Det er eit val mellom pest og kolera. Budsjett er budsjett!

Historie 206

*«Jeg har mange dager jobbet i hele barnehagens åpningstid - uten pause. Halve barnegruppen følger meg på morgenmøte. Jeg har hatt flere fortvilede foreldre på tråden, som sliter med at barna plutselig ikke vil i barnehagen mer. Jeg har hatt mange klemmer av foreldre som er så sykt takknemlig for at i hvert fall jeg holder ut. At det kun er pga meg at barna kan komme i barnehagen, fordi de har blitt utrygge av alle vikarene. Jeg har meget vondt i ryggen av å bare på de bittesmå, usikre barna. Jeg har måttet ta min egen sønn med feber med på jobben, fordi det ellers ikke var faste ansatte til stede. Jeg må la det ene usikre barnet stå i et hjørne fordi jeg med 3 barn på fanget prøver å passe på at de to foran meg ikke biter hverandre. Barnas helse og trivsel kan og skal ikke overlates til random vikarer. Jeg kan på ingen måte overlate ansvaret for disse barna til vikarene når jeg ikke er til stede» (sic).*

Kva produserer denne historia?

Når foreldre byrjar å klemme personalet for å trøyste, vitnar om at her er det noko som har gått for langt. Berre i korte avsnittet kan ein sjå fleire brot på Arbeidsmiljølova, og eg kan ikkje unngå å undre meg over om dette er ein barnehage som manglar tariffavtale. Sameleis er det grunn til å spørje seg kvifor den tilsette tek med eit febersjukt barn på jobb. Alle barnehagebarn skal ha ein feberfri dag heime, før dei kjem tilbake i barnehagen. Det kan skje at ein i prekære situasjonar må ha med eit barn på jobb, men *aldri* eit sjukt barn. Det er grunn til å undre seg over kvifor noko slikt kan førekomme i ein barnehage.

Historie 207

*«Og jeg går hjem med en ekkel følelse av at jeg burde blitt igjen ut dagen, men at jeg kan ikke. For det er snart ingenting igjen av meg å gi av her. Jeg føler jeg svikter til tross for at jeg jobber UB-tid og enkelte dager overtid uten kompensasjon. Så kommer mora en dag. Hun har fått nok: "Du gjør ikke jobben din, siden det ikke er vikar hos dere!" Ordene treffer som ei slegge i mellomgulvet. Ordfattig og paff, svarer ikke en gang. Jeg kjenner at jeg bare vil sette meg ned å gråte. Det gjør jeg også, i pausen min. Da sitter jeg på personaltoalettet og gråter» (sic).*



Kva produserer denne historia?

Eg har nesten ikkje lyst å kommentere denne. Den fortvilinga eg kjenner når eg les dette er mest ikkje til å bære. Det er ikkje sikkert at pedagogisk leiar ein gong har mynde frå sin arbeidsgjevar til å ringe etter vikar. Når ein har vore i ulike barnehagar veit ein at der er ulik praksis på kven som har løyve til å ringe etter vikar ved behov. Eg vil berre stille eit spørsmål: Har den tilsette eit godt arbeidsmiljø?

### Historie XXX

Kva produserer denne historia?

**Tekstboksen til historie XXX står tom og symboliserer eit utdrag av ei #historie så sjokkerande at eg valde å fjerne den. Ei opprivande historie, vond å lese.**

Historie 210

*«Avdelingsleder er ferdig med samtalen og jeg går bort for å spørre hvordan dagen har vært. Hun er grå i ansiktet og jeg ser at tårene kommer. Jeg spør om det går bra. Svaret er nei. De har vært de faste 3 ansatte på 20 barn. Det er hun vant med. Men det er flere barn som har svært utagerende vansker, og trenger tett oppfølging. Og når man ønsker å gi disse 3 barna den tette oppfølgingen som de trenger, da er det ingen voksne igjen til de andre 17 barn. "Hvordan har dagen vært?" spør jeg. Hun begynner å gråte. "Skal jeg være ærlig?" Ja takk. Hun forteller at hun ikke vet hvordan dagen til min datter har vært. Hun har ikke rukket å snakke med henne. Hun har ikke kunnet leke med henne. All oppmerksomhet gikk til brannslukning og nødvendig oppfølging av noen få barn. Og det verst av alt er at jeg forstår det. Jeg forstår at hun ikke hadde kapasitet til å se mitt barn. For jeg er ofte i en tilsvarende situasjon på min egen avdeling. Og jeg er glad at min kollega er ærlig. Men hjelp, som det gjør vondt at personalet ikke har kapasitet til å se mitt barn!» (sic).*

Kva produserer denne historia?

Denne rører meg fordi her er det *nokon som veit*. Den mora som fortel, har sjølv arbeid i ein annan barnehage. Ho greier å sjå bak. Ho ser det andre foreldre ikkje har føresetnad for å forstå.

## Historie 212

*«Jeg har jobbet på avdelingen i ub-tiden og jobbet ekstra gratis. Fremdeles går det ikke helt opp» (sic).*

Kva produserer denne historia?

Det uroar meg at her ser ut til å vere så mange historier som fortel om brot på tariffavtalar og Arbeidsmiljølova. På mange måtar sjokkerer det meg. Hadde dette vore for 20 år sidan ville eg ikkje blitt overraska, men i 2018 er dette rett og slett oppsiktsvekkande.

## Historie 214

*«Styrer sa «Det er ikke satt inn noen vikar de 2 ukene, og det skal heller ikke settes inn noen vikar. Vi må spare vikarbudsjettet til senere i høst, da det erfaringsmessig blir en del sykdom». Jeg ble stående å tenke «ingen vikar i 2 uker, fordi man må spare vikarbudsjettet... Det betyr at vi blir to voksne på 19 barn, hvor av 14 av disse er under 3 år». Før jeg gikk ned på avdeling igjen spurte jeg styrer om hvordan vi skulle løse utfordringen vi stod overfor, men ingen løsning ble lagt frem. Vi kunne ikke låne en voksen fra en av de andre avdelingene da de av diverse årsaker ikke hadde mulighet til å hjelpe oss. Vi måtte klare oss selv. Jeg tuslet ned på avdelingen igjen å fortalte assistene mine hva jeg hadde fått beskjed om og utfordringen vi hadde i vente. Hun som skulle på ferie ble sjokkert og sa hun ikke ville reise på ferie allikevel. Aldri i verden om hun hadde samvittighet til å reise når vi som var igjen skulle ha 19 barn alene, samt måtte jobbe flere timer overtid i 2 uker for å dekke opp slik at ingen av oss ble alene hele morgenen, eller ettermiddagen».*

*(...)*

*«Vi kom oss igjennom de 2 ukene, men underbemanningen hadde tatt på både for ansatte og foreldre. Ett foreldrepar valgte å ta sitt barn ut av barnehagen, da de mente barnehagen ikke drev forsvarlig. 3 ansatte ble langtidssykemeldte etter kort tid og vi måtte ha vikarer, og vipps så var vikarbudsjettet brukt opp og vi måtte nok en gang jobbe i lange perioder underbemannet. Dette er 1,5 år siden, og den dag i dag sliter barnehagen med samme problemstillingen. Avdelingene er underbemannet, sykefraværet er skyhøyt (35 % sykefravær), vikarbudsjettet er skrapa, og arbeidet som legges ned handler i all hovedsak om å komme seg gjennom en dag om gangen. Det er gjennomtrekk av ansatte da folk ikke orker å jobbe på et slikt sted, nå har jeg valgt å slutte i jobben selv. Jeg klarer ikke lenger ha konstant dårlig samvittighet overfor barna, kollegaene mine og foreldrene. Fakta er at jeg skammer meg...». (sic)*

Kva produserer denne historia?

Til første del, så kan det sjå ut som om styrar freistar å få einkvan til å utsetje ferien sin. Ein må ty til litt hovudrekning, for pedagogisk leiar skriv at av 19 barn er 14 under 3 år. Det betyr at denne avdelinga dagleg går underbemanna. 14 barn under 3 år krev i seg sjølv 4,7 tilsette, og viss ein legg til 5 til skal denne avdelinga dagleg ha ei bemanning på minst 5,5 - og fleire av dei skal då vere utdanna barnehagelærarar.

Pedagogisk leiar fortel her om ei dagleg bemanning med 3 tilsette, - når 1 av dei skal ha ferie blir der berre 2 att. To skal ta vare på 33 teljande barn kvar dag i to veker. At denne barnehagen driv uforsvarleg, er det ingen som helst tvil om. Konsekvensen ser ein i neste avsnitt: 3 av dei faste vert langtidssjukmelde. Dette er brot på Barnehagelova, og rein rovdrift.

#### LIVSFASE - LINES OF FLIGHT

Som eg skreiv i fase 15 har eg eksperimentert med å søke opp enkeltord i PDF-dokumentet for å sjå kor ofte dei går att, og eg meiner eg no har eitt funn eg vil sjå nærare på. Eg veit ikkje kvar dette vil bringe meg, men når ein driv forskning må ein kunne opne opp og følge nokre impulsar.

Eg vil no sjå nærare på kvifor omgrepet «småbarnsavdeling» går att. Ei hypotese kan vere at der ein finn flest historier frå småbarnsavdeling i #kampanjen.

#### *LINES OF FLIGHT : EIT METODOLOGISK INNSMETT*

*Søket «småbarnsavdeling» og «småbarnsbase» fekk langt fleire treff enn «storbarnsavdeling» og «storebarnsavdeling». Det kan bety at her det er ein tendens til overvekt av historier frå småbarnsavdelingar. Medan eg skrollar meg ned gjennom historiene prøver eg å legge merke til om alle kvar dei historiene som ikkje nemner verken store -eller småbarnsavdelingar høyrer til, og overraskande mange skriv frå småbarnsavdelingar. Det kan gje ein sterk indikasjon på at hypotesen stemmer.*

## LIVSSFASE - Å DISPOSISJONERE

Medan eg kladdar eg på teoridelen ser eg brått eit mønster i skrivinga. Eg har skrive inn grovdisposisjon fleire gongar berre på ulike sider, og oppdagar fleire fordelar med det. Det fine er at det er at eg kan kjenne igjen disposisjonen for kvar gong eg treff på den i teksten, eg kan også finne igjen stikkord eg har gløymt hist og her, og stort sett er oppbygninga ganske lik for kvar gong eg møter på den. Etter kvart som eg skriv, finn eg lettare overgangane – eller inngangane, og stryk ut disposisjonen.

## LIVSFASE - Å EKSPERIMENTERE OG PLANLEGGE

For å unngå skrivesperre har eg også starta teoridelen reint eksperimentelt. Ved å bruke ein slik teknikk skjer det uforklarlege ting i teksten. Eg fekk brått besøk av tante Knute, eller tante Knut(e) som eg har valt å kalle hen. Eg har ikkje helst på henne sidan eg var ei lite jente. Då leika eg og venninnene mine mykje «med» tante Knute og vikla oss inn i kvarandre. Tante Knute er også kjent for mange barn som Knute-mor. Som ledd i rekrutteringskampanjen for å få fleire menn i barnehagane bør Tante Knut(e) vere både ho og hankjønn, eller hen. Og *hen* har kropp med og utan organ, og kroppane og kroppsdelane som viklar seg i kvarandre er eit godt bilete på assemblaget av krefter som verkar inn på barnehagekroppen.

### LIVSFASE – WALKING AND FALLING

*You're walking. And you don't always realize it,*

*But you're always falling.*

*With each step, you fall forward slightly.*

*And then catching yourself from falling.*

*And this is how you can be walking and falling.*


*At the same time.*

*Laurie Anderson (Borgnon, 2007, s. 271)*

Eg tek med dette fine diktet for å lette hjarte. Nokre dagar jobbar ein ganske hardt og når ein skriv og jobbar, tenker og les, leitar og leitar etter den litteraturen eller den kjelda ein treng, så har ein ei innebygd forventning om at sidetala i prosjektet skal jobbe seg nedover parallelt med innsatsen. Det skjer ikkje. Eg har disponert mykje i teksten, og har derfor ein del sider som inneheld disposisjonar, -

og sidan Word no ser ut til å ha løyst dilemmaet med at sidetala et seg nedover medan ein skriv, så er eg framleis «stuck» på eitt par sider midt i prosjektet. Det kjennes litt som Anderson skriv i diktet sitt. «I am walking and falling at the same time....». Trøysta er at ho innleier med “You’re walking. And you don’t always realize it”.

LIVSFASE - Å BADE MED ARTIKLAR:



LIVSFASE - EIT CUT!

I mitt 25 år må eg gjere eit cut, eller gjere eit brot. Etter eit utal lesingar av #historiene kjenner eg på eit dilemma: det etiske. Etikken i historiene, etikken i innhaldet, etikken i synet på barn, -avsendar, mottakar og lesar. Dette dilemmaet må vere ein del av eit assemblage. Eg har no valt å gå inn i historiene for å gjere ei mapping av ytringar ved å bruke filosofen Bakhtin. Slik vil eg gjerne kunne oppdage ulike BwO som opererer i dette assemblaget. Eg startar med ei historie som *du* kan kjenne att, deretter gjer eg tilfeldig utdrag av avsnitt i PDF-dokumentet, og ved så å klippe ut og lime, vil eg markere det eg oppfattar som sentrale ord og ytringar med gult.

LIVSFASE – BAKHTIN HAR DET TRAVELT ?


Ved å installere Bakhtin i lesingane får eg «pennen» til å flyte. Med Bakhtin kan eg løfte fram fleire etiske dilemma knytt til innhaldet ved tekstane. Det eg derimot strevar med i denne delen av skriveprosessen, er at eg må lære meg å stoppe opp. Eg skriv og skriv, og eg har berre lyst å skrive fram endå meir av det eg veit eg skal ha med, men -eg ser at der blir mykje redigering viss eg ikkje snart klarer å stoppe opp der er.

Det er snart advent. Ein blir alle oppmoda om å ta det med ro. Det kan eg overføre til prosjektet. Ja, eg har lyst til å skrive inn alt det uskrivne. Men no må eg tillate meg sjølv å stoppe opp og vere litt i den nye teksten. Ikkje berre lene meg framover og «la pennen gå». For å sitere siste verset til Jan Magnus Bruheim i diktet «Den ansame»: - *Slik jaga han gjennom livet, utan å få det fatt. Ei glede sprang etter på vegen, men nådde han aldri att.*

#### LIVSFASE - NYTT BROT OG NORWEGIAN OMELETT

Eg blir innhenta av røyndomen midt i skrivinga. Eg vil med Deleuze seie at eg er utsett for forstyrningar som i omgrepet «the fold»: Forstyrninga er biblioteket. Biblioteket vil ha inn ei av kjeldene mine. Det kom litt brått på. Eg er ikkje klar for å levere tilbake denne boka. Sjølv om eg hadde gjort ein avtale med meg sjølv om å stoppe opp og ikkje haste så mykje framover, vert eg likevel nøydd til å endre kurs. Eg må til å hastelese. Eg kan ikkje halde fram der eg var i går. Eg må hoppe inn i ein del av prosjektet som eg hadde lagt litt på is til seinare. Er det verkeleg biblioteket som skal styre kva eg skal skrive og når? Bør eg skrive om tidsplanen min slik at eg rekk å skrive inn alt eg skal før biblioteket krev tilbake bøkene? Mitt i lesinga skjer det heldigvis noko litt spesielt. Eg les, og brått skriv Deleuze heilt ute av det blå:

NORWEGIAN OMELETT. Deleuze set meg i affekt, og eg må le og no kjem det latter. Takk for oppmuntringa, Deleuze & Guattari!



## EI NOMADISK FRÅFLYTTING

Med Deleuze skal eg som ei avrunding i dette metodologiske arbeidet gjere ei nomadisk fråflytting. Eg forlét St. Pierre og MacLure som om dei var to store byar og bevegar meg rundt i tekstane eller dette opne landskapet med nye briller. Frå å vere koda som lesar, og koda inn i lesingane av tekstane med mine eigen kjensler og affekt, går eg no ut av desse reiskapane og tek på meg ein ny hatt.

Eg stiller meg på sida og ser inn i dei skriftlege ytringane *for å gjere eit forsøk på* å sjå korleis dei kan stå fram som ein BWO i eit assemblage, og verke på andre som til dømes står utanfor barnehagen og som ikkje har barnehagen som sitt arbeidsfelt.

Ved å gå til den russiske litteraturforskarer *Michail Bakhtin* skal eg de-territorisere meg sjølv i eit forsøk på å løfte fram etiske perspektiv i «stemmene<sup>78</sup>» som tekstane uttrykkjer.

Sentralt i teorien til Bakhtin er at han er oppteken kva ytringar og dialogar formidlar (Bakhtin, 2005). I følgje Bakhtin må ein dialog må ein ha ein sendar og ein mottakar av ein bodskap. I historiene kan der vere fleire mottakarar. Bakhtin seier at ytringar alltid er retta mot einkvan (s. 65). I #uforsvarleg kan det heilt opplagt vere kunnskapsministeren og politikarar, men historiene er gjerne like mykje meint som folkeopplysning til lesarane, - og til meg. Det gjev meg ei gyllent høve til å hente inn *responsdata*<sup>79</sup>.

Sidan mottakaren her ikkje er i stand til å svare, kan ein kanskje seie at desse «stemmene» frå praksisfeltet og barnekroppane meir ber preg av å vere *monologar*. Til no er der ingen som har skrivne motsvar til historiene som kjem inn til Dagsavisen.

Bakhtin hevar at der ligg mykje makt i ytringar, difor skal eg etter å ha lese historiene med St. Pierre sine emosjonelle data gjere *ei mapping* av ytringane og sjargongen for å få fram etikken.

Dette gjer eg ved å «gule ut» ord og setningar som eg merkar meg ved i utdraga:

---

<sup>78</sup> «Stemmer» er/kan vere representasjonar.

<sup>79</sup> Jamfør St. Pierre og transgressive data.

## 4. KAPITTEL Å LESE FRAM YTRINGAR MED BAKHTIN<sup>80</sup>

### -EIT ETISK PERSPEKTIV

#### EI KORT MAPPING AV YTRINGAR - BASERT PÅ BAKHTIN

#214

...«Styrer sa «Det er ikke satt inn noen vikar de 2 ukene, og det skal heller ikke settes inn noen vikar. Vi må spare vikarbudsjetten til senere i høst, da det erfaringsmessig blir en del sykdom». Jeg ble stående å tenke «ingen vikar i 2 uker, fordi man må spare vikarbudsjetten....sic.

#16 i PDF-dokumentet

....Barnehagen jeg jobbet i hadde en avdeling der INGEN ville jobbe, fordi avdelingen var et rent helvete... fordi de ALLTD var underbemannet fikk ikke barna den omsorgen og det og bli sett, de kom stadig bort til en voksen og dro i genseren men de voksne kunne ikke komme fordi den ene voksne som var på jobb var opptatt med en en unge som kastet opp. Ansatte slutter fordi det er så ille.. folk vil ikke på jobb fordi det i gjennomsnitt er en på jobb i løpet av en dag, men en avdeling på egentlig 18 barn men som føles dobbelt så mange fordi mange av barna trenger tettere oppfølging og egentlig en person. Jeg får vondt av barna som egentlig skal ha dette som et trygghet, men som ikke opplever det ....sic.

#40 i PDF-dokumentet

....Jeg vil fortelle om Anne. Anne er pedagogisk leder og full av engasjement og energi. Hun er en svært dyktig fagperson og en ressurs for barnehagen hun jobber i. Men Anne er stadig vekk syk. Det oppleves som veldig belastende for både henne selv og omgivelsene rundt. Barnehagen har ikke råd til å sette inn vikar for henne, aktiviteter må avlyses og planer endres, og selv går hun glipp av mye, både på arbeid og privat. Det går utover livskvaliteten hennes. Anne befinner seg i en krevende arbeidsvirkelighet som er i stadig endring, med høye kunnskapskrav og hardt fysisk arbeidsmiljø. sic.

<sup>80</sup> Eg skriv dette kapitlet i kursiv då mykje av det som skjer her er analyse, tankar og refleksjon. Jamfør tankeeksperimentet i starten av prosjektet der eg reflekterer rundt kva ein kropp kan bli/vere.



#174

Hverdagen Jeg våkner før vekkerklokken ringer. Føler meg dårlig, men tillater meg ikke å kjenne etter, men tar 2 smertestillende. Jeg vet at 1 av kollegaene på gruppen min er på kurs de neste 2 dagene og er sykemeldt den 3 dagen. Jeg har ikke samvittighet til å være hjemme. Sic.

#252

Dårlig bemanning når vi leverer om morgen, for mange barn pr. ansatt!! Slutt å bruk mitt barn sin barnehage som saneringspost for økonomi!! Bemanne slik at det er trygt for barna!!!

#337

... Barnet kjenner meg ikke men velger og krabbe opp i fanget mitt. Jeg blir litt rådvill, styrer har presisert at den nyutdannede skal få veiledning av henne. På grunn av en noe komplisert personalsituasjon. Den nyutdannede jobber på en avdeling med en assistent som hun er utrygg på (...) Assistenten har også ett meget smalt toleransevindu. Hun eksploderer, behandlet folk veldig ulikt, ruller med øynene, kjøre på med hersketeknikker og prat som ikke henger sammen med praksis. Meget verbal, man hører formuleringer fra henne komme ut munnen til den nyutdannede. Styrer mener hun har situasjonen under kontroll. Jeg har varslet flere saker om ettåringer som ikke blir fullt opp, er aleine over lengere tid, blir glemt, voksne som er i intense dialoger med hverandre og «glemmer» at de jobber med de yngste på tilvenning... (redigert av omsyn til personvern).

## ETISKE DILEMMA. DISKUSJON OG OPPSUMMERING KNYTT TIL YTRINGAR I #UFORSVARLEG.

*Etter å ha markert ytringar eg finn interessante i desse seks vilkårlege utdraga, er eg fylt av noko som minner om ein klagesong. Fleire av ytringane i dei gule felta ber preg av mangeltenking.*

*Mangeltenking ovanfor barn, personale, institusjon, politikk, økonomi og helse. Ord ein brukar bygger på diskursar eller ein bestemt måte å tale på (Holten, 2011, s. 188-191).*

*Ein finn ytringar som «avdelingen var et rent helvete», «barna trenger tettere oppfølging», «barnehage som saneringspost» og så bortetter. Sidan det ikkje er nokon som går inn å svarar på desse ytringane, vert dei ståande som monologar eller sanningar (Bakhtin, 1984, s. 293). Dette er monologar som samla skaper eit bilete. Dei blir for meg eit bilete på barnehageprofesjonen. Som barnehagelærer kan det bli eit dilemma å relatere seg til dette. For er det slik eg ynskjer at min profesjon skal stå fram? Er dette noko eg kan/vil identifisere meg med?*

*Eigentleg,- så absolutt ikkje. Når eg ser på historiene samla under eitt, så ser eg at dette kan slå uheldig ut. Av erfaring veit eg at mange barnehagelærarar er stolte av profesjonen sin. Mange barnehagelærarar eg kjenner ytrar gjerne at dei har eit sær s gjevande og meningsfullt yrke, der ein til dømes kan utgjere ein forskjell for andre sine barn. I løpet av ein barnehagedag skjer mangt som er både konstruktivt og oppbyggande. Under lesingane med St. Pierre sine emosjonelle data byrja eg å sjå konstruksjonar av ulike kroppar og krefter som på sett og vis tek med seg heile profesjonen i dragsuget.*

*Ved å bruke Deleuze har eg med nomadiske bevegelsar de-territorialisert meg ved å gå inn landskapet til Bakhtin. Ved å gjere framande meg for mitt eige språk, eller her; dei første lesingane, kan eg med eit nytt blikk undersøke konstruksjonane i desse forteljingane (Otterstad, 2015, s. 42; Steinnes, 2011).*

*Slik oppdagar eg at «barn» i mange av desse historiene gjerne blir konstruert som «utrygge, hjelpetrengande, små og sårbare» og personalet som «makteslause, gråtande, sjukmelde, overarbeida og kompensere». Barnehagen som institusjon vert konstruert som «underbemanna, et helvete og ein saneringspost». For å seie det med St. Pierre: Desse konstruksjonane gjev meg eit sterkt emosjonelt ubehag. Det betyr ikkje at eg ikkje kan kjenne att det som blir skrive, men det etiske dilemma er makta i desse ytringane, når dei blir ståande åleine og så massive i talet. Er det dette bilete barnehagetilsette vil måle av seg sjølv?*

*Bakhtin er oppteken av det fleirstemmige og demokratiske i dialogen, eller det han omtalar som polyfoni (Bakhtin, 1981, s. 61). Det er gjerne ei vanleg oppfatning å sjå på lyttaren i ein samtale som*

ein passiv mottakar, men Bakhtin seier tvert imot, at budskapet i ytringar alt vert forma gjennom lyttaren sitt nærvær og er ein vesentleg del av responsen (Bakhtin, 2005, s. 11). Med det meiner Bakhtin at det er hos respondenten meining og forståing vert skapt, og ikkje eine åleine hos avsendaren, eller her som i historiene. Ein kan ikkje vite kor vidt nokon har forstått innhaldet før dei responderer, og påverknaden av lyttaren sitt nærvær vil under talen alt vere med på å forme det som vert formidla (Bakhtin, 2005, s. 11).

I Dagsavisen har ein ingen synlege respondentar, men ein veit likevel at dei er adressert til nokon, og at tekstar skaper gjerne ei form for affekt eller reaksjonar hos mottakaren eller lesarane. (jf. St. Pierre sine transgressive data). Nokre klappar av begeistring, medan andre helst vil legge lok på, eller kritisere innhaldet. Som Foucault så tydeleg poengterer så ligg der mykje makt i ulike diskursar, og det er viktig å vere medviten om som lesar (Foucault, 1999). Alle desse reaksjonane i form av ulike emosjonelle inntrykk og affektive uttrykk, vil gjerne i forlenging av Bakhtin vere det St. Pierre omtalar som responsdata. Responsen ein finn i det ein kan kalle fenomenet #uforsvarleg er ein del av eit assemblage eg vil sjå nærare på:

Eg har ovanfor kort problematisert kva typar subjekt ytringane skaper i form av ulike konstruksjonar av barnehagen som institusjon, personale og barn. Ser ein dette i samanheng med Bakhtin (1984) sitt perspektiv på monologar som «the ultimate word» eller sanningar, så kan det tyde på at den lesaren som applauderer innhaldet kanskje er for lite kritisk, men og samtidig -med Foucault sitt perspektiv rundt diskursar i bakhovudet; om ein vel ikkje ta det inn over seg, eller fornektar det som kjem fram, kan det kanskje føre til ei omvendt knebling, og i verste fall komme til å oppretthalde «tausheitskulturen».

Det er og ei erkjenning å måtte ta til seg at ulike profesjonar har sitt eige fagspråk og sin eigen sjargong. Ein må halde moglegheitene opne for at det kan vere vår eigen nedarva sjargong/vårt eige språk som har leia mot denne «avgrunnen». Det kan i så fall vere verd å minne om at lærarprofesjonen har si eiga «etiske plattform»<sup>81</sup> som dei er forplikta av. Der står det mellom anna at det er forventa at profesjonen: «bruker ytringsfridomen og deltek aktivt på faglege og utdanningspolitiske arenaer», og vidare «tek ansvar for å varsle når rammevilkår skaper tilhøve som ikkje er fagleg og etisk forsvarlege». Bakhtin er oppteken av «stemmer» og demokratiske ytringar, og viktigheita av at alle «stemmer» vert løfta fram, stettar i høg grad Bakhtin sitt syn (Dysthe, 2006, s. 462).

---

<sup>81</sup> Henta frå Utdanningforbundet 06.12.18

[https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/larerhverdagen/profesjonsetikk/larerprof\\_etiske\\_plattform\\_a4\\_nynorsk\\_rev\\_131118.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/larerhverdagen/profesjonsetikk/larerprof_etiske_plattform_a4_nynorsk_rev_131118.pdf)

*Eg vil tilbake til diktet til Anders Hovden. Han skriv så uendeleg djupt og vakkert om korleis fuglen fekk byrdene lagt opp på ryggen, om kor tolsamt han bar dei og: «aldri han klaga», og «fyrn enn du varest dei til vengjer seg laga». Dette gjev meg med Deleuze nye «lines of flight», men denne gongen flyg eg med diktet til Hovden. For det er ikkje til å stikke under ein stol at det som kjem fram er forteljingar om byrder, og ja -ein kan høyre ein klagesong her. Og eg vil med tilbakepeik spørje korleis #metoo kampanjen har påverka hendingane. #metoo-kampanjen har løfta fram mykje «grums» som i mange tilfelle peikar tilbake på overgrep frå personar i høgare stillingar som har utnytta posisjonen av makta si.*

*Eg kan som lesar av historiene i #uforsvarleg lett kritisere innhaldet og seie at dei inneheld konstruksjonar og mangeltenking, og eg må gjere meg nokre refleksjonar med omsyn til om dei som har skrive inn til denne kampanjen er som Foucault poengterer i forhold til diskurs, - fanga i eit sosialt spel (Foucault, 1999).*

*Kanskje er alle desse #kampanjane ganske enkelt eit sosialt spel, men eg må samtidig vere medviten mi eiga rolle som den som har innsyn i desse historiene, og det ansvaret det bær med seg. Sjølv om Bakhtin (1984) seier at monologar gjerne vert ståande som sanningar, kan eg som forskar ikkje seie at det som står skrive i #historiene er usant. Ein kjenner diverre til at mange kommersielle barnehagekjeder utnyttar personalet sitt for eiga økonomisk vinning. Det har personalet i kommersielle barnehagar vore opne om lenge, og det viser att i rekneskapen til barnehagane. Eigar av Læringsverkstedet<sup>82</sup> gjekk nyleg ut med at dei frykta den nye bemanningsnorma<sup>83</sup>. Så når ein først er inne på manglar, så er det gjerne ein mangel med fleire av historiene at dei ikkje alle skildrar kva arbeidsgjevar dei har. Med tilbakepeik på MacLure sitt omgrep «silence» er det viktig å ta høgde for det som ikkje vert sagt.*

*Ein skal heller ikkje gløyme av frykta (affekt) som er skriven fram i fleire av historiene. Mange skriv at dei er redde for at historiene skal bli identifisert. Dei skriv heilt konkret fram redsel. Å skrive fram denne redselen for å blir identifisert kan ein gjerne kalle affekt. Frykta vitnar på mange måtar om at der finnes ein «tausheits-kultur», og det er gjerne det Hovden meiner når han skriv «men tolsamt han bar dei, og aldri han klaga». Kanskje kan ein takke og/eller forbanne #metoo-kampanjen for at barnehagepersonalet i dag er så trygge at dei torer å brette ut vengjene sine til denne aksjonen og til Dagsavisa. Det er i seg sjølv imponerande at dei har fått inn over 500 historier på eit år. Ein har*

---

<sup>82</sup> Læringsverkstedet er ei privat barnehagekjede.

<sup>83</sup> Henta frå Dagens Næringsliv 26.11.18

<https://www.dn.no/marked/laringsverkstedet/randi-lauvland-sundby/hans-jacob-sundby/ektepar-har-tjent-100-mill-pa-barnehagekjede-i-ar/2-1-483862?fbclid=IwAR1yItBwPuM0IH7cQsVWRo0VdvoZ-z4-qN80RtDwmrA2LtN4mwH3bKHLTwU>

tidlegare i dette prosjektet sett på både kroppar med og utan organ, og her kan ein kan ein tydeleg sjå konturane av ein barnehageprofesjon som har fått vengjer. Tante-Knute kolliderer stadig med nye kroppar og nettverk av krefter, og i kollisjonen med #uforsvarleg-aksjonen har Tante-Knute no endeleg fått vengjer.

## ULIKE typarASSEMBLAGERAV YTRINGAR I #UFORSVARLEG

*Innleiingsvis eksemplifiserte eg ved Nix Fox (2011) korleis ein kan lage ulike former for assemblage med ulike kroppar og krefter som opererer i eit og same nettverk, som ein her kan har kalla Tante Knut(e). Når eg installere meg med Deleuze, og eksperimenterer med ulike reiskapar i lesingane (St. Pierre & MacLure), for deretter å gjere ei etisk analyse av basert på Bakhtin, kan eg ved å skape avleiringar av eksisterande assemblage eksemplifisere kva Foucault vil fram til når han seier der ligg makt i ulike diskursar. For kva seier desse «stemmene», og kva subjekt konstruerer dei ved val av omgrep i ytringane sine? Eg startar med å lage eit assemblage av ord, emosjonelle konstruksjonar som eg har lese fram gjennom tekstane:*

## GRÅTER

*Gruer*

***knalltøft***

*avmakt*

*Savn og svik*

FORTVILING og UVISSE

**FRYKT**

**REDSEL**

lamming og hjartesor

frysningar

**UBEHAG**

håplausheit

*letta – glad*

*ukomfortabel*

***PINLEG***

*panikk*

## KONSTRUKSJONAR AV BARN I #UFORSVARLEG


I den etiske analysen problematiserte eg bilete ytringane skaper av til dømes barn. I assemblaget under med illustrasjonen av eit barn har eg notert omgrep som seier noko om synet på barn i desse forteljingane. Nokre av omgrepa finn ein i tekstane, andre er oppsummeringar av ytringar. Det som i etterkant av denne framstillinga er interessant å reflektere rundt eller diskutere, er om dei som har sendt inn sine historier eigentleg kan stå inne for dette synet på barn.




## KONSTRUKSJONAR AV BARNEHAGETILSETTE I #UFORSVARLEG

Det er ikkje berre konturane av eit noko spesielt syn på barn som trer fram gjennom ytringane i #uforsvarleg. Ein finn og konstruksjonar av eit syn på pedagogen, eller den barnehagetilsette, som skurrar kraftig med det førebilete eller profesjonsutøvararen ein ser føre seg som idealet i barnehagelærerutdanninga. Det synet på profesjonsutøvararen som vert presentert i historiene er som ein kan sjå av illustrasjonen under eit trist syn, og representerer langt ifrå den trygge klippa eller det gode føredøme ein ynskjer at ein barnehagetilsett skal vere. Denne presentasjonen av profesjonsutøvararen, er ikkje berre ei fallitterklæringa for barnehagelærerutdanningane, men for heile profesjonen.

tre







## KONSTRUKSJON AV BARNEHAGEN I #UFORSVARLEG

Denne illustrasjonen eller kanskje eg burde seie konstruksjonen av barnehagen får bli den siste. Eg kan lage fleire assemblage, men det vil neppe komme noko meir konstruktivt ut av det. Nokre vil gjerne meine at eg burde teikna barnehagebygget som ein fabrikk med 40 avdelingar. Eg har valt å teikne ein heilt ordinær barnehage – det kan gjerne vere ein 2-avdelings, og grunnen til at eg vel å bruke denne heilt ordinære, er fordi det gjerne er denne typen barnehage ein ser føre seg, - den typen barnehage ein gjekk i sjølv. Den «heimkoselege», med ein liten leikeplass rundt som ein liten hage: Ein barnehage. Gjennom ytringane «stemmene» i #uforsvarleg har gitt denne institusjonen, har vel kontrastane til institusjonen barnehage som noko idyllisk og heimkoseleg aldri vore større.

*LIVSFASE Tante Knut(e) går igjennom ei livskrise*

*Etter disse nedslående framskrivingane av barnehagefeltet går Tante Knut(e) igjennom ei sterk personleg krise. Definisjonane og skildringane av profesjonen er så kritikkverdige at Tante Knut(e) først kjenner trong for å skrike og ta til motmæle, men må først samle seg litt og reflektere nøye gjennom kven hen blir når hen studerer assemblaget.*

*«Triste tante Knut(e)*

*Tante Knut(e) sit ved kjøkenbordet*

*Tungsindig og trist*

*Tekstane i #uforsvaleg teiknar triste bilete - og tvist.*

*Tante Knut(e) kjenner ikkje att - det som står på kvitt*

*Tenk, jobben hen var super den - det skulle dei ha visst!»*

Det er ikkje berre min forskarkropp som reagerer med affekt under lesingane. Det skjer også med kroppen utan organ Tante Knut(e). Tante Knut(e) og/eller barnehagefeltet intra-agerer i møtet med materialet. Tante Knut(e) sin kropp blir i dette møtet forvandla til *ei kyborg*.

## 5. KAPITTEL ANALYSE(R) OG DISKUSJONA(R)

\*\*\*

### «MONSTER OG MØRK MATERIE»

«BRØLET FRÅ NOKON SOM HAR PRØVD Å IKKJE LAGE LYD»

\*\*\*

Her sit eg forskaren, litt nedtrykt og stirar ut over Voldsfjorden. Han er grå i dag, fjorden. Med ein forskarposisjon «in the making» kjenner eg på (*affektus*) «tyngde». Og i det eg skriv tyngde, forstår eg at ordet har fleire forgreiningar. Historiene er tunge å lese, dei rører meg. Og, historiene har tyngde. Ei enorm tyngde og ei enorm slagkraft.

Eg starta innleiingsvis med å skrive at eg stundom var redd for monster. Eg forstår no at eg hadde ei aning om kva som venta meg i lesingane. Frykta for monster var nok ikkje tilfeldig, for eg hadde alt lese nokre av historiene på nett innan eg gjekk i gang med prosjektet.

Eg har i lesingane sett nærare på *kva trer fram og korleis det verkar på meg når eg nyttar ulike nomadisk-eksperimenterande-spekulative inngangar*. Det som trer fram. Det er ikkje særleg oppløftande, men ein kan aldri med vissheit vite på førehand korleis noko vil verke når ein eksperimenterer. Samstundes er eg villig til å spekulere på kva som ikkje er der.

Den franske filosofen Jacques Derrida brukar uttrykket «*the absent presence*» (Derrida, 1994, s 69-73). Han omtalar det som eit slags usynleg spor – noko som alt ligg der og får ting til å skje; «and haunts our texts and our tellings» - verd å vere på vakt for, og særleg då for det som er utelate (Jackson & Mazzei, 2012, s. 17).

Eg vil hevde at det Derrida her påpeikar, liknar det eg her har valt å kalle for monster. Når eg eksperimenterer vil eg omsette dette med å leite etter monster i tekst og tale, som alt er der, men som ikkje er så lette å sjå. Vanlegvis treng ein kanskje ikkje leite etter monster, men nokre monster kan tenkast å vere så farlege at dei kan kamuflere seg og kunne gjere seg fullstendig usynlege.

Tilbake til biletet «The mask», der dei tre inuittane løfta blikket opp mot kvalen. Kan ein med visse seie at det er ein kval dei ser? Den eine av dei har på seg ei maske. Det er for meg «the absent presence». Her er det noko ein ikkje veit. Kven er denne inuitten? Gjennom denne analysen freistar

eg å synleggjere kva som er *presence* gjennom lesingane, og samstundes kunne spekulere *i og rundt* det som er *absent*.

Ved å bruke affekt som inngang til å lese historiene med St. Pierre sine emosjonelle data, blei eg *var* nokre etiske dilemma. Eg fekk fram emosjonar og omgrep som gav meg eit ubehag. Deleuze brukar omgrepa *ein større* og *ein mindre* litteratur (Deleuze & Guattari, 1994a), og eg fekk fram emosjonar som eg kjende på som *eit mindre språk*.

Eg ynskjer sette dette inn i samanhengen med Derrida og *the absent presence*, då eg synes det er spanande å reflektere rundt det som ikkje er der. Som barnehagelærer kjende eg på at noko var utelate i ytringane i #uforsvarleg. Det fekk meg til å gjere ei nomadisk de-territorialisering, der eg som ein del av eksperimenta henta ned Bakhtin, for å sjå nærare på ytringane i kampanjen. Det gav resultat.

Eg fekk fram ein del skumle kroppar som danna uhyggelege assemblage, på fleire nivå. Eg fekk fram sjuklege konstruksjonar av barn, barnehagen som institusjon og av profesjonsutøveren, og der er med Derrida i tankane ganske sikkert ein heil del assemblage som held seg skjult for oss. Eg opplever at her er fleire dilemma. Og dilemmaet er *språket* i assemblaga. Ein av spekulasjonane mine handla om å finne ut korleis historiene verkar på meg som ein slags temperaturmålar i/frå feltet, og dei gjev meg som sagt eit sterkt ubehag. Eg kjenner på missnøye og elendigheit. For meg som profesjonsutøvar er det noko som manglar her. Språket er som eg var inne på i oppsummeringa av Bakhtin, sterkt prega av mangeltenking. Her finns det ikkje noko i det heile som er bra, og eg som profesjonsutøvar får det ikkje til å stemme med min eigen praksis.

«Stemmene» frå kampanjen ropar som eit gigantisk monster ut dei skrekkelegaste ytringar om barnehagefeltet. Det er til å bli mørkeredd av. Eg vil samanlikne det med einkvan som har kjøpt inn ei plate med den mest horrible heavy-metal musikk og spelar den med full styrke med vindauga opne, slik at det ikkje skal vere nokon som helst tvil om at alle skal kunne høyre. Det som skjer er diverre at alle som blir tvinga til å lytte som ein refleks held seg for øyrene, og byrjar sakte å gå derifrå.

Blant alle desse historiene finn eg berre ei historie som har noko konstruktivt ved seg. Det er #uforsvarleg historie 80 og den er difor markert med ein rosa bakgrunn. Det som er interessant ved den, er at den er skriven av ein student, og denne studenten skriv om håpet ho har for framtida si som barnehagelærer. Ann Merete Otterstad viser i si dr. philos avhandling (Otterstad, 2018b) til Lather, og korleis ho med omgrepa til Deleuze og Guattari «smooth og striated room» brukar uttrykket *stuck places* (s. 4). Lather tenker om «stuck places» som eit omdreiingspunkt. I forlenginga av Deleuze og Guattari sine omgrep vil eg ta med dette omgrepet. For om ein ser på språket og

ytringane i historiene, så kan det ut frå stadmdreingspunktet sjå ut til at historiene bokstavleg tala er «stuck» og dreiar rundt sin eigen akse.

Når noko dreiar, så går det rundt og det ser ut til å klake på seg i tjukkare og tjukkare lag. I oppstarten av prosjektet var der om lag 365-400 historier. I løpet av året har det komme inn over 400 historier og Barnehageopprøret melder i gruppa si på Facebook, at dei har fått inn 500. Det er eit høgt tal, men kva hjelp det, dersom innhaldet er det same, og reproduserer det same om og om igjen?<sup>84</sup> Kva nytt kjem det ut av det? I retrospekt ser eg at det slett ikkje er naudsynt å lese så mange av historiene til #uforsvarleg. Dei er mange gongar er så like at ved bruk av *haecceity*, så kan ein lage ein kopi då der er så mange av dei som er bygde over same lesten.

Det at barnehagelærarar er så rutinerte på å skrive praksisforteljingar, kan tenkast å vere ein medverkande årsak til at der kjem inn så mange, og det er både naturleg, forståeleg og positivt at ein ynskjer å delta i det som eg vil kalle ein profesjonskamp. Det er ynskjeleg med aktive og *deltakande* barnehagelærarar -det slår også ekspertgruppa fast i den nyleg publiserte rapporten om barnehagelærarrolla (Børhaug et al., 2018).

Dilemmaet blir igjen, det eg peika på ovanfor, at ein ikkje kjem med noko nytt. Det ser ut til at ein masseproduserer det same, på nytt og på nytt. Det språklege innhaldet er også noko avgrensa, lite nyansert og prega av manglar, noko som eg vil seie slår uheldig ut for profesjonen samla sett. Ytringane står fram som ein klagesong, og det er ganske klart at her er for mange god grunn til å røre på seg og skrive fram det dei opplever, men her fell (for min del) diverre det faglege skjønnnet igjennom. Og kvifor skjer det?

Dersom eg går tilbake til Derrida og *absent presence*, kan ein kanskje greie å klargjere dette. #kampanjen kallar seg eit opprør. Dei som har starta opprøret har nok trykt på den rette knappen, for kven kunne sett føre seg at der skulle komme inn 500 historier på eitt år? Det er som eit brøl frå nokon som i all for lang tid har prøvd å ikkje lage lyd.

Det er som om Anders Hovden sin fugl får vengjer:

- *Vil byrdene trugen og tolsamt du bera,  
dei skal, fyrr du varest, til vengjer seg gjera;  
dei lyfter deg upp fra den trykkjande lægdi,  
og syngjande stig du som fuglen i hægdi.*

---

<sup>84</sup> «..det same, om og om igjen» blir ein form for representasjonstenking Jf. (Lather, 2007m.fl.; Maclure, 2013a; Otterstad & Nordbrønd, 2015; Steinnes, 2011)

*Det etiske dilemmaet* oppstår når det brått trer fram i dette omfanget. Det er ei felle. Det kan vere dette Derrida meiner med *absent*.... Det ligg der i tekst og tale, utan at ein greier å oppdage det. For det er med stor sikkerheit eg skriv og nektar å tru at profesjonen ville tatt til pennen fatt og sendt inn desse historiene, om dei på førehand visste at det kunne få motsett verknad. I verste fall kan denne pessimismen og negativiteten føre til at vi får ein generasjon usikre foreldre, som vil engste seg for å levere barna sine i barnehagen.

Det eg har spurt meg, igjen og igjen: Kvifor har ein vore så stille om dette? Og kvifor har ein vore stille så lenge? Det er mest ikkje råd å forstå. Det er ikkje umogeleg å tenke seg at det som vert omtala som «taushetskulturen» er reelt. Ut frå lesingane oppstår det affekt når eg går inn i dette. Eg blir full av tvil. Eg kan ikkje la vere å stoppe ved dette. For kva er elles årsaka til at ingen har brølt før, og kvifor er det brått som om ein har vekt monster til live? Kvifor står barnehagelærarar og andre barnehagetilsette brått fram som monster? Det får ein kanskje ikkje svar på, ein kan kanskje seie at det ligg der *-absent*, men i fleire av lesingane støyter eg gjentekne gonger på forteljingar om tilsette som seier dei har munnkorg eller urettmessig blitt påført skuld frå sin arbeidsgjevar.

Skal ein ta temperaturen på barnehagekroppen, så blir mitt møte med lesingane møte med ein sjuk BwO. Nic Fox brukte omgrepet «ill-helth assemblage», og ved å sjå på eigne assemblage av ytringane, er det vel ingen til om at barnehagekroppen er infisert og har feber. Gjennom ytringane i #uforsvarleg har profesjonsutøvarane brått blitt forvandla til monster.

Eit assemblage som trer fram for meg, vert med hasjtagg omlag slik:

#profesjonsutøvar #lågbemanning #ny bemanningsnorm #Barnehageopprøret #uforsvarleg #internett #ytringar #BwO #500 praksisforteljingar #raseri #brøl #MONSTER
---

Barnehagelærarane har gjennom #uforsvarleg blitt til eit farleg, rasande og brølande monster. Eg var inne på at fenomenet taushetskultur ser ut til «å vere i røysle», og at svaret på dette kan ligge *absent*. I lesingane brukte eg MacLure sine verktøy, wonder og glow for å få fram det som er *silent* - det som ligg stille eller *absentpresence*, og i lesingane inneheldt mykje å under seg over, men der er også glow eller glødedata i historiene:

*Glødedata* er for meg noko som er rimeleg *presence*. Eit glødedata som går att, er personalet som skildrar at dei endrar karakter når foreldre kjem inn i barnehagen, til dømes ved levering og henting. Frå å vere fortvilt, stressa, sint og frustrert blir dei brått til dei mest profesjonelle skodespelarar som går inn i ei ny rolle. Dei blir den smilande og serviceinnstilte, som med høg glans av profesjonalitet

fortel korleis dagen har gått og alt ein har gjort. Dei tek på seg ei maske. Og kvifor gjer dei det? «I wonder» eller eg undrar meg på i kor stor grad dette er ei medviten handling. Det ser ut for at personalet gjerne går med ei kjensle av å vere eit slags monster i si yrkesutøving, heilt til foreldrekroppen dukkar opp i assemblaget. Då skjer der ei forvandling, og eg kjenner at denne forvandlinga gjer meg redd, og eg byrjar på nytt å spekulere på kva som utløyser denne karakterendringa. Tante Knut(e) blir til eit monster. Nokre av historiene fortel også om barn som endrar karakter, dei tek på seg ei omsorgsrolle ovanfor kvarandre som dei ikkje er meint til å ha, men blir tvinga til, i manko av nok vaksne til å fylle dette behovet.

Etter eit uttal lesingar fekk eg ei oppleving av at ordet småbarnsavdeling gjekk igjen. Eg gjorde difor eit søk i PDF-dokumentet for å finne talet på treff samanlikna med storbarnsavdeling, og nokre data byrja å gløde. I retrospekt spekulerer eg på kva det er med småbarnsavdelingane som gjer at dei er overrepresentert i kampanjen. Er det fordi dei i større grad treng nære vaksne? Dersom eg reint nomadisk følgjer dette sporet, så er der igjen og igjen skrive om dilemmaet: *Kva gjer eg når eg har x barn åleine og eitt, eller to barn må skiftast på?* Det er ein skvis som går... igjen og igjen. Og dette er ikkje berre omtala i historier frå småbarnsavdeling, dette finn eg og i historier frå storbarnsavdeling, for på storbarnsavdeling er der fleire barn på færre vaksne. Eit døme er om ein på seinvakt er ute med ein gjeng barn, og der brått er eit som må skiftast på, så er det vanskeleg å gå ifrå. Det same gjeld morgonane når barn suksessivt vert levert og ikkje alle er kome på jobb.

Utdanningsforbundet driv i skrivande stund omfattande opplysningsarbeid<sup>85</sup> for at foreldre og andre skal forstå at 3 vaksne på 18 barn, ikkje betyr at det gjeld heile dagen. Personalet går nemleg ulike vakter. Der blir mellom anna brukt eit reknestykke som viser at gjennom ein heil barnehagedag, så er der berre 3 vaksne på 18, eller 3 vaksne på 9 barn under 3 år, om lag 2 timar kvar dag då mykje av tida ein er på jobb går bort til møter, pauseavvikling, avspasering og plantid for barnehagelærarane. Ein barnehagedag er for dei fleste barn i dag mellom 8 og 10 timar. Ein kan gjerne seie at bemanningsnorma skjuler noko. Den fortel berre halve sanninga. Fleire av historiene skildrar denne skvisen med aukande krav og låg bemanning. Parallelt med at barnehagane ynskjer å auke talet på barnehagelærarar opp mot 50 % for å auke kvaliteten, kjenner barnehagelærarane på utfordringane knytt til knapp tid til planlegging og krava i den siste Rammeplanen frå 2017. I samband med arbeidstidforhandlingane i 2018 skreiv eg på vegne av den barnehagepolitiske offensiven i Utdanningsforbundet i Volda ein kronikk i Sunnmørsposten som kan kaste lys over dette (Førde, 2018a).

---

<sup>85</sup> Utdanningsforbundet har sidan 2015 hatt ein barnehagepolitisk offensiv som skal arbeide for å fremje barnehagepolitiske saker.

Det som trer fram i #uforsvarleg er på fleire nivå prega av *dark matter*, eit uttrykk eg har lånt frå Janet MacGaw<sup>86</sup> (McGaw, 2018). Eg vil omsette det med mørk materie. Historiene har eit trist innhald, dei fortel om uverdige forhold for barnehagebarn. Dei fortel om barnehagelærarar som er så stressa at dei kallar inn til foreldresamtalar der dei snakkar om feil barn. Dei fortel om ein haltande institusjon og uansvarlege politikarar, og den mørkaste materien slik eg vel å sjå det, er den usynlege fella der innsendarane repeterer sanningar og framstillingar om sårbare og svake barn. Historiene konstruerer eit syn på barn der mangeltanking står sentralt. Det same gjeld i stor grad framstillingane av profesjonen. Ved første augekast er det ikkje mykje håp og framtidsvon i denne kampanjen. Eit av medlemmene i aksjonsgruppa brukar sjølv omgrepet «*bekymringsmeldingar*<sup>87</sup>» om historiene som kjem inn til #uforsvarleg. Så midt i dette assemblaget av mørk materie, kan det i det heilt komme noko godt ut av dette? Kan denne gjørma brukast til noko, kan den verke *affirmerande*, bli til noko meir? (Otterstad, 2018a, s. 265). Har denne kampanjen og mørke materien i det heile eit potensiale?

I dag er det den 12. mars, og barnehagane landet rundt feirar Barnehagedagen, som kort fortalt er barnehagane sin fødselsdag. Den siste månaden har eg observert ny aktivitet på Barnehageopprøret si Facebookside, og det aksjonsgruppa no er i gang med, vitnar om konstruktive handlingar som kan brukast til noko og bidra til noko meir.

Aksjonsgruppa har plukka ut ytringar som peikar på ulike dilemma i barn sitt møte med barnehagen. I år har Barnehagedagen fått tittelen «Eg lurar på...». Tett knytt opp til temaet har aksjonsgruppa vore kreative og fått fram nokre gode poeng, som eg vil hevde har eit meir sympatisk uttrykk. Dei har til døme i høve Barnehagedagen posta ein illustrasjon med bilete av eit barn som seier:

«Eg lurar på»:

-om nokon har tid til å lese til meg i dag?

-om vi får gå på tur i dag?

-kven som er på jobb i dag?

-om nokon ser at eg er lei meg?

-lurar på om nokon høyrer meg?<sup>88</sup>

<sup>86</sup> MacNaw nyttar dette uttrykket i samanheng med global oppvarming, forureining og klimaendringar; jf. oljesøl.

<sup>87</sup> For eit par månader sidan delte ein av aksjonsgruppa sine medlemmer ein artikkel på sida til Barnehageopprøret på Facebook der ho omtalar historiene som *bekymringsmeldingar*.

<sup>88</sup> Lenke <https://www.facebook.com/events/361263658052287/>



Dette blir deretter delt i ulike følge-grupper for barnehagefolk, og nokon deler det også privat på sin eigen Facebook-profil. Denne litt nyare aktiviteten frå aksjonsgruppa kan vere med på å bidra til noko meir, noko konstruktivt. Der er berre eitt dilemma med Facebook. Undervegs i prosjektet har eg snakka med lekfolk om prosjektet mitt, og det som har slått meg, er kor få det er utanfor barnehagemiljøet som har høyrte om #uforsvarleg aksjonen, det er så å seie berre barnehagefolk som kjenner til den. Det kan vere eit uttrykk for at Facebook fungere som det ein kallar eit *ekkokammer*<sup>89</sup>.

Aksjonen er omfattande, men ein kan også bli lurt av Facebook. Dei som er følgjarar i barnehagegrupper er gjerne barnehagefolk. Her ser ein igjen dette skjulte (absent) som ligg der, men som er vanskeleg å få auge på. Kanskje er det slik at aksjonen sirkulerer «in stuck places». Der har etter kvart kome grupper for foreldre og besteforeldre, og det eit smart trekk. Særleg foreldre, som kanskje den viktigaste pressgruppa for å kunne nå ut til politikarane.

Historiene har også gjennom ytringane skapt ein eigen sjargong -det Foucault kallar diskurs. Dei har ein eigen måte å tale på, si eiga yringsform. Denne yringsforma trer fram som ein klagesong, og det blir berre meir og meir av det, til slutt står det fram som eit brøl og eit enormt raseri frå eit monster utan proporsjonar. Historiene liknar praksisforteljingar, men det som heilt klart skil dei frå praksisforteljingar brukt i barnehagen er sjargongen. Praksisforteljingar er forteljingar frå barnehagekvardagen, men brukt i barnehagen er dette sinne og raseriet, sytinga og klaginga fråverande. Ein kan finne undertonar, men praksisforteljingar brukt i rettleiing er vanlegvis meir spissa inn mot problemløysing, er mi erfaring som praksislærer og rettleiar. Dei handlar gjerne om ein situasjon eller eit konkret case ein treng rettleiing på. Dei har eit anna formål.

I #uforsvarleg aksjonen produserer ein, igjen og igjen, den same klagesongen, det blir meir og meir og meir av den. Det ser ut for, for å sitere Foucault, at ein er *fanga i eit sosialt spel*. Om det så kjem inn 1000 historier, kva vil det hjelpe når det heile tida er meir av det same? Det kan vere at Facebook her er edderkoppa med Donna Haraway sine *non-innocent knottings*; deltakarane i aksjonen blir fanga i sitt eige nett. Inne i nettet, eller i ekkokammeret, kan ein lage mange nye trådar og mønster, men spørsmålet blir korleis kjem ein ut av det, og om ein kan komme ut av det.

Det er lite tvil om dei som har skriva inn til aksjonen har profesjonskunnskap, og i spindelvevet opererer der og ein del maktkonstellasjonar på ulike nivå. Det kan ha *ein effekt*, det gjeld berre å finne ut korleis ein kan få det til å verke affirmerande og ikkje reduserande.

---

<sup>89</sup> I følge Norsk Akademisk Ordbok er eit ekkokammer definert som: «det at informasjon, meninger blir gjentatt og forsterket innen en gruppe, et medium, uten diskusjon med dem som har andre synspunkter».

Innleiingsvis spurde eg om ein «*gjennom #-historiene kan sjå korleis relasjonen eller forholdet mellom makt og kunnskap rører på seg i barnehagen, og i assemblaget rundt denne kroppen utan organ?*

Å sende inn ei historie kan nok for mange kjennes som ei form for makt. Ein har kjennskap eller «inside info» eller førstehandskunnskap til kva som rører seg i institusjonen. Ein har «inside info» om «taushetskulturen». Foucault hevdar at makt kan vere affirmerande, det set i gang noko, - og kanskje i affekt, men Foucault minner meg også om å sjå på kva som skjer med *subjektet* i slike assemblage. Diskursen i ytringane kan ein med Deleuze omtale som *ein mindre litteratur*. Aksjonsgruppa har absolutt fått noko til å skje og historiene har skapt ein sjargong. Dei er skapte i affekt. Då spør eg som Foucault: Kva skjer med subjektet? Eg har alt svara på det fleire gongar. Det massive talet på historier produsert i sinne, gjer at profesjonsutøvarane her står fram som brølande monster som nettopp har blitt vekt opp frå venleikssøvn sin.

Desse monstera skaper også ein del bilete av subjekt i historiene sine. Framstillingane er reduserande, barn og vaksne vert framstilt som hjelpetrengande, og aksjonen er kanskje i seg sjølv eit rop om hjelp. Det er jo ikkje negativt i seg sjølv å be om hjelp. Det som er dilemmaet med produksjonen av eit reduserande bilete på barn og vaksne, er at dette bilete kan smitte over *i den større litteraturen*. Den store litteraturen om barn, og om menneske. Som pedagog likar eg å tenke at eit menneske har potensiale. Å sjå på menneske berre hjelpetrengande blir for snevert. Eit menneske har også andre evner. Eit menneske kan etter mitt syn vere robust og ressurssterkt. Difor opplever eg desse konstellasjonane rundt subjektet som problematiske. Med Deleuze kan ein kanskje seie at *ein kodar subjektet*, ein får eit låst syn på kva eit menneske er, og kva det kan bli. Det finnes ikkje eit snev av potensiale i denne type menneskesyn.

Tante Knut(e) kan vere eit bilete på eit koda eller knebla menneske. Eg synes det er god grunn til å spørje seg om det er slike konstellasjonar om barn vi ynskjer oss i den større litteraturen. Er det slike framstillingar om barn vi til dømes ynskjer oss i faglitteraturen til barnehagelærerutdanningane, og det som eg ser på som like ille: Er det slike framstillingar vi ynskjer oss om profesjonsutøvarar i barnehagane eller barnehagelærarar?

Tante Knut(e) har følgt meg gjennom lesingane. Då eg først starta denne «leiken» var Tante Knut(e) fastlåst og vikla inn i andre kroppar. Det var som om ho heldt noko skjult der inne i mellom alle dei samanvikla kroppane. Etter kvart fekk eg litt hjelp frå dei andre «barna»: Deleuze, Foucault, Haraway, St. Pierre, MacLure og Derrida med fleire til å løyse opp desse knutane. Tante Knut(e) har slik blitt fri, og midt i denne analysen står vi i ringen og held kvarandre i hendene. Og inn mot avslutninga sit ho her på skuldra mi, som ein maskot.

Tante Knut(e) har immanent vore med meg gjennom alle livsfasar og vi er uløyselig samanknytt i tid og rom. Vi opererer i det same assemblaget. I dette «livet» har vi saman erfart «the fold». Deleuze brukar omgrepet *the fold* som ei forstyrring til å kunne tenke annleis, og er det noko eg har erfart i denne prosessen så er det forstyrring. Eg har mange gongar irritert meg over forstyrringane som oppstår når eg skal ha ro til å skrive. Heilt til eg brått oppdaga at det er forstyrringane som skaper framdrift. Det er når eg tek pausar at tankane kan få flyte fritt. Det er når eg blir tvinga til å gjere noko anna at kan sjå kva som er det sentrale og får inspirasjon. Det er når eg vert irritert at der oppstår affekt og driv til framdrift.

Kanskje mistar eg gode samanhengar og trådar når eg ikkje får ro, men ved å aldri la seg forstyrre får ein heller aldri med seg dette *meir*. På mange måtar har eg sjølv bedt om det når eg brukar eksperiment som ein inngang. Lines of flight, og nomadiske fråflyttingar gjer at assemblaga endrar seg, og alt flyttar på seg.

Hickey-Moody seier:

*“Human bodies are constantly re-making themselves through their actions: relations, interest, the context in which they live (...) Aesthetic sensibility are a means through we become who we are and they are how we learn”* (Hickey-Moody, 2013, s. 82).

«Aesthetic sensibility» eller omsett til norsk *estetisk sensibilitet* påverkar kven vi blir og korleis vi lærer, og eg vert slik freista til å gjere som St. Pierre i sitt forskingsprosjekt, der ho oppsummerte prosjektet sitt med å løfte fram *transgressive data*, noko som med Derrida ein kan hevde låg der *absentpresence* under heile forskingsprosessen. Slik vil eg trekke fram *estetisk sensibilitet* som sentralt i dette prosjektet. Eg blir undervegs forstyrra og påverka av ulike impulsar, og det har heile tida vore opp til meg å vere sensibel nok til å plukke dette opp og ta det med vidare. Slik kjenner eg på at forskarposisjonen min er in-the-making, eller med Hickey-Moody «how I become». Eg vert kontinuerleg påverka av affekt og emosjonar langs med i prosessen.

I oppstarten var eg full av tvil med omsyn til korleis eg skulle gå fram og brukte mykje tid på det, det handla mykje om praktiske avklaringar og søken etter å finne løysingar. Korleis skulle eg møte materialet som låg framfor meg. Kva historier skulle eg velje. Fortvilinga eg mange gongar kjende på utløyste kreativitet og eg opplevde at det var akkurat dette som var drivkrafta som fekk både meg og prosessen til å gå framover. Som då eg teikna masterskissa mi på julepapir. Fleire gongar har eg kjent på både *tvil* og *fortvil*, og dette har løyst ut latter mang ein gong. Det er det affektive som set i gang noko, i passasje «from one state to another» (Hickey-Moody, 2013, s. 81).

Når eg med *estetisk sensibilitet* fanga opp impulsar, har eg delvis opplevd å bli til eit *skrivemonster*. Det er mest som eg vert ustoppelig, og det kjennes mange gongar ut som om det bur eit monster inne i meg som skriv, eller at kroppen og hendene mine skriv av seg sjølv utan eg treng å tenke. Eg har mange gongar tenkt at hjernen min er inne i hendene når eg har desse gode skrivestundene.

Eg har også merka meg strukturelle endringar undervegs i prosessen som eg vil relatere til Deleuze *sine koda og opne rom*. I startfasen var det meste ope eg kunne gå dit eg ville, bruke kreativiteten og skape min eigen prosess undervegs, i overgangen til sluttfasen har skriveprosessen vore meir koda. Der er krav ein må oppfylle og teoriar som må vere med for å kunne gje deg som lesar meining. Eg kjenner meg inn mot avslutninga som ei «*academicwritingmachine* (Henderson, Honan & Loch, 2016), plugging into the *universitymachine* and *the publishingmachine*» (Riddle, 2018 s. 5).

Det har heile tida vore opp til meg (forskaren) å skape dette prosjektet, og der er like mange inngangar som der er forskarar. Dette er viktig å vere merksam på som lesar.

Som forskar har eg eit etisk ansvar:

Eg har vore i møte med eit materiale, som er lesingar av forteljingar frå barnehagekvardagen. Eg vil avslutte med å opplyse om at der er mange måtar å møte dette materialet på. Eg har brukt Deleuze som min inngang. Det eg har skrive fram er eit perspektiv med mine sjølvvalde reiskapar, og eg har nytta min eigen kropp som ein temperaturmålar inn mot barnehagefeltet. Brukar ein andre reiskapar og andre» kroppar» vil der gjerne tre fram noko anna som gjer at ein får fram andre sanningar om profesjonskampen, barnehageaksjonen og kampanjen #uforsvarleg. Dette er *eit mindre bidrag*. Tante Knut(e) er fri<sup>90</sup>.

---

<sup>90</sup> Når eg skriv at Tante Knut(e) er fri tyder det at hen er løyst frå dette prosjektet. Leiken Tante Knute vil alltid, i følgje Deleuze vere immanent, eller i midten og vil i teorien kunne halde fram i det uendelege....- eller så lenge barnekulturen er villig til å oppretthalde den.

## THEN, WHAT DOES THE MONSTER SAY<sup>91</sup>?

Eg starta den metodologiske delen av lesingane med ei innleiing av John Irving der eg siterer frå «Enke for ett år» då historiene til #uforsvarleg minner meg om nokon som har prøvd å ikkje lage lyd. Spørsmålet er berre om ein veit kven som har prøvd å lage lyd eller ikkje.

Aksjonsgruppa Barnehageopprøret hevdar at der er ein «taushetskultur» i barnehagesektoren og gjennom denne #kampanjen er det som om heile verda opnar seg. I fleire av assemblaga ser ein konturane av fortvilte profesjonsutøvarar som ropar ut sin største frustrasjon, og vi får gjentekne forteljingar om kaotiske og uforsvarlege tilstandar, på nytt og på nytt og på nytt. Mengda av desse historiene er så massiv at det skaper eit bilete av brølande monster. Men ein må ikkje gløyme av ytringane som skaper dette bilete.

Tilbake til bilete «The Mask», med den store kvalen som heng i lufta der eg fabulerer på monster, kven monsteret kan vere og korleis monster kan vise seg. Profesjonsutøvarane blir gjennom ytringane i #uforsvarleg til godt synlege monster, *presence*. Kva så med det som er *absentpresence*. For er det eigentleg dei barnehagetilsette som er monsteret? Ytringane står fram for oss som eit massivt brøl, men dersom vi lyttar kva er det desse monstera freistar å ytre, så fortel dei ei vise om det enorme gapet mellom krav, forventingar og rammene ein har til disposisjon.

Gjentekne gonger viser glødedata at fleire arbeidsgjevarar ikkje set inn vikar før arbeidsgjevarperiden er over, barnehagar som ser ut til mangle tariffavtalar og som tek ut profitt framfor å prioritere bemanning. Er det då arbeidsgjevar som er monsteret? Velferdsprofitørane? Er det dei som sit på pengesekken, eller er det den kamouflerte politikken og nyliberalismen som skapar dette auka presset i den norske og nordiske barnehagesektoren?

I assemblaga skapt av ytringane, får ein unekteleg eit inntrykk av kor tøft det er å ha barnehagen som sin arbeidsplass, og av kor modig ein må vere for å jobbe i dette spindelvevet med alle sine synleg og usynlege trådar og non-innocent knottings, spunne av farlege monster-edderkoppar eller BwO.

Eg har lese med emosjonelle data, og sjølv om mange av historiene reint affektivt gjev meg ubehag, så er det med stor sorg eg ser på dei bileta ytringane skaper av yrket og arbeidsplassen min. Eg problematiserer forholdet til representasjonar og talet på historier, fordi det ikkje er sikkert mengda gjer at ein får fram noko nytt, og eg stiller spørsmål ved om dei kan brukast til bidra til noko affirmativt.

---

<sup>91</sup> Eit alternativ til superhit'en «What does the fox say» med Ylvisbrødrene

Det kan også vere eit hinder at historiene ser ut til å sortere under det Deleuze kallar ein mindre litteratur, men det er likevel ikkje til å stikke under ein stol at det enorme talet på historier likevel melder om eit enormt behov.

Eg vil avslutte med å sitere *Andrew Pickering*:

*«We act in the world, the world acts on us, to and from, in a dynamic process I call the agency of dance, in which all the partners are unpredictably and emergently transformed. This is how scientist genuinely find out about the world. There is nothing mysterious about this. It is just how things go in science and, indeed, everywhere else» (Pickering, 2017, s. 4).*

\*\*\*

## EPILOG – “THE NORWEGIAN OMELETT”

Når eg så festar dei siste trådane i det nysyddde foldeskjørtet og svingar meg rundt i det, slår det faktum meg at eg kanskje ikkje er ei «academic writing machine», men heller ei slags «academic sewing machine<sup>92</sup>», eller kanskje er eg litt av alt. Når eg ser tilbake på første del skriveprosessen kan eg sjå ei endring i val av omgrep frå å vere veldig knytt til den tradisjonelle representasjonstenkinga til sakte å gli over i Deleuze sine «foldar» og ein prosessontologi. Nokre av foldane i denne prosessen har, som eg skreiv i analysen, handla mykje vekslinga mellom skriving, forstyrringar og pausar.

Ved å tenke forskjellig, og ved å ha det som eit utgangspunkt har det vore mogeleg for meg å bringe med meg spekulasjonar, eksperimentering og ulike reiskapar inn i prosessen. Mange av desse eksperimenteringane har sitt utspring i det estetiske; litteratur, poesi og forteljing m.m., og det vart opp til meg å fange opp impulsane eller «lines of flight», langs med.

Eg har med *min estetiske sensibilitet* for å sitere Hickey-Moody, skapt det eg trur Deleuze ville kalla ein «norwegian omelett». Temaet og materialet mitt ber også prega av å vere ein norsk omelett: Dette er den pinlege forteljinga om verdas rikaste land som sparar seg til fant på bemanning i barnehagesektoren. Det er ein norsk omelett.

Eg finn, etter kvart som prosessen skrid fram, desse monstera som gøymer seg i historiene frå barnehagekvardagen, men her er det mange kroppar utan organ, og dei opererer i ulike assemblage. Kva eller kven som er det eigentlege monsteret er som sagt ikkje like lett å få auge på. Der skjer mykje parallelt når eg freistar å sy dette saman, og eg oppdagar etter kvart konstruksjonar i materialet. Monsteret som er lettast å få auge på er ytringane. At profesjonsutøvarar no har heva røysta, gjer at det som før var rekna som ein del av ein «taushetskultur» (silent), ikkje lenger er like taust. Det har med #uforsvarleg blitt ein del av ein endra diskurs.

### POST SKRIPTUM

Skjørtet mitt er no ferdig sydd og siste tråden festa, men det er langt frå #uforsvarleg kampanjen og Barnehageopprøret som starta den. Den lever vidare med alle sine foldar “folding, unfolding and refolding” med sine kroppar med og utan organ, og i kontinuerleg forvandling i uendelege assemblage.

---

<sup>92</sup> Eigendefinert uttrykk.

## LITTERATURLISTE

- Andersen, C. E. (2015). Affektive data og Deleuzeogguattari-inspirerte analyser: Eksperimentasjoner over "rase" hendelser. I A. M. Otterstad & A. B. Reinertsen (Red.), *Metodefestival og øyeblikksrealisme: Eksperimenterende kvalitative forskningspassasjer* (s. 312-334). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bakhtin, M. M. (1981). The dialogic imagination: Four essays. I M. Holquist (Red.), *Voprosy literatury i éstetiki* (bd. 1). Austin: University of Texas Press.
- Bakhtin, M. M. (1984). *Problems of Dostoevsky's Poetics*. Minneapolis: University of Minnesota Press.
- Bakhtin, M. M. (2005). *Spørsmålet om talegenrane*. Oslo: Pensumtjeneste.
- Barad, K. M. (2007). *Meeting the Universe Halfway: Quantum Physics and the Entanglement of Matter and Meaning*. Durham: Duke University Press.
- Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager (**¶ LOV-2005-06-17-64**). Henta frå <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>
- Birkeland, L. (1998). *Pedagogiske erobringer: Om praksisfortellinger og vurdering i barnehagen*. Oslo: Pedagogisk forum.
- Bjelkerud, A. W., Halmrast, G. S., Sjøby, K. E. & Østerås, B. (2018). Å rive og røske i begrepene - sporinger og avsporinger av fagspråk i barnehagen. I T. Lafton & A. M. Otterstad (Red.), *Barnehagepedagogiske linjeskift* (s. 64-85). Bergen: Fagbokforlaget.
- Borgnon, L. (2007). Conceptions of the Self in Early Childhood: Territorializing Identities. *Educational Philosophy and Theory*, 39(3), 264-274. <https://doi.org/10.1111/j.1469-5812.2007.00321.x>
- Børhaug, K., Brennås, H. B., Fimreite, H., Hoås, Ø., Moen, K., Moser, T., ... Bøe, M. (2018). *Barnehagelærrollen i et profesjonsperspektiv – et kunnskapsgrunnlag*. Bergen: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/f78959abbd54b0497a8716ab2cbbb63/barnehagelærrollen-i-et-profesjonsperspektiv.pdf>
- Deleuze, G. (Red.). (2001). *Pure Immanens: Essays on a life*. New York: Zone Books.
- Deleuze, G. & Guattari, F. (1987). *A thousand plateaus: capitalism and schizophrenia*. Minneapolis: University of Minnesota Press.
- Deleuze, G. & Guattari, F. I. (1994a). *Kafka for en mindre litteratur*. Oslo: Pax.
- Deleuze, G. & Guattari, F. I. (1994b). *What is philosophy?* New York: Columbia University Press.
- Derrida, J. (1994). *Of grammatology*. Delhi: Motilal Banarsidass Publishers.
- Dysthe, O. (2006). Bakhtin og pedagogikken; Kva ein tidlegare ukjend artikkel fortel om Bakhtins pedagogiske praksis. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 90(06), 456-468.



- Farrell, A. (2005). *Ethical research with children*. Maidenhead: Open University Press.
- Foucault, M. (1980). *Power/knowledge: selected interviews and other writings 1972-1977*. Brighton: Harvester Press.
- Foucault, M. (1999). *Diskursens orden. Tiltredelsesforelesning holdt ved Collège de France 2. desember 1970*. Oslo: Spartacus.
- Fox, N. J. (2011). The ill-health assemblage: Beyond the body-with-organs. *Health Sociology Review*, 20(4), 359-371. <https://doi.org/10.5172/hesr.2011.20.4.359>
- Førde, E. (2018, 5. mars). Kor mykje SKAL ein barnehagelærer tole? *Sunnmørsposten*. Henta frå <https://www.smp.no/meningar/kronikk/2018/03/05/Kor-mykje-SKAL-ein-barnehagel%C3%A6rar-tole-16217183.ece>
- Førde, E. (2018, 12. april). Mjuke verdiar fins ikkje berre hjå kvinner. *Utdanningsnytt*. Henta frå <https://www.utdanningsnytt.no/forste-steg/debatt/2018/april/mjuke-verdiar-finst-ikkje-berre-hja-kvinner/>
- Greve, A., Jansen, T. T. & Solheim, M. (2014). *Kritisk og begeistret: Barnehagelærernes fagpolitiske historie*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gunnarsson, L. (2018). "Excuse Me, But Are You Raping Me Now?" Discourse and Experience in (the Grey Areas of) Sexual Violence. *NORA - Nordic Journal of Feminist and Gender Research*, 26(1), 4-18. <https://doi.org/10.1080/08038740.2017.1395359>
- Haraway, D. J. (1992). The Promises of Monsters: A Regenerative Politics for Inappropriate/d Others. I Grossberg I.L., C. Nelson & P. Treichler (Red.), *Cultural Studies*. (s. 295-337). London: Routledge.
- Haraway, D. J. (2016). *Staying with the trouble: Making kin in the Chthulucene*. Durham: Duke University Press.
- Hickey-Moody, A. (2013). Affect as Method: Affective Pedagogy. I R. Coleman & J. Ringrose (Red.), *Deleuze and research methodologies* (s. 79-96). Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Hohti, R. (2016). *Classroom matters: Research with children as entanglement* (Doktoravhandling. Universitetet i Helsinki). Henta frå <http://hdl.handle.net/10138/161118>
- Holten, I. S. (2011). Språklig mangfold og normalitet. I J. Rhedding-Jones & A. M. Otterstad (Red.), *Barnehagepedagogiske diskurser* (s. 187-199). Oslo: Universitetsforlaget.
- Irving, J. (1998). *Enke for et år*. Oslo: Gyldendal.
- Jackson, A. Y. & Mazzei, L. A. (2012). *Thinking with theory in qualitative research: Viewing data across multiple perspectives*. London: Routledge.
- Lafton, T. (2018). Etisk kunnskaping -fabulering som verktøy i barnehagelærerens utforsking av handlingsmuligheter. I T. Lafton & A. M. Otterstad (Red.), *Barnehagepedagogiske linjeskift* (s. 84-105). Bergen: Fagbokforlaget.

- Lather, P. (2007). *Getting lost: Feminist efforts toward a double(d) science*. Albany: State University of New York Press.
- Lather, P. (2016). Top Ten+ List: (Re)Thinking Ontology in (Post)Qualitative Research. *Cultural Studies ↔ Critical Methodologies*, 16(2), 125-131. <https://doi.org/10.1177/15327086166634734>
- Lather, P. & St. Pierre, E. (2013). Introduction. Post-qualitative research. *International Journal of Qualitative Studies in Education*, 26(6), 629-633. <https://doi.org/10.1080/09518398.2013.788752>
- Maclure, M. (2013a). Researching without representation? Language and materiality in post-qualitative methodology. *International Journal of Qualitative Studies in Education*, 26(6), 658-667. <https://doi.org/10.1080/09518398.2013.788755>
- MacLure, M. (2013b). The Wonder of Data. *Cultural Studies ↔ Critical Methodologies*, 13(4), 228-232. <https://doi.org/10.1177/1532708613487863>
- Maclure, M., Holmes, R., Jones, L. & Macrae, C. (2010). Silence as Resistance to Analysis: Or, on Not Opening One's Mouth Properly. *Qualitative Inquiry*, 16(6), 492-500. <https://doi.org/10.1177/1077800410364349>
- Manning, E. (2009). *Relationescapes: Movement, art, philosophy*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Mazzei, L. A. (2013). A voice without organs: Interviewing in posthumanist research. *International Journal of Qualitative Studies in Education*, 26(6), 732-740. <https://doi.org/10.1080/09518398.2013.788761>
- McGaw, J. (2018). Dark Matter. *Architectural Theory Review*, 22, 120-139. <https://doi.org/10.1080/13264826.2018.1413406>
- Myrvold, H. B. & Myhre, C. O. (2018). Pedagogikken(e)s sammenfiltringer i stillheter og ubehag. I T. Lafton & A. M. Otterstad (Red.), *Barnehagepedagogiske linjeskift* (s. 134-151). Bergen: Fagbokforlaget.
- NESH. (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo: Forskningsetiske komiteer.
- Nordstrom, S. N., Nordstrom, A. & Nordstrom, C. (2018). Guilty of Loving You: A Multispecies Narrative. <https://doi.org/https://doi-org.ezproxy.hioa.no/10.1177%2F1077800418784321>
- Olsson, L. M. (2009). *Movement and experimentation in young children's learning: Deleuze and Guattari in early childhood education*. London: Routledge.
- Otterstad, A. M. (2015). Tvil, ubehag og gjenstridige forskningsmaterialer. I A. M. Otterstad & A. B. Reinertsen (Red.), *Metodefestival og øyeblikksrealisme: Eksperimenterende kvalitative forskningspassasjer* (s. 25-44). Bergen: Fagbokforlaget.
- Otterstad, A. M. (2018a). Kritiske perspektiver og barnehagepedagogikk(er). I T. Lafton & A. M. Otterstad (Red.), *Barnehagepedagogiske linjeskift* (s. 246-273). Bergen: Fagbokforlaget.

- Otterstad, A. M. (2018b). *Å stå i trøbbelet: Kartograferinger av barnehageforskningens metodologier. Postkvalitative passasjer og (ny)empiriske brytninger* (Doktoravhandling. Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/65587/PhD-Otterstad--2018.pdf?sequence=4&isAllowed=y>
- Otterstad, A. M. & Nordbrønd, B. (2015). Posthumanisme/nymaterialisme og nomadisme - affektive brytninger av barnehagens observasjonspraksiser. *Nordic early childhood education research journal*, 11, 1-17. <https://doi.org/10.7577/nbf.1214>
- Otterstad, A. M. & Reinertsen, A. B. (2015). *Metodefestival og øyeblikksrealisme: Eksperimenterende kvalitative forskningspassasjer*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Pedwell, C. & Whitehead, A. (2012). Affecting feminism: Questions of feeling in feminist theory. *Feminist Theory*, 13(2), 115-129. <https://doi.org/10.1177/1464700112442635>
- Pettersvold, M. & Østrem, S. (2018). *Profesjonell uro: Barnehagelæreres ansvar, integritet og motstand*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Pickering, A. (2017). The ontological turn: Taking different worlds seriously. *Social Analysis*, 61(2), 134. <https://doi.org/10.3167/sa.2017.610209>
- Rhedding-Jones, J. (2005). *What is research?: Methodological practices and new approaches*. Oslo: Universitetsforlaget
- Rhedding-Jones, J. (2007). Who chooses what research methodology? I J. A. Hatch (Red.), *Early childhood qualitative research* (s. 207-222). New York: Routledge.
- Richardson, L. & St. Pierre, E. (2005). Writing: A method of inquiry. I N. K. Denzin & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE Handbook of Qualitative Research* (3. utg., s. 959-978). Thousand Oaks, London and New Dehli: Sage Publication.
- Riddle, S. B. D. H. E. (2018). Writing with Deleuze in the Academy. Creating monsters. I S. Bright, D. Honan & E. Riddle (Red.), *Writing with Deleuze in the Academy. Creating monsters* (s. 1-212). Singapore: Springer Nature Singapore
- Rossholt, N. (2015). Å tenke med Deluze og Guattari: Hva kan en posthuman kropp bli og gjøre i barnehagen? I A. M. Otterstad & A. B. Reinertsen (Red.), *Metodefestival og øyeblikksrealisme: Eksperimenterende kvalitative forskningspassasjer* (s. 214-226). Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandvik, N. (2013). *Medvirkning og handlingskraft i småbarnspedagogiske praksiser. Horisontalt fremforhandlet innflytelse*. (Doktoravhandling NTNU).
- Spindler, F. (2013). *Deleuze: Tänkande och blivande*. Göteborg: Glänta Produktion.
- Springgay, S. & Truman, S. E. (2018). On the Need for Methods Beyond Proceduralism: Speculative Middles, (In)Tensions, and Response-Ability in Research. *Qualitative Inquiry*, 24(3), 203-214. <https://doi.org/10.1177/1077800417704464>

- St. Pierre, E. A. (1997a). Circling the Text: Nomadic Writing Practices. *Qualitative Inquiry*, 3(4), 403-417. <https://doi.org/10.1177/107780049700300403>
- St. Pierre, E. A. (1997b). Methodology in the fold and the irruption of transgressive data. *International Journal of Qualitative Studies in Education*, 10(2), 175-189. <https://doi.org/10.1080/095183997237278>
- St. Pierre, E. A. (1997c). Nomadic inquiry in the smooth spaces of the field: A preface. *International Journal of Qualitative Studies in Education*, 10(3), 365-383. <https://doi.org/10.1080/095183997237179>
- St. Pierre, E. A. (2019). Post Qualitative Inquiry in an Ontology of Immanence. *Qualitative Inquiry*, 25(1), 3-16. <https://doi.org/10.1177/1077800418772634>
- Steinnes, J. (2011). For en mindre danning: Med Deleuze og Guattari på søk etter danningsbegrepets vibrasjonssentrum. I K. Steinsholt & D. Stephen (Red.), *Dannelse: Introduksjon til et ullent pedagogisk landskap* (s. 193-210). Trondheim: Tapir Akademiske forlag.